
Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland







2001-2004



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Bergen, juni 2001

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland 2001 - 2004
vart vedteken av Fylkestinget i Hordaland
13. mars 2001.

Foto: Stein Byrkjeland - Inge Døskeland - Siri Hanson
ISBN 82-91679-35-5
Trykk: John Grieg A/S

FØREORD

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland vart vedteken av Fylkestinget 13. mars 2001. Arbeidet med planen starta i september 1997. Planutkastet har vore ute på høyring i perioden 30. august til 10. november 2000. Arbeidsgruppa som har utarbeidd planen vert oppretthalden for å styrke oppfølginga av planen.

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland er ein førstegenerasjon plan. Planen tek difor opp eit bredt spekter av interesser.

Planen skal fungere som ei rettesnor for kommunane om fylkeskommunen sin politikk, og den skal gje føringar og rammer for den lokale forvaltinga av areal og ressursar i kystsona.

Planen er blitt til gjennom omfattande medverknad, med spesiell vekt på kommunane og dei regionale statsetatane. Planen har sektorovergripande hovudmålsettingar, mål, retningsliner og tiltak for dei viktigaste arealkrevjande interessene på sjø og i landområde nær sjøen.


Arbeidet med planen har skapt eit godt grunnlag for vidareføring. Møteplassen som har vore oppretta gjennom planarbeidet har auka innsikt og forståing av konfliktspørsmål på tvers av sektorar. Mål og retningsliner vil bli innarbeidd i forvaltinga av einskildsaker og planar. Tiltaksdelen vil verte vidare utdjupa og konkretisert i planperioden. Dei viktigaste tema for oppfølging er: havbruksanalyse for detaljerte undersøkingar med mål å identifisere eigna sjøareal for eventuell ekspansjon innan havbruksnæringa (laks, skjel og marine artar), og oppfølging og dokumentasjon om bygging i strandsona. Fleire av tiltaka skal utførast i samband med allereie pålagde oppgåver og i samarbeid med andre regionale sektormynde som Kystverket, Fylkesveterinær, Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet.

Vi vil nytte høvet til å takke alle som har teke del i prosessen med engasjement og konstruktive innspel, og dermed har medverka til eit godt resultat.



Gisle Handeland
Fylkesordførar

INNHALD


Fylkesdelplan for
kystsona i Hordaland
2001-2004
HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

FØREORD **3**
1 INNLEIING **7**
DEL 1
2 BAKGRUNN, ORGANISERING OG FØREMÅL **9**
2.1 Definisjon av kystsona 9
2.2 Om planarbeidet 9
2.3 Føremålet med planarbeidet 10
3 FØRESETNADER FOR KYSTSONEPLANLEGGING **12**
3.1 Plan- og bygningslova 12
3.2 Kommuneplanar / kommunedelplanar 13
3.3 Detaljplanar 14
3.4 Motsegn og dispensasjon 15
3.5 Viktige særlover 16
4 SENTRALE INTERESSER I KYSTSONA **21**
4.1 Utfordringar og interessemotsetnader 21
4.2 Strandsoneforvaltning 22
4.3 Biologisk mangfald 28
4.4 Landskap og kulturminne 36
4.5 Friluftsliv 43
4.6 Fiskeri 48
4.7 Havbruk 51
4.8 Samferdsel 59
4.9 Forsvaret 65
4.10 Skjelsandressursar 69
5 PLANPROSESSEN I KOMMUNANE **72**
5.1 Krav til planprosess i plan- og bygningslova 72
5.2 Føremål og arbeidsprogram 72
5.3 Organisering av planprosessen 72
DEL 2
6 INNLEIING **75**
7 OVERORDNA MÅL, RETNINGSLINER OG TILTAK **75**
8 MÅL, RETNINGSLINER OG TILTAK FOR SENTRALE INTERESSER I KYSTSONA **76**
8.1 Havbruk 76
8.2 Fiskeri 77
8.3 Skjelsandressursar 77
8.4 Samferdsel 78
8.5 Forsvaret 79
8.6 Biologisk mangfald 79
8.7 Landskap og kulturminne 80
8.8 Friluftsliv 81
9 MÅL, RETNINGSLINER OG TILTAK FOR STRANDSONEFORVALTINGA **82**
10 SAMLA OVERSIKT OVER TILTAK **84**
Del 3
VEDLEGG 1. KARTDATA 88
VEDLEGG 2. RELEVANT LITTERATUR 94
VEDLEGG 3. HANDSAMING AV SØKNAD OM OPPDRETTSLØYVE 96
VEDLEGG 4. HANDSAMING AV SØKNADER OM KONSESJON FOR OPPTAK AV SKJELSAND 97





1 INNLEIING

Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland er samansett av følgjande dokument:

DEL I. BAKGRUNN OG INFORMASJON

inneheld viktig bakgrunnsinformasjon for samordna planlegging i kystsona og rettleiing om korleis kommunane kan setje i gang og organisere planprosessen på lokalt nivå. Her finst det nyttige opplysningar om lovgrunnlag og juridiske verkemiddel som kan nyttast i planlegginga, og oversyn over sentrale informasjonskjelder.

Dei viktigaste interessene i kystsona vert omtala ut frå situasjonen i dag, mogelege trendar og dei utfordringane som ventar i tida framover når det gjeld tilrettelegging for næringsinteresser, utvikling av berekraftig ressursbruk og vern av miljø og kystkultur.

Hovuddelen utgjer såleis eit grunnlagsdokument for dei politiske vedtaka som er konkretiserte og nedfelte i plandelen i form av mål, retningsliner og tiltak. Samstundes er hovuddelen meint å vere ei praktisk og oversiktleg informasjonskjelde og ein reiskap i planlegginga.

DEL II. PLANDELEN

inneheld mål , retningsliner og tiltak for areal- og ressursforvaltninga i kystsona. Alle forvaltningsnivå og involverte etatar har eit felles ansvar for å nå måla. På bakgrunn av måla er det formulert konkrete retningsliner som skal leggjast til grunn for planlegginga og sakshandsaminga i kommunane. I denne delen har kvar sektor eit eige kapittel med eit sett med retningsliner. I tillegg er mål og retningsliner for strandsoneforvaltninga presenterte i eit kapittel for seg. Det er likevel viktig å merkje seg at mål og retningsliner som er tekne med under ein særskild sektor, også kan ha verknader for andre sektorar. Vi vil difor presisere at ein må sjå heile plandelen i samanheng.

I retningslinene har vi konsekvent nytta ordet ”skal” når det gjeld gjennomføring og iverksetjing, sjølv om det ikkje i alle høve finst heimel i lovverket for denne ordbruken. Eit politisk planvedtak gjev likevel ei sterk føring for gjennomføring og iverksetjing av retningslinene.

I handlingsplanen er det utforma konkrete tiltak på fylkesnivå, både overordna tiltak og tiltak som er knytte til kvart einskilt interesseområde og strandsona. Tiltaka siktar mellom anna mot å skaffe betre dokumentasjon om ressursar og miljøtilstand i kystområda, formidle informasjon og stimulere til auka samarbeid mellom dei ulike interessene. Fylkeskommunen og sektoretatane har eit særleg ansvar når det gjeld oppfølging og iverksetjing av tiltaka.

DEL III. VEDLEGG

Dette kapittelet inneheld mellom anna informasjon om geografiske temadata, sakshandamingsrutinar og relevant litteratur.

Del 1



BAKGRUNN OG INFORMASJON



2 BAKGRUNN, ORGANISERING OG FØREMÅL

2.1 Definisjon av kystsona

I denne planen har vi lagt til grunn ein vid definisjon av kystsona:

"Dei sjø- og landområda der det er viktig å sjå planlegginga på sjø og land i samanheng".

Kystsoneplanlegging er inga ny planleggingsform, men inneber at vi innarbeider nye omsyn til den auka bruken av sjøområda i den oversiktsplanlegginga som kommunar og fylkeskommunar skal gjennomføre i medhald av planleggingslova.



Med sikte på ei praktisk og operasjonell planavgrensing mot landsida i kommunedelplanar for kystsona er det naturleg å leggje til grunn både bruks-tilhøve og fysiske grenseliner, til dømes vegar og/eller topografi. Det grunn-leggjande prinsippet for planavgrensinga er å leggje til rette for best mogeleg samordna planlegging på land og sjø.

Kystsoneplanlegging skal vere ein integrert del av den heilskaplege plan-legginga som kommunar og fylkeskommunar har hovudansvaret for etter plan- og bygningslova, og femner om fylkesplan, kommuneplan og reguleringsplan.

Etter at verkeområdet for plan- og bygningslova i 1989 vart utvida til å omfatte sjøarealet ut til grunnlina, har denne planleggingstypen fått meir å seie både formelt og reelt. Men kommunane har inga plikt til å planleggje i sjøområda.

2.2 Om planarbeidet

Fylkesdelplan for kystsona er forankra i Fylkesplan for Hordaland 1996-99, vedteken i april 1996. Elles søkte Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland alt i 1995 om at Hordaland skulle verta eit prøvefylke innan kystsoneplanlegging.

Komité for miljø og samferdsel har vore politisk styringsgruppe. Magnar Hakestad (Ap) og Torill Vebenstad (Ap) har vore saksordførarar.

Arbeidsgruppa har vore samansett slik:

- Hordaland fylkeskommune, plan- og miljøseksjonen
- Fiskeridirektoratet Region Hordaland
- Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga
- Kystverket 2. distrikt
- Forsvaret
- Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane

Den administrative styringsgruppa har hatt denne samansetnaden:
- Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga
- Fiskeridirektoratet Region Hordaland, regiondirektøren
- Hordaland fylkeskommune, plan- og miljøsjefen.

Prosjektleiar har vore Inge Døskeland, Hordaland fylkeskommune.

Andre viktige aktørar har vore kommunane, fylkesgeologen, skjelprosjektet, fiskarlaget, Vestnorsk Havbrukslag, Havforskingsinstituttet, Universitet i Bergen, høgskulane i Bergen og Naturvernforbundet.

Planarbeidet har omfatta
- 5 temasamlingar med fagmiljø og kommunane
- 24 arbeidsgruppemøte
- 6 møte i administrativ styringsgruppe (saman med saksordføraren)
- 4 nettverkssamlingar i nasjonalt prosjekt i regi av Miljøvern departementet

Komité for miljø og samferdsel har vore orientert om framdrifta og hovudpunkta i planarbeidet.

Det kom inn 35 fråsegner frå kommunar, regionale etatar og organisasjonar i høyringa. Viktige innspel er tekne med i det endelege plandokumentet.

2.3 Føremålet med planarbeidet

Planarbeidet har hatt desse hovudmåla:
- Å avklare og balansere bruk og vern av areal og ressursar i kystsona. Næringsutvikling skal skje på ein berekraftig måte og med best mogeleg utnytting av eksisterande investeringar i infrastruktur og minimalisering av transportarbeidet.
- Å utvikle betre rutinar for samarbeid og samordning, med basis i fylkeskystsoneplanen.

Delmål for planarbeidet har vore
- å utforme ei meir konkret avklaring av areal- og ressursbruk når det gjeld interesser som går ut over grensene for ein kommune.
- å avklare tilhøvet mellom næringsverksemd relatert til kysten og vernespørsmål, men også andre forvaltnings- og lokaliseringsspørsmål
- å utvikle fylkesplanlegginga som reiskap for samarbeid og samordning av offentlege og private tiltak i kystsona for ulike føremål
- å utvikle betre og meir effektive rutinar for kontakt og samråd i einskildsaker mellom fylkeskommunen, Fylkesmannen og andre statlege etatar, og mellom desse og kommunane
- å utvikle lokal og regional kompetanse innan planlegging og forvaltning av kystsona.

Fylkesdelplan for kystsona inneheld informasjon om rettslege verkemiddel, organisering og gjennomføring av lokale planprosessar og sentrale utfordringar innan



dei enkelte interesseområda/sektorane. Han er såleis meint å gje nyttig rettleiing til kommunar, sektoretatar og andre som har ansvar for forvaltninga av kystsona.

Fylkesdelplan for kystsona er felles for dei offentlege styresmaktene på fylkesnivå, ikkje berre ein plan for fylkeskommunal verksemd. Dette krev samordning mellom mange ulike aktørar. Som politisk plan skal han ha brei legitimitet, og det skal vere semje om felles mål.

Planen skal fungere som ei rettesnor for kommunane om kva politikk fylkeskommunen står for, og han skal gje føringar og rammer for den lokale forvaltninga av areal og ressursar i kystsona.

3 FØRESETNADER FOR KYSTSONEPLANLEGGING

Planlegging i sjø

Vi har lang erfaring med planlegging på land, og planleggingsmetodane er utvikla på dette grunnlaget. Planlegging i sjøområda er enno noko relativt nytt som er under utvikling. Det er viktig å byggje på kunnskap og erfaringar frå kommunar som har kome lenger i planprosessen.

Store delar av sjøområda kan karakteriserast som fleirbruksområde og vilkåra for å kombinere ulik bruk er betre enn på land. I sjøen er det bokstavleg tala "flytande" grenser, og tiltak éin stad kan gje konfliktar i form av påverknader og avgrensingar andre stader, på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Det kan vere ulik verksemd på overflata, i vassvolumet og på botnen og til ulik tid. Planlegginga kan dermed få eit "tredimensjonalt" perspektiv. I tillegg er det viktig å ta omsyn til område som utgjer økologiske einingar med eit samspel mellom dei ulike elementa i systemet.



Dette set nye krav og byd på andre utfordringar enn dei som møter oss i den tradisjonelle arealplanlegginga på land.

Ulikt stoda på land er store delar av sjøområda ikkje underlagde privat eigedomsrett. Dette gjer at planlegginga berre unntaksvis treng avklare grunneigarspørsmål. Likevel er det mange interesser som har tradisjonell bruksrett til sjøområda, og som planlegginga må ta omsyn til.

Dei som har eigedom ned til sjøen, har tilflottsrett med båt frå sjøsida. Det må ikkje planleggjast tiltak og installasjonar som kan vere til hinder for tilflott til ein eigedom utan samtykke frå grunneigaren.

I sjø har plan- og bygningslova som hovudregel berre direkte rettsverknad overfor byggje- og anleggsverksemd. Det vil seie at det offentlege har avgrensa styring med "ambulerande" verksemder som ikkje set fysiske spor etter seg.

3.1 Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova (PBL) er det sentrale verkemiddelet for samordna og heilskapleg planlegging i kystsona. Lova inneheld reglar for samordning av ulike arealbehov og for fastsetjing av arealdisponeringa. Lova gjeld på land og i sjø ut til grunnlina. Grunnlina er lina mellom dei ytste skjera kysten rundt som basisline for fastsetjing av territorialgrensa og den økonomiska sona.

Dei viktigaste særlovene er kort omtala i avsnitt 3.7 og under presentasjonen av dei enkelte interessene i kapittel 4. Det er viktig å vere klar over at sektor- eller særlover verkar saman med og ved sida av plan- og bygningslova.



På kommunenivå er desse plantypane aktuelle i høve til samordna planlegging i kystsona:

- kommuneplan/kommunedelplan
- reguleringsplan
- utbyggingsplan

Føresegnene i plan- og bygningslova kapittel VI og VII gjeld også for planlegging i sjø. Arealdelen i ein kystsoneplan har rettsleg forankring i dei reglane som gjeld for arealdelen i kommuneplanen. Kommuneplan/kommunedelplan, reguleringsplan og utbyggingsplan kan omfatte område både på land og i sjø. Eventuelle reguleringsplanar eller utbyggingsplanar høver der det trengst detaljert planlegging eller avklaring av sektorinteresser.

3.2 Kommuneplan/kommunedelplan

Kommuneplan/kommunedelplan vil i dei fleste høve vere den mest tenlege reiskapen for samordna og heilskapleg planlegging av ressurs- og arealbruken i kystsona på kommunenivå. For den konkrete planlegginga langs kysten er det først og fremst rettsverknadene av kommuneplanlegginga som resultat av ein brei lokalpolitisk prosess som gjev planforma tyngd og legitimitet som eit konfliktdempande og styrande hjelpemiddel i forvaltninga av areal og ressursar.

Miljøverndepartementet og Fiskeridepartementet har saman gjeve ut rundskrivet Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystsonen (T-4/96), som tek opp juridiske spørsmål som reiser seg i skjeringspunktet mellom kommunal planlegging etter plan- og bygningslova og forvaltning og verksemd forankra i sektorlover. Dette rundskrivet er eit sentralt hjelpemiddel for kommunar som skal gjennomføre planlegging i kystsona.

Kommune(del)plan vil som regel femne om eit plankart, tilhøyrande reglar og føresegner/ retningsliner. Kartdelen og dei tilhøyrande føresegnene er juridisk bindande og styrande for dei som skal disponere areala i kommunen i tråd med den vedtekne planen. Alle reglar for utforming av kommune(del)planer finst i kapittel VI i plan- og bygningslova. § 20-4 i lova fastset kva arealkategoriar og føresegner som kan nyttast med juridisk bindande verknad. I tillegg er det høve til å ta med retningsliner som ikkje er juridisk bindande.

I arealdelen av kommuneplanen, og følgjeleg i arealdelen av kystsoneplanen, kan område klassifiserast i seks ulike kategoriar:

1 byggjeområde
2 landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF)
3 område for råstoffutvinning
4 andre område som er bandlagde eller skal bandleggjast for nærare avgrensa føremål i medhald av plan- og bygningslova eller andre lover, og område for Forsvaret
5 område for særskild bruk eller vern av sjø og vassdrag, medrekna ferdsel, fiske, akvakultur, natur- og friluftsområde kvar for seg eller i kombinasjon med ein eller fleire av dei nemnde brukskategoriane
6 viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

Kategori 5 er spesiell på fleire måtar. For det første kan han berre nyttast i sjø og vassdrag. For det andre legg han opp til at fleire føremål kan kombinerast. For det tredje er han ikkje uttømmande (andre føremål enn dei som er opplista i lova, kan òg nyttast). Temaet er særskilt handsama i "Veileder, kommuneplanens arealdel" (T-1225) frå Miljøverndepartementet.

Dei andre føremåla kan ikkje kombinerast. Arealdelen kan med andre ord berre merkje av eitt av dei fem andre arealbruksføremåla innanfor same området. Alle desse kan nyttast både i sjøen og på land. Ein plan kan ikkje innehalde andre juridisk bindande føresegner enn dei som står i plan- og bygningslova (§20-4 andre avsnitt). Høvet til å gje føresegner er klart definert i plan- og bygningslova § 20-4 andre avsnitt. Eit systematisk oversyn over dette finst i den nemnde rettleiinga T-1225 frå Miljøverndepartementet. Det går klart fram kva føresegner som kan nyttast i samband med kvar einskild brukskategori. Om ein kommune går ut over dei rammene som er gjevne der, vil det vere det departementet omtalar som "veiledende retningslinjer". Retningsliner kan ikkje vere grunnlag for vedtak etter planen. Dei gjev likevel føringar for praktiseringa av planen. Desse kjem i tillegg til dei rettsleg bindande kartfesta brukskategoriane og dei tilhøyrande føresegnene.

Å gje ikkje juridisk bindande retningsliner for sjøareal er særleg aktuelt i samband med område som er avsette til akvakultur. Etter plan- og bygningslova kan ein ikkje "underspesifisere" akvakultur føremålet. I enkelte område har kommunar ønskt å reservere seg mot visse typar akvakultur, t.d. lakseoppdrett. Dette kan vere i strid med interessene til fiskeriforvaltninga og andre sektorstyresmakter. I slike høve kan det i retningsliner gå fram at det er semje om at eit bestemt område ikkje er eigna for lakseoppdrett. Om nokon av partane skifter meining, skal dette takast opp særskilt, til dømes ved at det vert utarbeidd reguleringsplan. Litt upresist kan vi seie at retningslinene i slike tilfelle er uttrykk for ein inngått avtale mellom sektorstyrsemakter og den kommunen det gjeld.

3.3 Detaljplanar

Reguleringsplan i sjø er særleg aktuelt når ein ønskjer planar som er meir detaljerte enn det som er mogeleg i arealdelen av ein kommuneplan/kystsoneplan. Det kan til dømes vere tale om å nytte brukskategoriar som ikkje kan takast med i ein meir overordna plan, eller at ein ønskjer føresegner som er meir detaljerte eller vedkjem andre tilhøve enn dei som kjem inn under § 20-4 i plan- og bygningslova. Ein reguleringsplan kan til dømes vere særleg aktuell der eit akvakulturanlegg i sjøen har samanheng med eit anlegg på land. Reguleringsplan kan og veljast om ein ønskjer å regulere havet lagvis, det vil seie botnen, vatnet og overflata for seg. Eit døme på det kan vere at botnen vert regulert til akvakultur og overflata til ferdsel. Dette kan vere aktuelt når akvakultur ikkje inneber installasjonar på overflata, og ein ønskjer å sikre retten til ferdsel særskilt.

Ein utbyggingsplan representerer ei endå sterkare detaljregulering enn ein reguleringsplan. Planen må vere heimla i kommuneplanen eller ein reguleringsplan og vere innanfor dei rammene som arealdelen i kommuneplanen/ kystsoneplanen eller reguleringsplanen set for området. Regelverket for planar for byggjeområde er omtala i rettleiinga T-1226 frå Miljøverndepartementet: Reguleringsplan - Bebyggelsesplan.



3.4 Motsegn og dispensasjon

Kommunen er planleggingsstyresmakt og avgjer i utgangspunktet korleis ressursar og areal skal disponerast. Det er opp til kommunen å vedta arealplanar, så lenge dette skjer innanfor dei rammene og retningslinene som er gjevne på nasjonalt og regionalt nivå.

Fylkeskommunen og statlege fagetatar skal formidle nasjonale og regionale mål og retningsliner til kommunane. Dette skjer hovudsakleg ved tidleg deltaking i planprosessar og ved merknader til planforslag i høyringsrunden. Det er også høve til å reise motsegn.

I dei tilfelle det er reist motsegn, skal saka til mekling hos Fylkesmannen. Ei uløyst motsegn har den verknaden at kommunen misser retten å gjere eit endeleg planvedtak. Avgjerdsretten vert overført til Miljøverndepartementet, om ikkje kommunen og den etaten som har reist motsegna, vert samde gjennom mekling eller på andre måtar. Om det vert oppnådd semje, har kommunen atter rett til å eigengodkjenne den aktuelle plan.

Rundskriv T-5/95 frå Miljøverndepartementet inneheld retningsliner for bruk av motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova. Saksgangen er inngåande omtala. Rundskrivet har òg eit vedlegg der det går fram kva regionale etatar som kan reise motsegn, og på kva grunnlag det kan gjerast. Det kan reisast motsegn både mot sakshandsaminga av planen, arealføremålet og dei tilhøyrande føresegnene. I alt noko over 20 etatar har denne retten. Alle har definerte område dei skal ta hand om. Ein etat kan berre reise motsegn innanfor sitt eige fagområde.

Når det gjeld dispensasjon frå plan, gjeld dei same reglane i sjø og på land (plan- og bygningslova § 7). Ein dispensasjon er eit unntak. Det kan dispenserast frå alle plantypar og frå føresegner og vedtekter etter plan- og bygningslova. Avvik frå tilhøyrande føresegner til ein plan krev òg dispensasjon. Tilhøyrande føresegner fastset i tekst tilhøve som det ikkje er mogeleg eller føremålstenleg å framstille i kartdelen. Det er ein grunnleggjande føresetnad at det ikkje skal vere enkelt å vike av frå ein plan gjennom dispensasjon. Dette er særleg viktig i dei nære sjøområda, der det ofte er brukskonfliktar. Om det skal gjerast avvik frå vesentlege planføresetnader, må dette skje gjennom endring av den aktuelle planen. Dispensasjonar må ikkje brukast i slike høve.

3.5 Viktige særlover

Det finst ei rekkje særlover som grip inn i kystsoneplanlegginga, og som verkar saman med plan- og bygningslova. Dei viktigaste lovene er kort omtala i det følgjande.

Lova om hamner og farvatn
har som føremål å leggje tilhøva til rette for planlegging, utbygging og drift av hamner og å tryggje ferdsla.

Naturvernlova
inneheld mellom anna heimel for å gjere vedtak om verneområde. Naturvernlova kan nyttast utanfor grunnlina i sjø og har såleis eit vidare verkeområde enn plan- og bygningslova. Lova vert forvalta av miljøvernstyresmaktene. Kva verknad lova har i sjø er omtala i eit brev av 5. august 1994 frå Justisdepartementet til Miljøvern-departementet. Her står det mellom anna: «Vi er etter dette tilbøyelig til å mene at naturvernlova generelt også gjelder sjøområder, herunder vannmassene, havbunnen, samt plante- og dyrelivet der.» Vi går difor ut frå at dette spørsmålet er avklart så langt.

I § 18 i naturvernlova er det gjeve føresegner om korleis statlege verneplanar skal handsamast. Rundskriv T4-90 frå Miljøverndepartementet omhandlar korleis føresegnene i § 18 skal forvaltast. Kommunane og fylkeskommunen skal etter desse føresegnene informerast på det førebuande stadiet av planprosessen, og det skal vere høve til å uttale seg om verneforslaget når det vert lagt ut til offentleg ettersyn. Sakshandsaminga skal følgje dei same reglar som for plansaker etter plan- og bygningslova (etter lovendring i 1989).

Kulturminnelova
omfattar alle norske og samiske kulturminne. Automatisk freda kulturminne er norske minne som er eldre enn 1537, og samiske kulturminne som er eldre enn 100 år. Skipsfunn som er eldre enn 100 år er statleg eigedom så framt det ikkje finst nokon kjend eigar. Nyare kulturminne er det vanleg å regulere som spesialområde etter plan- og bygningslova. Forvaltningsansvaret er i hovudsaka lagt til fylkeskommunen.

Friluftslova
inneheld mellom anna føresegner om fri ferdsel i utmark og om allemannsretten. Kvar og ein har rett til å ferdast med båt på sjøen. Både statlege, kommunale og fylkeskommunale styresmakter forvaltar denne lova.

Forureiningslova
inneheld mellom anna føresegner om forureinande utslepp og kommunale avløps-anlegg og om handtering av avfall. Forureiningsstyresmaktene kan etter søknad gje løyve til utslepp etter lova. Så sant det er mogeleg, er det eit mål at forureinings-spørsmål skal løysast for større område på grunnlag av oversiktsplanar og reguleringsplanar. Ei verksemd som kan føre til store forureiningar, må melde tiltak inn for forureiningsstyresmaktene. Forureiningsstyresmaktene fastset om det skal gjennomførast ei konsekvensutgreiing for å klarleggje verknadene av tiltaket. Statens forureinings-tilsyn og Fylkesmannen forvaltar lova.



Lova om fiske i saltvatn
gjev høve til å regulere fangstkvantum, fredingstid (både på artar og område), bruk av fangstreiskapar osb.. Lova gjev høve til å regulere arealbruk, men berre i samband med utøving av fiske. Lova kan få verknad for andre tiltak enn fiske gjennom til dømes å regulere aktivitetar med sikte på å verne viktige biologiske område eller habitat i sjøen. Det er fiskeristyresmaktene som forvaltar lova.

Oppdrettslova
gjeld for all oppdrettsverksemd i Noreg (ferskvatn, brakkvatn og saltvatn), medrekna den norske økonomiske sona. Løyve til å drive oppdrett og godkjenning av oppdrettslokalitetar skjer med heimel i oppdrettslova. Ved tildeling av lokalitetar skal det takast omsyn til smittefare, forureining og plassering i høve til omkringliggjande miljø, ferdsel eller anna utnytting av området (jf. § 5 i lova). Lova vert forvalta av fiskeristyresmaktene.

Fiskesjukdomslova
skal førebyggje, avgrense og utrydde sjukdomar hos alle dyr i vatn. Veterinærstyresmaktene forvaltar lova.

Jordlova
skal leggje tilhøva til rette slik at jordareala i landet vert utnytta til beste for samfunnet og dei som har yrket sitt i landbruket. Jordlova set forbod mot at dyrka og dyrkbar jord kan nyttast til føremål som ikkje er jordbruksproduksjon. Landbruksstyresmaktene må gje samtykke til deling av landbrukseigedomar. Lova vert forvalta av landbruksstyresmaktene både på kommunalt og statleg nivå.

Skogbrukslova
skal i første rekkje fremje skogproduksjon. Lova legg òg vekt på den verdien skogområda har som rekreasjonskjelde for folk, som ein viktig del av landskapsbileteet og som livsmiljø for planter og dyr. Det er landbruksstyresmaktene som forvaltar lova.

Laks- og innlandsfiskelova
forvaltar mellom anna villaksen. Miljøvernstyresmaktene forvaltar lova.

Viltlova
inneheld mellom anna føresegner om vern av biotopar som kan vere viktige for arealbruken. Miljøvernstyresmaktene og kommunane forvaltar lova.

3.6 Nasjonale mål og retningsliner

Berekraftig utvikling

St. meld. nr. 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikken og St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling legg stor vekt på at miljø skal vere ein sentral premiss i ressursforvaltninga og arealplanlegginga.

Sikring av dei biologiske ressursane som grunnlag for berekraftig utvikling får stadig høgare prioritet. Biologisk mangfald omfattar mangfald av artar og mangfald av

økosystem. Det nasjonale verneplanarbeidet er ein del av ein internasjonal innsats for å verne om genetiske ressursar, artar og økosystem. Det er ei utfordring å konkretisere verdiane som er knytte til marine miljø og til kulturlandskap, for å finne eigna verkemiddel for vern, forvaltning og utvikling.

Det er ei sentral miljøvernoppgåve og eit sektorovergripande ansvar å medverke til at arealdisponering og verksemd i samfunnet skjer på ein slik måte at det ikkje oppstår varige skadar på biologiske ressursar og økosystem , eller at slike skadar får minst mogeleg omfang. Det er eit mål at 12-13 prosent av arealet i Noreg skal bandleggjast til verneområde i samsvar med internasjonale tilrådingar om at alle land skal sikre eit representativt utval av økosystema på jorda.

Gjennom planlegginga si må fylkeskommunar og kommunar identifisere biologisk mangfald med regional eller lokal verneverdi og avdekkje prosessar, politikk og aktivitetar som trugar det biologiske mangfaldet.

Medverknad i Lokal Agenda 21

FN-konferansen om miljø og utvikling i Rio vedtok i 1992 handlingsprogram for det neste hundreåret - Agenda 21. Programmet oppmodar kommunane til å sammarbeide med innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringslivet for å skape ei berekraftig utvikling. Ressursforvaltning og planlegging skal vere heilskapleg på tvers av sektorar og ha eit langsiktig perspektiv.

Fredrikstaderklæringa frå 1998 forpliktar lokale styresmakter til å engasjere innbyggjarane i arbeidet med Lokal Agenda 21. Kommunal planlegging i kystsona bør byggje på Agenda 21og PBL med aktiv medverknad frå lokalbefolkninga i planarbeidet og samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå

Konsekvensutgreiingar (KU)

Før ein set i gang større utbyggingstiltak, skal det gjerast greie for konsekvensane for naturressursar, miljø og samfunn (jf. PBL § 33). Føresegnene har to vedlegg (I og II) om tiltak.

Døme på tiltak (vedlegg I) i kystsona som alltid skal konsekvensutgreiast er

- råoljeraffineri
- etablering av kystleier og trafikkhamner for større skip over >1.350 tonn
- kraftleidningar/sjøkablar over 132 kV og >10 km
- røyrleidningar for transport av olje eller gass
- nasjonalparkar og andre verneområde > 500 km2
- større militære skyte- og øvingsfelt.

Døme på tiltak (vedlegg II) som skal vurderast etter kriteria i føresegnene § 4 er

- uttak av mineral- og masseførekomstar
- utbygging og oppgradering av hamner og hamneanlegg, medrekna fiskerihamner
- kystarbeid for å hindre erosjon og marint arbeid som kan endre kysten (moloar, bølgjebrytarar osv.)
- småbåthamner > 50 mill. kroner
- reiselivsanlegg > 50 mill. kroner
- anlegg for reinsing av avløpsvatn > 50 mill. kroner



- lokalitetar for oppdrettsanlegg i sjø > 48 000/36 000 m3
- setjefiskanlegg > 2,5 mill. stk.

Sjå elles Forskrift om konsekvensutredninger (MD T-1169) og Konsekvensutredninger etter plan- og bygningslova (MD T-1173 og T-1/97).

Miljømål for vassførekomstane

St. meld. nr. 58 (1996-97) oppmodar kommunane til å fastsetje miljømål og lage tiltaksplanar for vassressursane. Målsett vasskvalitet og bruk av tilgrensa område bør kome tydeleg fram i kommune(del)planane.

Det overordna målet er å oppnå den vassmiljøkvaliteten som artar og økosystem treng, og som tek omsyn til helse og trivsel hos menneska. Publikasjonen "Miljømål for vannforekomstene" (SFT/DN) gjev nærare rettleiing.

Prinsipp for val av miljøkvalitet:

1 Eksisterande miljøkvalitet skal ikkje verte dårlegare.
2 Miljøkvaliteten skal tilfredsstille krava til dei brukar- og/eller verneinteressene som er knytte til vassressursane.
3 For vassressursar utan verne- og/eller brukarinteresser bør kvaliteten ikkje vike av frå forventa naturtilstand meir enn det som er fastsett i miljøkvalitetsnormene.

Fastsetjing av miljømål bør følgje plan- og bygningslova og vere forankra i kommune(del)planen. Om vassressursen, til dømes eit fjordområde, er delt mellom fleire kommunar, bør ein sjå heile området i samanheng. Det vert oppmoda til interkommunalt samarbeid for å få til dei beste løysingane miljømessig og samfunnsøkonomisk.



Fastsetjing av miljømål omfattar

1 kartlegging av status og fastsetjing av førebels miljømål
2 vurderingar av mogelege tiltak og kostnader
3 fastsetjing av endelege miljømål og handlingsprogram
4 resultatkontroll.

MOM og LENKA

Spillfôr og ekskrement frå fisk i oppdrettsanlegg kan sedimentere avhengig av mellom anna produksjonsmengda, storleiken på anlegget og hydrologi. Prosjektet MOM (matfiskanlegg - overvaking - modellering) bereknar utslepp og effektar, gjev informasjon om korleis fisken trivst og veks, og skaffar marknads-dokumentasjon. MOM kan simulere miljøverknader og kontrollere påverknad og grenseverdiar (miljøstandardar). Innføring av MOM kan forbetre dokumentasjonen av miljøverknader av oppdrettsverksemd og gje betre grunnlag for å vurdere kva bereevne og produksjonsgrenser lokalitetane har. Forvaltninga vil kunne følgje utviklinga ved kvar einskild lokalitet over tid og setje i verk mottiltak før det vert uakseptable miljøtilhøve.

Ved innføring av ei ordning med miljøovervaking må det utviklast administrative tilpassingar mellom havbruks- og miljøvernforvaltninga, blant anna med sikte på forenkla sakshandsaming i høve til næringa.

LENKA (Landsomfattende Egnethetsundersøkelse av den Norske Kystsonen og vassdragene for Akvakultur) var eit samarbeidsprosjekt mellom Fiskeridepartementet, Kommunaldepartementet og Miljøverndepartementet. Det kom i gang i 1987 og vart avslutta i 1990.

LENKA utvikla ein kapasitetsmodell basert på kor mykje fisk som kan produserast i ulike resipienttypar utan at det påverkar miljøtilhøva negativt (toleevna til miljøet). Modellen vart brukt til å berekne framtidig potensial for oppdrettsproduksjon i sjøområda og vassdraga.

Prosjektet vurderte heile kyststrekninga i Noreg ut til grunnlina og er no ein eigna reiskap i kystsoneplanlegginga. Sjøområda er inndelte i A-, B- og C-område etter vassutskiftinga og kor stor evne dei har til å omsetje organisk belastning. Arbeidet omfattar kartlegging og vurdering av andre bruksinteresser og infrastruktur i kystsona.

Meir om LENKA er å finne i NOU 1990:22.

Forvaltning av vassressursar

Framlegget frå EU-kommisjonen til rammedirektiv om forvaltning av vassressursane (heretter kalla vassressursdirektivet) var hausten 1999 på høyring. Direktivet kan få svært mykje å seie for norsk og internasjonal forvaltning av vassdrag og kystområde.

Vassressursdirektivet legg opp til ei sterk integrering av forvaltninga, planlegginga og miljøovervakinga av vassdrag og kystnære marine område mellom anna i Noreg. Det er fokus på økologiske einingar og resipientar på tvers av administrative grenser. Direktivet kjem til å omfatte marine område ut til éi nautisk mil utanfor grunnlina, dvs. eit utvida geografisk område i høve til det plan- og bygningslova dekkjer. Marine område skal vurderast i samanheng med dei respektive nedbørsfelta på land (River Basin District).

Konsekvensane av vassressursdirektivet for norsk vassdrags- og kystsoneforvaltning er førebels ikkje avklarte, men er under utgreiing av Statems forureiningstilsyn (SFT) og Direktoratet for naturforvaltning (DN).



4 SENTRALE INTERESSER I KYSTSONA

Kysten er eit fleirbruksområde der bruk og vern er konkurrerande interesser. Forvaltninga av kystsona femner om ei rekkje tema, saksfelt og ansvarsområde på ulike administrative nivå.

Dei følgjande delkapitla inneheld eit oversyn over dei viktigaste interessene/sektorane i kystsona i Hordaland. Her vert det gjort greie for status, viktige utfordringar og sentrale aktørar på ulike nivå innan forvaltninga. Det vert også vist til lovgrunnlaget for dei aktuelle sektorinteressene

4.1 Utfordringar og interessemotsetnader

Det er målkonfliktar og interessemotsetnader i forvaltninga av kystsona. Eit siktemål med planen har vore å finne løysingar på desse konfliktane gjennom dialog og samordning på tvers av sektorane. Likevel står det att ein del problem som må få ei løysing i oppfølginga av planen. Det er òg avdekt behov for å sjå nærare på dei verkemidla vi rår over i planlegginga og forvaltninga av kystsona.

Kryssande interesser i forvaltninga av marine ressursar

Det kan i planprosessane oppstå kryssande interesser mellom kommunar og sektororgan om retten til å forvalte/regulere marine ressursar. Det er ikkje alltid eit opplagt skilje mellom areal og ressurs; eit døme på det er utnytting av tare. Kommunane kan juridisk sett vanskeleg regulere taretråling og kan oppfatte dette som ei innskrenking av råderetten over "eige" område. Tilhøva kan skjerpast ytterlegare om det er fagleg usemje om i kva grad lokale fiskeressursar vert skadelidande av tareopptaket.

Havbruk i høve til naturvern og friluftsliv i sjøområde

Det er meiningsskilnader mellom fiskeriforvaltninga og miljøforvaltninga når det gjeld regulering av havbruk versus naturvern og friluftsliv på sjø.

Dette gjeld til dømes bruken av arealkategorien "natur" i sjø (plan- og bygningslova § 20-4-5) i kommunale arealplanar. Fiskeriforvaltninga ønskjer berre å godkjenne planar der "natur" er nytta i samanheng med til dømes verneverdig havstrandvegetasjon, og då i minst mogeleg omfang.

Miljøvernforvaltninga på si side ønskjer å bruke kategorien "natur" for å etablere overgangssoner (buffersoner) mellom verna område og annan aktivitet. Eit opplagt døme kan vere behovet for avstand mellom eit sjøfuglreservat og eit industriområde med ureining og støy. I mange andre tilfelle må det utøvast større grad av skjøn med tanke på kva aktivitetar det er naudsynt å opprette buffersone til. Døme kan vere skjelsandgrabbing, taretråling og hyttebygging.

Tilsvarande problem viser seg i tilhøvet mellom fiskeri/havbruk og friluftsliv. Det er usemje om kva status regionale båtutfartsområde skal ha i kommunal planlegging. Dei regionale båtutfartsområda er store areal utan klar avgrensing. Desse områda bør

ikkje takast inn i kommunale arealplanar som "friluftsområde", men kommunane bør gjennomføre ei konkret vurdering og avveging mot andre interesser. Det bør leggjast vinn på å finne løysingar som gjev rom for til dømes skjeldyrking og fiskeoppdrett.

Behov for spesifisering av arealbrukskategoriar på sjø

Det er i dag ikkje heimel i plan- og bygningslova for å spesifisere arealkategorien akvakulturområde. Kommunen kan difor ikkje med juridisk binding i arealplanen leggje ut område som skjeloppdrettsområde eller område for oppdrett av marine artar. Det er ei allmenn oppfatning at oppdrett av ulike artar, og med ulike teknologiar, har svært ulike verknader både for andre interesser og i høve til miljøet. Mangelen på fleksibilitet kan til dømes føre til at "miljøriktige" næringsinteresser ikkje får plass i planen. Det er behov for å sjå nærare på plan- og bygningslova og dei verkemidla som kan nyttast i samsvar med lova.

Strandsona

Det er registrert eit aukande byggjepress i strandområda. Presset er størst i dei tett busette områda og omkring dei regionale sentra. Privatisering av strandsona kjem lett i konflikt med målet om å halde denne sona open for allmenn ferdsel og ta vare på landskap, natur- og kulturverdiar.

4.2 Strandsoneforvaltning

Innleiing

Strandsona har ei eksponert lokalisering i skjeringspunktet mellom sjø og land. I tillegg til å vere eit verdfullt areal for friluftsliv og rekreasjon er strandsona svært viktig for det biologiske mangfaldet og i kulturhistorisk samanheng. Som overgangssone mellom land og vatn utgjer strandsona ein svært spesiell biotop med unike livsvilkår for planter og dyr. Store skilnader i berggrunn, eksponering for vind og bølgjer og i lokalklimatiske tilhøve skaper ein kyst med stor variasjon i levevilkår for planter og dyr. Også under vatn byd ulike djupner, substrattypar, eksponering og lystilhøve på gode tilhøve for mange ulike planter og dyr. Dette dannar i sin tur grunnlaget for ei strandsone med eit stort spenn i naturopplevingar, alt frå blankskura svaberg til kystfuruskog, lyngheiar, strandenger og elveosar.



Nasjonal politikk

Strandsonestrekningar utan inngrep er attraktive for ferdsel og friluftsliv og har ein viktig økologisk funksjon. Kyst- og strandområda har samstundes viktige landskapskvalitetar, og det er ofte knytt kulturminneinteresser til desse områda. Strandsona er difor definert som eit område av nasjonal interesse.

Allemannsretten, retten til fri ferdsel og opphald i utmark, er fundamentet i norsk friluftstradisjon. Denne retten er nedfelt i friluftslova. Mange enkeltinngrep i standsona har over tid gjort ho mindre tilgjengeleg og skapt hinder for fri ferdsel.



I St. meld. nr. 8 (1999-2000) "Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand" går det fram at regjeringa vil trappe opp innsatsen for å sikre allemannsretten i kyst- og strandstrekningar. Ein tiltakspakke er utforma for å handtere dette. DN-handbok nr. 14–2000 "Fjerning av ulovlige stengsler i strandsonen" gjev ei detaljert tolking av føresegnene i frilutfslova om ferdsel i strandsona.

Bygging i 100-metersbeltet langs sjøen har juridisk sett vore strengt regulert i meir enn 30 år. Byggjeforbodet er heimla i PBL § 17-2 og omhandlar forbod mot bygging og frådeling i 100-metersbeltet langs sjøen. Likevel har det skjedd ei omfattande nedbygging i strandsona, og byggjepresset er særleg stort i og rundt dei mest tettbygde områda. Problemet er at det vert gjeve for mange byggjeløyve i strandsona, og at mange kommunar har ein liberal plan- og dispensasjonspraksis. For å få hand om utviklinga i strandsona i dei mest pressa kyststrekningane er det innført rikspolitiske retningsliner (RPR) for Oslofjord-området frå svenskegrensa til og med Telemark fylke.

Det er eit nasjonalt mål å hindre vidare nedbygging av strandområda, og miljøvernministeren har skrive til kystkommunar, fylkesmenn og fylkeskommunar (11.11.99) om å skjerpe plan- og dispensasjonspraksisen i strandsona.

Regjeringa ser det slik at "mye av kystsona i Agderfylkene og rundt byene i Rogaland og Hordaland har tilsvarende karaktertrekk som Oslofjordkysten og at det derfor bør planlegges etter de samme prinsippene som RPR-regionen også her".

RPR- sona vert utvida til Agder-fylka, medan tilhøva i Rogaland og Hordaland skal handterast gjennom regionale kystsoneplanar.

Lover og retningsliner

PBL § 20-1 - kommuneplanen

Landbruks- natur- og friluftsområde (LNF) er den dominerande arealkategorien i strandsona. Bygg og anlegg som høyrer til stadbunden næring, kan takast med så framt det gjeld reell og inntektsgjevande næringsverksemd av eit visst omfang, til dømes naust i bruk til fiske og akvakulturverksemd som del av gardsdrifta.

For LNF-område innanfor ein avstand på 100 meter frå sjøen gjeld strandsonevernet heimla i PBL § 17-2.

Byggjeområde (PBL § 20-4.1) høver som arealkategori for tettstader og for utbygging til mellom anna bustader, hytter, private naust, offentlege føremål og næringsføremål.

PBL § 17-2 - byggjeforbodet i strandsona

100-metersbeltet langs sjøen er av nasjonal interesse og har særskilt vern etter PBL § 17-2 - forbod mot bygging og deling i 100-metersbeltet langs sjø. Forbodet gjeld oppføring og vesentleg endring av bygningar, konstruksjonar, anlegg og innhegning (gjerde) uavhengig av byggjesaksføresegnene. Også for mindre bygningar krevst det søknad dersom dei kjem inn under forbodet i 100-metersbeltet.

Forbodet gjeld ikkje i tettbygt strok (sjå fotnote 1), i regulerte område, i byggjeområde og i område for råstoffutvinning. Føresegna gjeld heller ikkje for spreidd utbygging i LNF-område, dersom det er i samsvar med føresegner om omfang og lokalisering i arealdelen i kommuneplanen.


[1] **Tettbygd strok – definisjon**
Ot.prp. nr. 1 1964 s. 88: "Med tettbebyggelse siktes i denne bestemmelse til konsentrert bebyggelse av et slikt omfang at det er nødvendig med særskilte anlegg og innretninger for å tilfredsstille felles behov på stedet som for eksempel vei- og gatenett, vannforsynings- og kloakkanlegg, parkbelter, lekeplasser og liknende." Der det er tvil, skal Fylkesmannen avgjere.

Forbodet gjeld ikkje bygningar og anna som trengst til nærare bestemte næringar og offentlege føremål, til dømes fangstverksemd og fiskeri (medrekna akvakultur) med bygningar og anlegg. Det må vurderast konkret i kvart einskilt tilfelle om bygningane kjem inn under unntaket. Unntak gjeld også for badeanlegg og toalettanlegg på friluftsområde, bygningar for naturvernføremål i freda/verna område og bryggjer på utbygd eigedom til sikring av tilkomst for eigaren eller brukaren.

Andre tiltak i LNF-område krev dispensasjon frå kommuneplanen i medhald av PBL § 7 og i 100-metersbeletet frå byggjeforbodet etter § 17-2. Dispensasjon krev "særleg grunn". Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, kan det ikkje gjevast dispensasjon. Kravet til grunngjeving bør skjerpast i dispensasjonssaker i 100-metersbeltet. Ønskjer kommunen å halde delar av 100-metersbeltet utanom forbodet, må det skje gjennom plan.

Nedbygging av strandsona

Det aukande presset på strandsona er ei særleg stor utfordring i plansamanheng. Situasjonen i strandsona er svært varierande mellom dei ulike kyst- og fjordkommunane i Hordaland. Bergen og kommunane rundt er ein region i kraftig utvikling og med stort utbyggingspress på areala. Dei ubygde områda som er att, har ofte stor landskaps- og rekreasjonsverdi og er samstundes viktige for det biologiske mangfaldet. Det er viktig å kome utviklinga i forkjøpet slik at områda vert sikra for framtida.



Ein del kommunar har over lang tid innsett kor viktig strandsona er for ålmenta, og har ført ein restriktiv utbyggingspolitikk. Men i ei rekkje kommunar vert strandsona framleis gradvis nedbygd. Ofte skjer det i samsvar med prioriteringar som er nedfelte i kommuneplanen, og etter ei reell avveging mellom bruk og vern. Men altfor mange tiltak kjem som følgje av ein liberal dispensasjonspraksis og i strid med kommuneplanen. Det siste undergrev det arbeidet som er lagt ned i utforminga av kommuneplanen, og fører til ei lite gjennomtenkt "bit for bit" -nedbygging av strandsona. Resultatet er at det vert mindre høve til ferdsel langs sjøen, og at tilgangen til strandsona frå sjø og land jamt og trutt vert dårlegare i fleire av dei tettast folkesette områda, der behovet for tilgjengelege rekreasjonsareal er størst.

Dei mange dispensasjonssakene syner at dispensasjonspraksisen blant kommunar i Hordaland er for liberal og i ferd med å undergrave nasjonale mål om vern av strandsona. Utbygginga skjer i for stor grad gjennom einskildsaker basert på dispensasjon i staden for i medhald av plan. Konsekvensane kan verte at mange små inngrep over tid gjer store skadar på miljøet. Generelt er det viktig at rutinane for sakshandsaming i strandsoneforvaltninga vert skjerpa og harmoniserte i fylket. Dispensasjonar skal ikkje gjevast med mindre det ligg føre særlege grunnar. I handsaminga av ei konkret sak skal det hentast inn fråsegn frå fylkeskommunen og aktuelle statlege styresmakter. Dersom fylkeskommunen eller ei statleg fagstyresmakt går imot ein dispensasjon, skal det mykje til før han vert gjeven. Alle avgjerder skal innehalde ei konkret grunngjeving som syner kva avvegingar som er gjorde.



DISPENSASJONSSAKER	1998	2000
Dispensasjonssaker totalt	363	599
Dispensasjonssakeri 100-metersbeltet	146	285

Tabell 4.1.
Dispensasjonssaker i Hordaland totalt og i 100-metersbeltet.
Kjelde: Fylkesmannen i Hordaland

Tabellen over syner talet på dispensasjonssaker totalt og i 100-metersbeltet i 1998 og i 2000. Dei høge tala og auken i talet på saker syner at kommuneplanane ikkje vert følgde, og at standsonevernet ikkje vert respektert. Mange saker er dårleg opplyste, og fleire manglar "særleg grunn". Høyringsinstansane rår difor frå i svært mange av desse sakene. Likevel vert det ofte gjeve dispensasjon.

Heller ikkje alle dispensasjonspliktige tiltak vert handsama som dispensasjonar. Døme kan vere byggjesaker der arealet nyleg er frådelt ved dispensasjon eller i samband med mindre tiltak som tilbygg, kai og gjerde. Ei sak kan òg femne om frådeling av fleire parsellar, men likevel verte tald som éi.

Føremålet med tiltak som det vert søkt om dispensasjon for, varierer. Frådeling til nausttomt, hyttetomt og bustadtomt er det mest typiske, men også saker som gjeld bygging av naust, hytte og bustad er det ein del av.

Miljøverndepartementet vil følgje nøye med i utviklinga. Dersom kommunane ikkje vert meir restriktive, kan det vere aktuelt å ta i bruk sterkare verkemiddel, som innføring av rikspolitiske retningsliner for dei mest utsette kyststrekningane, at kommunen vert fråteken dispensasjonsretten, eller lovendringar.

Regional politikk

Fylkesplan for Hordaland 2001-2004 kjem inn på bruk og vern av strandsona. Det vert framheva at overgangsona mellom sjø og land har det rikaste biologiske mangfaldet, inneheld kulturminne frå alle tider, og er mest attraktiv for næringsutvikling, busetnad og rekreasjon. Det eit mål å ta vare på dei verdiane som ligg i dei urørte delane av strandsona utanom dei tettbygde stroka.

Differensiert strandsoneforvaltning

Det trengst ei differensiert strandsoneforvalting og ein politikk som er tilpassa lokale tilhøve og tek omsyn til urørt natur, kulturlandskap, allment friluftsliv, biologisk mangfald og siktemålet om utbygging i utbygde område. Ei av utfordringane for kommunane er å definere den "funksjonelle" strandsona, det vil seie den sona som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Denne sona kan vere både breiare og smalare enn 100-metersbeltet. Det er dette som ligg i omgrepet funksjonell strandsone.

Ei differensiert strandsoneforvaltning må skilje mellom område med utbyggingspress og område med fråflytting. Ein strategi er å økonomisere med areal og konsentrere inngrep.

Alle kommunane i Hordaland skal ha oppdaterte kommuneplanar som grunnlag for å styre bruk, vern og forvaltning av arealressursane på land og i sjø. Kommunane må ta for seg vern av strandsona i kommune- og arealplanlegginga si.

Det følgjande utdjupar korleis kommunane kan utforme ei differensiert standsoneforvaltning ved å nytte plan- og bygningslova fullt ut.

Kommunal strandsoneforvaltning

Det er venta at kommunane tilpassar retningslinene i denne planen og innarbeider dei i eigne arealplanar og føresegner, slik at den regionale politikken kjem til uttrykk og vert juridisk bindande. Den regionale politikken må og avspeglast i måten kommunane handsamar einskildsaker på.

Bygging av bustader eller hytter i LNF-områda må skje i medhald av føresegner til kommuneplanen eller i reguleringsplan. Omfanget og lokaliseringa må gå fram av plankart og føresegner. Dette høver når det er tale om få einingar. Området skal framleis har ein open karakter og ikkje vere tettbygt, og landbruks,- natur- og friluft-verdiane skal vere tydelege. Er det tale om fleire einingar og det ikkje er mogeleg å oppfylle LNF-føremålet, skal ein nytte arealkategorien byggjeområde etter PBL § 20-4.1.

Naust høyrer til i LNF-området når dei er del av tradisjonelt landbruk. Avgrensa utbygging av naust i LNF-området kan skje når omfanget og lokaliseringa er fastsett i kommuneplanen. Elles det må stillast plankrav for utbygginga.

Areal for private naust med tilhøyrande kaianlegg, bryggjer og anna bør skiljast ut og setjast av som byggjeområde etter PBL § 20-4.1.

Kommunane bør gjennom arealplanlegginga vurdere ressursar som det skal takast vare på i sjønære område. Desse vurderingane må leggjast til grunn for utpeiking av areal til utbyggingsføremål, føresegner til byggjeområda og i detaljplanlegginga innanfor byggjeområda. Det skal vere ei klar avgrensing mot byggjeområde.

Det skal i utgangspunktet ikkje gjevast dispensasjonar i LNF-områda.

Byggjeområde er område med eksisterande og planlagd utbygging. Tettstader, bustadområde, naustmiljø/naustområde, hytteområde, nærings-, industri- og forretningsområde er døme på føremål i denne kategorien. I byggjeområda gjeld ikkje byggjeforbodet i 100-metersbeltet etter PBL § 17-2.

For nokre av desse områda bør kommunen stille krav om detaljplan, til dømes ved inngrep i terrenget, ved vegframføring eller når det får verknad for allmenne interesser.

Viktige landskaps-, natur-, kultur- og friluftsverdiar og den "funksjonelle strandsona" skal takast med i detaljplanane på kart og i føresegnene. Dette gjeld òg der det er aktuelt å knyte føresegner direkte til byggjeområda i kommuneplanen.

Byggjegrense mot sjø skal gjerast juridisk bindande i føresegnene.

Føremål i byggjeområda i strandsona

Naust

Naust er bygningar i standsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust som skal nyttast til overnatting og er innreidde som bustad/fritidsbustad, kjem ikkje inn under dette omgrepet. Kommunane bør i kommuneplanen registrere samlingar av private naust og areal der det er føremålstenleg å byggje nye naust, og setje dei av til byggjeområde for naustføremål.



Nye naust bør som hovudregel samlast i eigne naustmiljø der ein planlegg med tanke på felles båthamner, opplagsplassar og anna. I desse områda bør det vere krav om reguleringsplan.

Eksisterande naustområde
Hovudregelen bør vere at område som er utbygde med private naust og med rom for fortetting, skal leggjast ut som byggjeområde med føresegner om utforming og plassering av nye naust, kaiar og bryggjer. Føresegnene må ta omsyn til om eksisterande naust har kulturhistorisk verdi.

For samlingar av naust med historisk verdi og kulturminneinteresse ,"kulturmiljø", bør det vere krav om detaljplan. Eventuelt kan område bandleggjast med føremål "spesialområde vern".

Tradisjonelle naustmiljø der bygningane vert nytta i stadbunden næring knytt direkte til gardsbruket, høyrer naturleg til i LNF-område. Bygging av andre typar naust (til privat bruk) skal då handsamast som dispensasjonssaker. Det vil seie at det må dokumenterast ein særleg grunn, og landbruks-, natur- og friluftsinteressene skal vegast mot utbyggingsinteressene.

Fritidsbustader
Eksisterande samling av fritidsbustader/hytter og hyttefelt og område som er planlagde til hytteføremål skal leggjast ut til byggjeområde i kommuneplanen. Det bør knytast plankrav til nye hytteområde. Spreidd bygging av hytter i strandsona bør ikkje tillatast.

I planen må det takast omsyn til den "funksjonelle strandsona", høve til opphald og ferdsel langs sjøen, grøntstrukturar, landskapselement og tilgang til sjøen gjennom korridorar fram til strandkanten frå eventuelle friluftsområde bakanfor. Tilpassing av bygningane til landskap og omgjevnader (byggjeskikk) bør inn i planane som føresegner eller retningsliner.

Bustader
Bustader skal som hovudregel ikkje plasserast i sjøkanten, bortsett frå når byggjeskikk eller topografiske tilhøve gjer dette til det beste alternativet. I planen må det takast omsyn til den funksjonelle strandsona, høve til opphald og ferdsel langs sjøen, grøntstrukturar, landskapselement og tilgang til sjøen gjennom korridorar fram til strandkanten frå eventuelle friluftsområde bakanfor. Tilpassing av bygningane til landskap og omgjevnader (byggjeskikk) bør inn i planane som føresegner eller retningsliner.

Næringsbygg/næringsområde
Næringsbygg som ikkje er sjørelaterte, skal til vanleg ikkje plasserast i strandkanten. Næringsområde skal avsetjast som byggjeområde i kommuneplanen, og det bør som hovudregel stillast plankrav til desse områda.

4.3 Biologisk mangfald

Definisjon og avgrensing

St. meld. nr. 58 (1996-97) "Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling" definerer biologisk mangfald slik: "Biologisk mangfold omfatter alle økosystemer, arter samt den genetiske variasjon innen artene." Omgrepet omfattar både variasjonen i naturtypar, artar og arveanlegg.

Mangfaldet av liv på jorda er grunnlaget for menneskeleg eksistens og avgjerande for verdiskaping, velferd og livskvalitet. Det dekkjer det behovet menneska har for mat, medisinar, brensel, utdanning, oppleving, estetikk og avkopling.

Det biologiske mangfaldet er naudsynt for dei livsberande prosessane på jorda og er avgjerande for vasshushald, lokalklima, reinsing av vatn og luft, jorddanning og stoffomsetning av til dømes nitrogen og karbon. Vi kan sjå dette mangfaldet som eit forsikringsfond for økologisk stabilitet for framtidige generasjonar.

Til no har det hovudsakleg vore fokusert på kartlegging av biologisk mangfald på land og i ferskvatn. I samband med kystsoneplanlegging er det naturleg å inkludere marine område.

Lovgrunnlag og forvaltning

Naturvernlova gjev heimel for å verne område med urørt og eigenarta natur, landskap, spesielle naturtypar og geologiske, botaniske og zoologiske førekomstar. Lova fastset at inngrep i naturen berre kan skje ut frå ei langsiktig ressursdisponering som tek omsyn til at naturen i framtida skal haldast ved lag som grunnlag for verksemd, helse og trivsel hos menneska.

I tillegg kan tradisjonelt vern etter naturvernlova supplerast med sikring etter plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova gjev til dømes heimel for å etablere "naturområde" i sjø. Lova er òg eit sentralt verkemiddel når det gjeld forvaltning og samordning av fiskeriinteressene i høve til andre brukarinteresser.

Den viktigaste skilnaden mellom desse to lovverka er at vern etter naturvernlova er langsiktig og statisk, medan sikring etter plan- og bygningslova er dynamisk og relativt kortsiktig. Dette inneber mellom anna større ansvar for kommunane til å ta vare på lokale og regionale verneverdiar. Viktige område for til dømes sjøfugl, gytefelt og havstrandsvegetasjon bør sikrast gjennom plan- og bygningslova. Der det trengst permanent sikring, må arealet vernast gjennom naturvernlova.

På regionalt nivå har miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen eit særskilt ansvar når det gjeld vern og forvaltning av det biologiske ressursmangfaldet i høve til sektorlovverket.

Sårbare artar og økologisk viktige område

Det særmerkte med Hordalands-kysten er dei mange øyane og vekslinga mellom fjordar og ope farvatn. Sjøarealet innanfor grunnlina (minus øyar, men medrekna fjordar) er på om lag 3 923 km2. Landarealet er 14 962 km2, og arealet av øyar i saltvatn er 2 085 km2. Kystlina medrekna øyar er 5 423 km. Dei naturgjevne tilhøva er grunnlag for eit rikt biologisk mangfald.



Økosystema i havet er ikkje avgrensa på same måte som areala på land. Mange av faktorane som verkar inn på det biologiske mangfaldet i sjøen, kjenner ikkje landegrenser. Dette gjer planlegging, vern og kartlegging komplisert. Døme kan vere algeproblematikk, langtransportert ureining og innførsel av nye artar. Følgjande artar og områdetypar er viktige for det biologiske mangfaldet: villaks og sjøaure, sjøfugl, truga og sårbare viltartar, kystvegetasjon, gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr og marine verneområde.

Villaks og sjøaure

Noreg har gjennom internasjonale avtalar forplikta seg til å ta særskilt vare på laksebestandane, mellom anna ved å ratifisere konvensjonen av 2. mars 1982 til vern av laks i det nordlege Atlanterhavet (NASCO) (St. prp. nr. 31 1982-83) og biologisk mangfald generelt.

Fangstane av laks i norske elvar og sjøområde er meir enn halverte i løpet av dei siste 15 åra og er no dei lågaste på 50 år. Fisket etter laks og sjøaure både i Hordaland og elles i landet har i dei seinare år vorte strengare regulert, og fiskesesongen er sterkt avgrensa både i elvar og sjø. I tillegg oppretta Fylkesmannen i 1997 permanente fredingssoner med ekstra strenge fiskereglar utanfor alle større lakse- og sjøaureførande vassdrag i Hordaland.

Lakse- og sjøaurebestandane i Hordaland er likevel utsette for ei rekkje trugsmål. Inntil for få år sidan omfatta desse trugsmåla hovudsakleg fysiske inngrep i vassdraga, lokal forureining og forsuring. Eit nytt trugsmål er rømd oppdrettslaks som vandrar opp i elvane og gyter i lag med villfisken eller trengjer han unna. Hordaland har særleg mykje rømd oppdrettslaks. I nesten alle lakseelvane er det eit stort potensial for genetisk innblanding frå oppdrettsfisken. Det er usikkert om villaksbestandane kan stå imot ein slik påverknad. I perioden 1997-99 utgjorde rømd oppdrettslaks samla sett rundt 50 prosent av sportsfiskefangstane i lakseelvane i fylket, og i dei fleste elvane var det endå høgare innblanding i gytebestandane om hausten. I kilenotfangstar i det ordinære sjølaksefisket i 1997-99 vart det funne 35-59 prosent oppdrettslaks i Øygarden og 85-91 prosent i ytre Hardangerfjord.

Lakse- og sjøaurebestandane er monaleg reduserte dei siste åra, mellom anna på grunn av lakselusangrep. Dette gjeld særleg i fjordane, som til dømes Hardangerfjorden, der vi no reknar alle laksebestandane som truga. Angrepa av lakselus har både naturlege og menneskeskapte årsaker. Oppdrettsverksemd aukar lakselusangrepa fordi det vert produsert mykje lakseluslarver på fisken i merdane. Det er påvist klar samanheng mellom nærleik til oppdrettsverksemd og omfang av lakselusangrep på sjøaure. Hydrografiske og hydrologiske tilhøve (temperatur, salt og straum) har truleg innverknad på kor kraftige lakselusangrepa vert frå år til år, og dessutan verkar omfanget av oppdrettsverksemda inn på angrepspotensialet. Det er berekna at produksjonen av lakseluslarver har auka fleire tusen gongar i dei mest brukte oppdrettsområda.

I NOU 1999: 9 er det gjort framlegg om å verne 17 enkeltvassdrag som "nasjonale laksevassdrag" med oppretting og evaluering av sikrings- og tiltakssoner i sjøen utanfor. To av desse vassdraga, Vosso og Etneelva, ligg i Hordaland. Laksebestanden i Vosso er truga, medan Etneelva har eit stort innslag av rømd oppdrettslaks.

I miljømåla for norsk havbruk er rømming og lakselus sett opp som dei to viktigaste problema. I 1989 vart det innført mellombelse sikringssoner for laksefisk med heimel i oppdrettslova. Ei mellombels sikringssone er definert som eit sjøområde som ligg inntil viktige namngjevne lakseførande vassdrag, og vassdrag i nedslagsfeltet som drenerer til ei slik sone. Av 52 soner som vart oppretta på landsbasis, låg 5 soner i Hordaland.

Det er utarbeidd ein nasjonal tiltaksplan mot rømming av oppdrettsfisk. Hovudmålet med planen er å redusere omfanget av rømming frå oppdrettsanlegg, slik at dette ikkje skal vere noko trugsmål mot norske villaksstammer. På kort sikt skal talet på rømd fisk reduserast til under 400 000 individ pr. år.

Det er gjennomført ei evaluering av effekten av sikringssonene. Erfaringane på landsbasis er at det berre er i dei store sonene det har vore nokon effekt, som i Trondheimsfjorden og Sognefjorden. Her i fylket er det berre den inste i Hardangerfjorden som har hatt klar effekt. Dette er også den einaste som er både stor og heilt fri for oppdrett. Dei tre elvane inst i Hardangerfjorden (Kinso, Opo og Eio) er dei einaste av dei viktige lakseelvane i fylket fram til 1998 som har hatt lite eller ingen rømd oppdrettslaks i gytebestandane. Det er gjort vedtak om at sonene skal videreførast i fem nye år, men saka er ikkje slutthandsama i forvaltningsregimet av di det manglar konkretisering av retningslinene. Det vart elles bestemt at dei vedtekne sikringssonene skulle haldast ved lag i påvente av NOU 1999: 9. Denne utgreiinga gjer framlegg om sikringssoner utanfor dei to føreslegne nasjonale laksevassdraga i fylket, Vosso og Etneelva.

Som eit tiltak mot auka produksjon av lakselus har veterinærstyresmaktene utarbeidd ei regional forskrift om tiltak mot lakselus med verknad frå 1. juni 1998. Dette kan verte ein særs viktig reiskap i arbeidet med å få ned mengda av lakselus, av di forskrifta set krav om avlusing av oppdrettsfisk ved lågare lusenivå enn det som er tilrådd for oppdrettsanlegg ut frå reint bedriftsøkonomiske vurderingar. Oppdrettsnæringa har synt god vilje til å arbeide for å minske den negative verknaden næringa har på lakselussituasjonen for villfisk, mellom anna ved støtte til forslag om tvungen avlusing og ved deltaking i friviljug avlusing, til dømes i Hardangerfjorden i 1997 og 1998, og i regional avlusing i 1999 og 2000.

Lakseparasitten Gyrodactylus salaris har trengt inn i 39 vassdrag i området frå Nordvestlandet og opp til Troms fylke. Parasitten har spreidd seg frå infiserte kultiverings- og setjefiskanlegg og ved import av fisk. Parasitten drep all lakseyngel i infiserte vassdrag. Det er ikkje påvist Gyrodactylus salaris i Hordaland.

Sjøfugl

I 1987 vart det ved kongeleg resolusjon oppretta 70 sjøfuglreservat i Hordaland. Målet var å verne om lag 50 prosent av dei eksisterande sjøfuglbestandane i fylket. Bakgrunnen for fredinga var eit ønske om å ta vare på dei viktigaste hekkeplassane for sjøfugl og verne dei mot ulike trugsmål som følgje av den omfattande påkjenninga kysten og skjergarden er utsett for frå industri, jakt, fiske og ikkje minst aukande småbåttrafikk. Ut frå registreringsmaterialet (hovudsakleg frå perioden 1979-81) har vi truleg nådd dette målet for mange av artane sin del. Men fuglane er mobile, og miljøtilhøva og bestandsstorleiken kan endre seg. Mink er òg eit trugsmål mot sjøfuglbestandane.

Bestandsutviklinga er i dag positiv for artar som svartbak, gråmåse, grågås og toppskarv. Størst tilbakegang finn vi hos fiskemåse, der hekkebestanden i sjøfuglreservata i 1993 berre var 28 prosent av bestanden i 1990. Også sildemåse og terner har gått tilbake i reservata. Desse artane har elles trekt seg ut av dei verna reservata og etablert seg på andre holmar. Ein del av desse holmane er vurderte som aktuelle reservat ved revisjon av verneplan for sjøfugl.



Terne (makrell- og raudnebbterne) skifter hekkestad frå tid til anna, og årsaka kan i nokon mon vere predasjon frå mink. Difor kan det heile tida oppstå ternekoloniar på nye stader som ikkje er sikra i medhald av naturvernlova. Det same mønsteret ser vi for måse.

Det er uråd å seie kor lenge ternene kjem til å ha tilhald på ein plass (det kan vere frå ein sesong og oppover til mange tiår), og det er såleis ikkje utan vidare tenleg å setje i gang ein omfattande verneprosess i kvart einskilt høve. Fuglane er freda mot uroing i hekketida (jf. viltlova), men dette vil mange brukarar av kysten ofte vere ukjende med så lenge ikkje også sjølve hekkestaden er fysisk freda. Det er viktig å sikre slike område mot uroing i hekketida. Ofte er det få andre bruksinteresser på hekkeplassane enn tilfeldig ilandstiging frå småbåtar, og det bør vere ei overkomeleg oppgåve for lokale styresmakter, i samarbeid med grunneigarane og miljøvernstyresmaktene, å setje i verk mellombelse og tidsavgrensa tiltak for å sikre at fuglane får gjennomført hekkinga på tilfredsstillande vis. I den grad det skulle vise seg at kolonien får eit meir permanent preg og utviklingstrekka er positive, bør ein vurdere å innføre status som naturreservat ved ei seinare revidering av sjøfuglverneplanen.

Ein fuglebestand som er halden heilt utanfor verneplanen for sjøfugl, er gråhegre. Dette er ein kolonihekkande fugleart som i utgangspunktet er vanleg på Hordalandskysten, men der forvaltningsstyresmaktene i dag berre kjenner til eit fåtal

hekkekoloniar. Arten er framleis relativt vanleg å sjå, men mykje tyder på at bestanden har gått sterkt attende dei siste tiåra.

Vinterbestandane av sjøfugl i Hordaland er i dag svært mangelfullt registrerte. Vi veit at kysten er viktig som overvintringsområde for artar som lomvi, gråhegre, skarv, siland, ærfugl og somme andre dukkender, men problemet i forvaltningssamanheng er at desse bestandane i liten grad er konsentrerte til avgrensa område. Grunne område (ned til 8-10 meters djup) med god utskifting av vatn er dei viktigaste leveområda, men krava til leveområde er svært ulike frå art til art. Dei viktigaste trugsmåla mot overvintrande sjøfugl er garnfiske og at viktige næringssøksområde vert nytta til aktivitetar som ikkje kan sameinast med dei behova sjøfuglane har.

Truga og sårbare viltartar

To internasjonale konvensjonar står sentralt i vernet av truga og sårbare viltartar: Bernkonvensjonen av 1979 om vern av ville europeiske planter og dyr og dei naturlege leveområda deira, og Bonnkonvensjonen av 1979 om vern av trekkjande artar av ville dyr. Den internasjonale naturvernunionen (IUCN) har utarbeidd ein standard med kategoriar for truga og sårbare artar, den såkalla raudlista. Raudlista for Hordaland inneheld 1 amfibium, 23 fuglar og 11 pattedyr. Av desse artane kan vi seie at smålom, brunnakke, havørn, hubro, vandrefalk og oter er spesielt knytte til kystsona. Både havørn (ca. 50 par i 1997) og oter er i framgang i Hordaland. Vandrefalk etablerer seg igjen etter fleire tiår med fråvære.

Når artar først har vorte så sjeldne at dei vert rekna som truga eller sårbare, er det til vanleg ikkje rett å kartfeste dei leveområda som framleis finst, i allment tilgjengelege dokument. Dette kan rett nok gjere ei aktiv forvaltning av bestandane vanskelegare, men er i regelen likevel betre enn å la nokre av førekomstane gå tapt på grunn av forstyrrande aktivitet frå nysgjerrige menneske som vil sjå dyra på nært hald. Faunakriminelle handlingar kan òg vere eit problem somme stader. Det er difor viktig at hekkeplassar og andre viktige område for artane ikkje er altfor lett tilgjengelege. Fylkesmannen i Hordaland har oversyn over kjende område med førekomst av truga og sårbare artar og bør konsulterast om det er planlagt tiltak i kystsona der ein er usikker på om tiltaka kan kome i konflikt med slike førekomstar. Det er likevel grunn til å peike på at Fylkesmannen langtfrå har fullstendig oversyn over stoda, og at tilleggsopplysningar og oppdatert informasjon om viltkarta over desse artane alltid bør formidlast direkte til miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen.



Artar som vi i dag reknar som truga og sårbare, treng i regelen store leveområde, og dette kan det vere vanskeleg å ta omsyn til i ei samla arealplanlegging. Fleire av artane som høyrer heime høgt oppe i næringskjedene (til dømes hubro og vandrefalk), er dessutan avhengige av god og stabil næringstilgang gjennom heile året. Difor er det gjerne slik at ein nedgang i viktige sjøfuglbestandar også fører til nedgang hos dei artane som lever av sjøfugl. Det er eit ansvar for alle brukarar av kystsona å ta tilstrekkeleg omsyn til truga og sårbare artar. Teikn på "rett forvaltning" er at bestandane er i stand til å ta seg opp att.



Kystvegetasjonen

Strandsona utgjer eit komplekst soneoppdelt økosystem. Det gjer at vi finn mange ulike strandtypar, plantesamfunn og naturmiljø. Dette er grundig kartlagt i Hordaland og publisert i DN-rapportane 2/89 og 2/92. Desse vegetasjonstypane er kartlagde: undervassenger, strandsumpar, strandenger, tangvollar, grus/sand- og rullesteinsstrender, strandberg, fuglegjødsla vegetasjon og strandkratt. Av 195 undersøkte lokalitetar er 4 vurderte som nasjonalt verneverdige, 7 som verneverdige av landsdelsinteresse og 15 som regionalt verneverdige. I tillegg er 38 lokalitetar vurderte som lokalt verneverdige.

Nordisk ministerråd har delt Norden inn i naturgeografiske regionar der den ytste delen av Hordaland kjem inn under den vestnorske lyngheiregionen. Kystlyngheiane er kulturavhengige og har oppstått på grunn av historiske driftsformer i landbruket (mellom anna brenning og beiting). I dag er dette ein truga naturtype i Noreg på grunn av naturleg attgroing og oppdeling ved inngrep. Det er registert 27 lokalitetar i Hordaland. Fem av desse har stor eller svært stor verneverdi.

Edellauvskogen er representativ for lauv- og furuskogregionen på Vestlandet. Dei fleste lokalitetane ligg i bratte lier mot fjordane. I denne sona finn vi også barlind og kristtorn. I Hordaland er 19 område med edellauvskog, 13 med barlind og kristtorn og 9 med barskog/kystfuruskog verna etter naturvernlova.

Gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr

Det er viktig å ta vare på lokale gyte- og oppvekstområde på ein slik måte at vi held oppe rekrutteringsevna til dei ulike bestandane og dermed det biologiske mangfaldet. Registreringane av gyte- og oppvekstområde for fisk og skaldyr er mangelfulle. Vi har gode registreringar av gytefelt for torsk og gyte- og oppvekstfelt for reker, medan oppvekstområda og gytefelta for andre artar enn torsk i liten grad er registrerte. Registreringane over viktige reproduksjons- og næringsområde for skaldyr er svært mangelfulle.

Vi har kartfesta oskjelfelt i Nordhordland basert på eldre registreringar. Ut frå dei kunnskapane som finst i dag, er det hummar og europeisk flatøsters (Ostrea edulis) som ser ut til å vere særleg utsett. Hummaren må reknast som ein truga dyreart, og fiske etter hummar er strengt regulert. Det er få opplysningar om spesielle område som er særleg sårbare, men Havforskingsinstituttet arbeider for tida med desse problemstillingane. Å offentleggjere slike område er lite tenleg, sidan hummaren er attraktiv både som lovleg og ulovleg fangst. Flatøsters finn vi på visse spesielle lokalitetar, og bestandane er særs små. Ut frå naturlege hydrologiske tilhøve reknar vi med at østersen truleg berre oppnår vellukka gyting om lag kvart tiande år. Det finst ikkje systematiske registreringar av lokalitetar med flatøsters.

Marine verneområde

Eit rådgjevande utval nedsett av DN har i utgreiinga 1995-3 "Kartlegging av egnede marine verneområder i Norge" gjort ein biogeografisk analyse av norskekysten og delt han inn i tre biogeografiske subprovinsar. Hordaland ligg i subprovinsen Vest-Noreg, som strekkjer seg frå Egersund til Loppa. Innanfor denne inndelinga er det gjort framlegg om marine verneområde som skal dekkje typiske naturområde og spesielle naturtypar. Framlegga byggjer på naturvitskaplege vurderingar. Når det gjeld



Hordaland, er desse områda registrerte som eigna som marine verneområde: Husnesfjorden og ytre Hardangerfjord frå Hille til Ånuglo, Korsfjorden og strekninga Marstein-Telavåg, Lindåspollane og Lurefjorden. Korsfjorden og Lurefjorden/ Lindåsosane har høg prioritert i rapporten. Ingen av områda i Hordaland har fått høgaste prioritet i nasjonal samanheng. Det er lite sannsynleg at det vert innført vern av marine område i Hordaland i planperioden. Det er likevel ønskjeleg å ta vare på dei naturlege kvalitetane i dei høgast prioriterte områda i Hordaland.

Forureiningssituasjonen i sjøområda

Generelt har vi i Hordaland ingen direkte problem med næringssalt i marine resipientar, og vi går ut frå at miljøtilstanden i dei fleste sjøområda er god. Det er ikkje påvist overgjødsling av kystvatnet på Vestlandet frå Utsira til Stad. Påverknaden av vatn frå Skagerrak vert utviska ved fortynning og biologisk omsetnad til eit relativt lite næringssaltbidrag til kyststraumen. Fiskeoppdrettsanlegg, landbruk og kommunale utslepp kan lokalt vere ein vesentleg bidragsytar til organisk påverknad. Miljøvern-avdelinga hos Fylkesmannen kan krevje effekten av desse utsleppa dokumentert gjennom miljøundersøkingar på lokaliteten og i nærområdet (resipientgransking).

Utslepp frå ulike industriverksemder og tilsig frå avfallsplassar kan føre med seg ureining av miljøgifter. Det er elles lagt ned store ressursar i å granske miljøtilhøva, med vekt på miljøgiftmengda, i Byfjorden og fjordområda i nærleiken, mellom anna ved Haakonsvern. Innhaldet av tungmetall og organiske miljøgifter i sediment i Sør-fjorden og Hardangerfjorden har vore undersøkt sidan 1985. På bakgrunn av resultata i miljøgiftgranskingane i Byfjorden og områda rundt har Statens næringsmiddeltilsyn rådd frå konsum av torskelever frå heile området som er granska (fjordområda ved Bergen avgrensa i nord av linene Ramsøy-Vindenes i Hjeltefjorden, Hjertås-Heggernes i Herdlefjorden og Nordhordlandsbrua i Byfjorden og i sør av linene Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Milde). Tilhøva i Sørfjorden/Hardangerfjorden har vorte noko betre dei seinaste åra, og kosthaldsrådet for fisk vart oppheva i 1997. Ifølgje SFT er belastninga av tungmetall i overflatevatnet framleis uakseptabel i Sørfjorden.

Oppblomstring av skadelege algar har ofte opphav i Skagerrak og Kattegat, og algane vert transporterte med kyststraumen langs kysten av Sør-Vestlandet. Hordaland synest å vere nordgrensa for desse algeinvasjonane. Eksempel på slike algar er artane *Gyrodinium aureolum, Ceratium spp*. og *Chrysochromulina polylepis*. Algar som forgiftar skjel, kan vere giftige ved relativt låge konsentrasjonar. Algar av slekta *Dinophysis* har diaréframkallande gift, medan gifta i slekta *Alexandrium* er lammande. Vi kan ikkje sikkert slå fast om algeoppblomstring i første rekkje har si årsak i menneskevalda aktivitetar som utslepp og klimaendringar, eller om det heng saman med naturlege svingingar.

Innføring av nye artar med ballastvatn frå skip er eit potensielt økologisk trugsmål. Nye artar vert stadig introduserte, men det er usikkert i kva grad dei er i stand til å etablere seg fast. Det er rapportert om funn av fire-fem nye artar. Forsking i Hordaland syner at det var planter og dyr i ballastvatn i 29 av 30 undersøkte fartøy. Det er ikkje trekt endelege konklusjonar av arbeidet.



Oljeforureining på grunn av uhell og grunnstøytingar i skipstrafikken kan få alvorlege følgjer for sjøfugl Hekkebiotopane på land og vinteropphaldsområda til sjøfuglbestandane langs alle dei ytre sjøområda er sårbare for oljesøl. Også marine økosystem og nøkkelbiotopar kan verte skadde av oljeforureining. Vi har i dag for lite kunnskap om kor store vinterbestandane av sjøfugl er i Hordaland, og kva tid på året det er konsentrasjonar av dei ulike artane. Kunnskap om sjøfuglbestandane er viktig for å kunne prioritere innsatsen riktig.

Utfordringar

Nedbygging av areal og inngrep i sårbare område

Det biologiske mangfaldet er truga av summen av dei mange menneskelege inngrepa som påverkar, reduserer og splittar leveområde og dermed øydelegg eller uroar dei. Fysisk nedbygging av område utgjer i mange høve eit irreversibelt inngrep i det biologiske mangfaldet. Strandsona inneheld økologisk viktige areal og naturtypar og er ein knapp ressurs Vegar og bygningar vert i mange høve plasserte i strandsona utan at det er eit direkte behov for å leggje dei nær sjøen. Dumping av massar og utfylling i sjø kan skade sårbare marine biotopar og biotopar i overgangen mellom sjø og land. Dette er særleg uheldig i dei tilfella der det er dokument verneverdi. Døme på slike område er urørte elveosar og prioriterte havstrandslokalitetar.

Når det gjeld sjøfugl, er det ei særleg utfordring å verne om ternebestandane. Utfordinga vert å unngå inngrep og skadar på hekkelokalitetar som ikkje er sikra i medhald av naturvernlova. Dei viktigaste trugsmåla mot overvintrande sjøfugl er garnfiske og skade på område som fuglane nyttar til næringssøk.

Fisk og skaldyr er avhengige av spesielle botnsubstrat og vasskvalitetar for å kunne reprodusere seg. Fysiske inngrep og aktivitetar som verkar inn på botnsubstrata, og ureining i dei sårbare områda kan få negative konsekvensar for rekrutteringsevna. Uttak av skjelsand og taretråling er døme på slike aktivitetar.

Lakse- og sjøaurebestandane er utsette for ei rekkje trugsmål som til dømes fysiske inngrep i vassdraga, lokal forureining, forsuring og anna I tillegg vert villaksen genetisk påverka av rømd oppdrettslaks.

Når det gjeld truga og sårbare viltartar, er dei viktigaste trugsmåla allmenn uroing, hyttefelt, kraftliner og ureining. Betre kunnskap om artane og krava dei har til leveområde gjennom kartlegging av vilt og biologisk mangfald, er avgjerande for å kunne ta vare på bestandane, få dei opp att og unngå skadelege inngrep.

Kystlynghei er i dag ein truga naturtype i Noreg på grunn av naturleg attgroing og oppdeling ved inngrep. Aktiv bruk og skjøtsel er vesentleg for å kunne ta vare på kystlyngheiane.

Svakt områdevern i sjø

Marine verneområde er framleis eit uavklart tema både når det gjeld tidsplan for etablering, presis lokalisering og verknader for annan bruk. I små kystnære verneverdige område bør det ikkje gjerast irreversible inngrep før den formelle vernestatusen er avklart (jf. felles skriv frå Miljøverndepartementet og Fiskeridepartementet). Med irreversible inngrep meiner vi her etablering av anlegg med store utslepp til sjø og

faste installasjonar som moloar, kaiar og større industrietableringar. Taretråling og fiskeri fører normalt ikkje til irreversible endringar. Heller ikkje oppdrettsverksemd slik praksis er i dag, fører vanlegvis til irreversible endringar, men dette må vurderast i kvart einskilt tilfelle.

Mangel på kunnskap om det biologiske mangfaldet i sjøområda
Informasjonen vi har å byggje på som grunnlag for avgjerder om biologisk mangfald, er ufullstendig. Det vantar i dag systematisk registrering og oversikt over til dømes biologisk mangfald og nøkkelbiotopar, særleg i sjøområda. Registreringane av viktige reproduksjons- og næringsområde for skaldyr er òg svært mangelfulle.

I eit prosjekt under KOMTEK-programmet (Kommunalteknisk effektivisering og miljøvenleg utvikling) er det utvikla metodar for kartlegging av biologisk mangfald i marine område som kan nyttast i kommunal kystsoneplanlegging.

4.4 Landskap og kulturminne



Landskap, kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar. Det forpliktar oss til å forvalte dei med respekt for dei som har levt før oss, og med omtanke for dagens og morgondagens menneske. Vern og forvaltning av landskap og kultur er ein viktig del av ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Landskaps- og kulturinteressene kan lett tape mot tiltak og utbyggingsinteresser av di nytteverdiane ikkje kan målast direkte i pengar eller sysselsetjing. Ved å verne kulturlandskap og sjøbruksmiljø kan vi sikre langsiktige immaterielle verdiar som grunnlag for dokumentasjon av eldre bruksformer, stadidentitet og trivsel. Kulturmiljø kan også vere reisemål.

Fylkeskommunen har to roller i kulturminnevernet:
- som eit politisk styrt regionalt forvaltningsorgan med ansvar for å utarbeide eigne prioriteringar og eigen vernepolitikk, mellom anna gjennom fylkesplanlegging, fylkesdelplanar for kultur- og kulturminne (vedtekne høvesvis i 1996 og 1999) og rettleiing for kommunane
- som forvaltar av statleg ansvar som kulturminnestyresmakt på regionalt nivå

Definisjon og avgrensing
1 **Landskap** er dei omgjevnadene vi kan oppfatte visuelt, og femner om både naturmiljø og kulturmiljø.
2 **Kulturlandskap** er landskap som er påverka av menneske, og omfattar jordbrukslandskap, bylandskap og sjøbruksmiljø. Kulturlandskapet har økologiske, økonomiske, kulturhistoriske og opplevingsmessige verdiar.
3 **Kulturminne** er alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet. Til dette høyrer lokalitetar som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.
4 **Kulturminnemiljø** omfattar kulturminne i ein større heilskap eller samanheng, til dømes i eit sjøbruksmiljø.
5 **Kulturmiljø** er område der kulturminne står fram som delar av ein større heilskap



eller samanheng, og omfattar "verdifulle helheter og sammenhenger, både av visuell og kulturhistorisk art som f. eks. bygningsmiljøer, bygdesentrum, kulturlandskap eller andre områder med funksjonell sammenheng" (Ot.prp. 51 1992). I tillegg til bygningar kan det finnast andre kulturminne i miljøet som også er verneverdige, til dømes kaiar, lunnar, borkegruver og liknande.

Det er viktig å sjå samanhengen mellom bygningar og andre kulturminne innanfor eit miljø. Dessutan må vi sjå kulturminnemiljøa i samanheng med kulturlandskapet, som dei er ein del av.

Objekta i eit miljø kan utgjere ei klyngje eller vere spreidde over eit større område. Natur-, plass-, eigar- og/eller brukstilhøva er avgjerande for kva utstrekning og struktur dei ulike miljøa har. Avgrensinga av miljøa må difor vurderast i kvart enkelt tilfelle. Nyare objekt kan falle på plass som delar av eit verneverdig miljø. Når fleire kulturminne er samla og dannar miljø får dei høgare verneverdi enn når dei ligg enkeltvis og langt frå kvarandre.

Faste kulturminne vil seie jordfaste, ikkje flyttbare minne, til dømes steinalder-buplassar, gravhaugar, bygningar, båtopphal og liknande. Med faste kulturminne frå nyare tid er meint kulturminne som er frå tida etter 1537. Desse minna er vanlegvis ikkje freda eller formelt verna på annan måte. Men sjølvsagt kan også kulturminne frå nyare tid fredast.

Det er registert i alt 52 000 kulturminneobjekt frå før år 1900 i Hordaland fylke. Bygningar og restar etter bygningar utgjer om lag 45 000 registreringar.

Lovverk og forvaltning

Det sterkaste verkemiddelet fylkeskommunen har, er kulturminnelova.

Naturvernlova gjev høve til å verne verdfulle landskap/kulturlandskap. Etter § 5 i lova kan ein leggje ut areal som landskapsvernområde for å ta vare på eigenart eller vakre natur- eller kulturlandskap. I landskapsvernområde må det ikkje gjennomførast tiltak som kan endre landskapskarakteren. Fylkesmannen har eit særskilt ansvar for forvaltninga av landskapsvernområda.

Plan- og bygningslova er kanskje den viktigaste kulturminnelova. Ho gjev høve til å bandleggje område i arealdelen i kommuneplanen og regulere til spesialområde for bevaring.

Etter kulturminnelova er mellom anna alle påviselege spor etter menneskeleg verksemd eldre enn år 1537 automatisk freda. I tillegg er gamle båtar, skipsskrog, utstyr og last og anna som er eldre enn 100 år freda. Tiltak som kan få konsekvensar for kulturminne eller kulturmiljø, skal meldast til Hordaland fylkeskommune, kulturseksjonen. Eventuelle funn skal meldast til politiet, Hordaland fylkeskommune ved kulturseksjonen eller til Bergens Sjøfartsmuseum.

Fleire endringar i kulturminnelova vart vedtekne i 2000. Dei viktigaste er desse:

§ 3 om forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne

Ny regel om at det i grunnen over automatisk freda kulturminne ikkje må arbeidast med jorda eller pløyast djupare enn tidlegare utan særskilt løyve.

§ 4 om automatisk freda kulturminne
Byggverk frå perioden 1537-1649 er automatisk freda dersom ikkje anna er bestemt.

§ 8 om løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne
Retten til å dispensere frå automatisk freding av kulturminne er overført til Riksantikvaren frå 1. januar 2001.

§ 25 om meldeplikt for offentlege organ
Kommunen pliktar å sende søknad til fylkeskommunen om riving eller vesentleg endring av ikkje-freda byggverk eller anlegg som er oppførte før 1850.

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltningen. Fylkeskommunen har ansvar for kulturminnevernet i fylket og skal sørgje for at det vert teke omsyn til freda og verneverdige kulturminne og -miljø i planlegginga, også på kommunenivå. Begge har motsegnsrett overfor arealplanlegginga i kommunen dersom dei kommunale planane er i konflikt med kulturminneinteresser.

Avgjerd om kva landskap og kulturmiljø som skal prioriterast når det gjeld bevaring, må byggje på ei fagleg vurdering. Berre eit mindretal av dei verdfulle kulturminna vil oppnå eit formelt vern etter kulturminnelova. Vern må difor òg vurderast etter plan- og bygningslova eller naturvernlova.

Rettleiinga "Estetikk i plan- og byggjesaker" (KRD/MD T-1179) gjev råd om estetikk i planhandsaminga mellom anna i høve til landskap og kulturmiljø.

Den kommunale og statlege forvaltninga har lovfesta rutinar for samarbeid med kulturminnevernet. Den regionale kulturminneforvaltninga skal vere høyringsinstans på ei rekkje saksfelt. Kommunane og andre tiltakshavarar har plikt til å sørgje for at dette samarbeidet fungerer.

Vurdering av landskapsverdi

I arealplanlegginga er det ofte vanskeleg å gje kulturminne og verneverdige landskap forsvarleg og tydeleg status. Registreringane kan vere ufullstendige, og det er naudsynt med oppdatering og nøyare undersøkingar i samband med utforminga av kommuneplan og særleg reguleringsplan. Ei avklaring mellom bruk til næringsføremål og verneinteresser i kystsona er ikkje mogeleg gjennom eit kortvarig tiltak eller prosjekt, men må vere ein del av ein pågåande prosess i dei daglege forvaltningsoppgåvene.

For kulturminnevernet ligg det ein fare i å vere for kategorisk i vurderinga av verneverdi, særleg for mange kulturminne samstundes og for svært store område. Vernekriteria og synet på kva som er verdifullt, kan og vil endre seg over tid. Eit døme på det er utvalet av freda bygningar, som i dag ikkje gjev representativ dokumentasjon av mangfaldet i kulturhistoria. Slik kan vurderinga av kva som er verneverdig endre seg. Mykje av det vi i dag vurderer som verneverdig, vart for berre 20-30 år sidan ignorert av vernestyresmaktene.

Klassifikasjon av landskapsverdi er basert på registrering av opplevingsverdi etter kriteria heilskap, variasjon og intensitet (NIJOS).



Klasse

A – Særprega og variert landskap	=	landskap med stor opplevingsverdi
B – Typisk landskap	=	landskap med middels opplevingsverdi
C – Lite særprega og variert landskap	=	landskap med liten opplevingsverdi

Større samanhengande landskapsrom er registrerte av NIJOS på lands- og regionnivå ("Verdifulle kulturlandskap i Norge"), med inndeling i landskapsregionar ut frå kulturlandskapet i jordbruket. Hordaland er delt inn i 7 regionar av totalt 43 for heile landet. Desse er "Kystbygder på Vestlandet", "Ytre fjordbygder på Vestlandet", "Midtre fjordbygder på Vestlandet", "Indre Vestlands-bygder", "Vossabygdene", "Lågfjellsregionen" og "Breregionen". Sonene byd på ulike naturressursar og geografiske tilhøve, som igjen har gjeve ulike føresetnader for busetnad og levevis. Detaljert områdeskildring vantar. Det er gjort framlegg om å starte kartlegging på dette nivået i Hordaland gjennom "AREALIS" prosjektet.

Klassifisering av verneverdi for kulturmiljø

Kulturminna gjer det mogeleg å få kontakt med fortida på ein meir direkte måte enn dei fleste andre former for overleveringar frå tidlegare tider. Dei medverkar til å skape ei forankring i fortida som er viktig både for personleg, lokal og nasjonal identitet.

Verneverdien til eit kulturminne vert fastlagd gjennom ei systematisk vurdering av ulike delverdiar.

Identitetsverdi

I samfunn i rask endring får innbyggjarane eit sterkt behov for kontinuitet og kjensle av "å høyre til". Det kan vere behov for å identifisere seg med til dømes ein stad, ei sosial, religiøs, eller etnisk gruppe eller ein nasjon. Kulturminna har òg mykje å seie for tryggleik og trivnad, noko som vert understreka ikkje berre av fagfolk innan kulturminnevernet, men også av psykologar og sosiologar.

Symbolverdi

Kulturminne kan vere nasjonale, lokale, sosiale, religiøse eller etniske symbol; det vil seie at dei kan representera noko anna enn det vi direkte oppfattar visuelt. Til dømes kan Stortingsbygningen vere eit symbol på det norske demokratiet.

Historisk kjeldeverdi

Kulturminna er i seg sjølv, og i samspel med omgjevnaden, viktige kjelder til kunnskap om fortida. Kulturminna gjev meining og tilleggsinfomasjon til det vi kan finne i skriftlege kjelder. Dei er den overleverte ramma kring liv i tidlegare tider og kan fortelje meir direkte om dette enn dei fleste dokument. Det er alltid viktig å sjå på samanhengen mellom kulturminna og naturlege føresetnader på staden. Tidlegare var dei meir avhengige enn no av å bu (setje opp hus) i område med gode naturlege økonomiske vilkår for ei næring.

Kulturminna i kystsona er visuelle uttrykk for den ressursen havet og sjøen har vore for menneska som budde i området. Oftast var fisket ikkje den einaste næringsvegen, men kombinasjonen bonde og fiskar var svært vanleg. Dess lenger ut mot havet dei busette seg, dess viktigare var fiskarnæringane som leveveg. Dette syner seg også i kulturminna langs kystsona.

Aldersverdi, autentisitet
Den rettleiande norma for aldersverdi utarbeidd av Riksantikvaren inneheld to kategoriar: A Alle kulturminne som er eldre enn 1750, er verneverdige. Dette gjeld sjølv om kulturminnet seinare er sterkt ombygt. B Alle kulturminne som er bygde i perioden 1750-1850, og som står slik dei opphavleg var, er verneverdige. Autentisiteten (autentisk: opphavleg, ekte) omfattar form, konstruksjon, materialar, overflatehandsaming, bruk og miljøsamanheng. Dei færraste kulturminne er overleverte til oss heilt urørte i opphavlege omgjevnader. Difor vert det ofte gradar av autentisitet i høve til den perioden vi granskar.

Kystlandskap og kystkultur i Hordaland

Kystlandskapet har prega livet til kystfolket og påverka dei opp gjennom tidene. Landskapet er i stadig endring, overgang frå gamle driftsmetodar til nye, og avvikling av tradisjonell aktivitet, set sine spor.

Rikdomen på kulturminne i strandsona syner tydeleg at Noregs historie byrja på kysten, og at ho fram til vår tid har vore nær knytt til kysten og utnyttinga av vatnet som transportveg og matkjelde. Dette ber då også mønsteret i lokaliseringa av kulturminne preg av.

Marine og maritime kulturminne

Omgrepet kulturminne vert oftast knytt til landjorda. Men også under vatn finst det ei rekkje ulike kulturminne. Områda under vatn rommar eit stort potensial for funn av kulturminne frå praktisk tala alle kulturhistoriske periodar i Noregs-historia. Heilt opp til vår tid har vatnet vore den viktigaste ferdselsåra og dermed det viktigaste kommunikasjonsleddet i fylket.



Dei marine kulturminna (kulturminna i havet) er restar etter denne ferdsla. Den vanlegaste måten å ta seg fram på over vatn - bruk av båt - set som kjent ikkje spor. Det er helst når noko går gale og båten forliser, at bruk kan påvisast ved hjelp av marine kulturminne.

Hovuddelen av funna i dag er skipsvrak og båtfunn. Ein mindre del av vraka har last og komplett utstyr om bord. Slike funn kan vere reine kulturhistoriske skattkister som gjev kunnskapar og opplysningar om handelssamband på nasjonalt og internasjonalt plan og ikkje minst om livet på sjøen om bord på norske og utanlandske skip. Men det finst også restar etter den maritime infrastrukturen (infrastruktur knytt til havet). Det kan vere ankerplassar, ballastplassar, seglingsmerke, uthamner, seglesperringar, båtdrag og restar etter næringsutøving i samband med fiske og fangst. Dette kan vi kalle det maritime kulturlandskapet, som vi altså finn både på landjorda og i sjøen.

Eit anna kulturminne under vatn er steinalderlokalitetar. På grunn av havnivåendringar (transkresjon) er det mogeleg å finne tidlegare strandnære steinalderbuplassar frå eldre steinalder under vatn. Ein vurderer potensialet for funn til å vere størst i området mellom dagens strandline og ned til om lag fem meters djup. Hordaland har sterke



historiske band til båt og sjø, og marine kulturminne er ein del av eigenarten, kulturarven og identiteten vår. Marine kulturminne høyrer med i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Tiltak som kan få følgjer for kulturminne, skal meldast til Hordaland fylkeskommune, kulturseksjonen. Eventuelle funn skal meldast til politiet, Hordaland fylkeskommune, kulturseksjonen eller til Bergens Sjøfartsmuseum.

Kartfesting og registrering

Kulturminnevernet skal ta vare på og formidle kunnskapar om denne delen av kulturarven. Arbeidet med register over kulturminne under vatn og utvikling av metodar og utstyr for lokalisering av funn må forserast. Av praktiske og økonomiske årsaker er det ikkje mogeleg å gjennomføre systematiske registreringar av kulturminne under vatn på same måten som på land.

Riksantikvaren har sett i gang arbeid med å avgrense prioriterte område. Kriteria er potensialet for funn, det vil seie opplysningar om kulturminne på land, skriftlege kjelder og gamle kart over maritim aktivitet, opplysningar om seglingsruter, om vernetilhøve for marine funn og om området er eit pressområde for utbygging. Prioriterteringa tek ikkje omsyn til alle maritime kulturhistoriske tilhøve langs kysten, men dei prioriterte områda har ein konsentrasjon av marine kulturminne. Systemet er i dag ein viktig reiskap for plan og forvaltning og vert utvikla til å påvise samanhengar i det maritime kulturlandskapet.

Bergens Sjøfartsmuseum har prioritert 18 større område med potensial for funn av marine kulturminne i Hordaland. På landsbasis er det 405 område der det er stor fare for konflikt mellom marine kulturminne og andre interesser. Museet vil prioritere arbeidet i desse områda. Karta er ikkje fullstendige, og informasjonen må ikkje nyttast som uttrykk kvar marine kulturminne er å finne i Hordaland. Presis kartfesting av marine kulturminne er sensitiv informasjon på grunn av faren for at dykkarar kan fjerne eller øydeleggje objekta.

Skjelsandgrabbing, hamne- og molobygging og fylling utgjer alvorlege trugsmål mot dei marine kulturminna.

Vindkraft i kystlandskapet

Hordaland fylkeskommune vedtok i 2000 ein fylkesdelplan for vindkraft. Planen inneheld mål og strategiar for etablering av vindkraft i Hordaland, og det er vedteke retningsliner for lokalisering. I tillegg inneheld planen ein analyse av mogelege vindkraftareal i åtte kystkommunar.

Både Hydro og Statkraft har teke arealanalysen i bruk for å sjå på areal- og miljøkonfliktar i leitinga etter potensielle lokalitetar for vindkraftanlegg i Hordaland.

Vindkraft er fornybar og miljøvenleg energi, men vindmøller kan ha negative miljøkonsekvensar dersom ein ikkje tek nok omsyn til landskap og natur- og kulturmiljø. Den viktigaste miljøverknaden av vindkraft er det visuelle inntrykket. Dei største turbinane er opp mot 100 meter høge. I eit sårbart kystlandskap kan vindmøller verte eit dominerande element og vere synlege på lang avstand. Støy og inngrep i terrenget kan få konsekvensar for utøving av friluftsliv og kome i direkte konflikt med kulturminne og biologisk mangfald. Vindturbinar kan til dømes endre trekkruter.

Den nasjonale politikken er at vi i Noreg skal produsere 3 TWh vindkraft innan 2010. Signala frå staten er vidare at utbygginga normalt bør skje i parkar med fleire vindmøller.

Fleire kommunar vil ta opp temaet vindkraft ved rullering av kommuneplanen. Strukturendringar i kraftproduksjonen på Vestlandet ser likevel ut til å kunne gjere vindkraftutbygging i fylket mindre aktuelt no enn for eit år sidan. Medan små kraftlag har vore interesserte i vindkraft for å få eller auke eigen produksjon av kraft, set BKK, som allereie er ein stor kraftprodusent, økonomisk lønsemd som vilkår for satsing på vindkraft.

Hovudpunkta i retningslinene i fylkesdelplanen

- Kommunane bør gjennom si planlegging ta inn vindkraft som tema.
- Vindkraftanlegg bør plasserast der vindressursen er best, og slik at ein nyttar areala best mogeleg.
- Ein bør i størst mogeleg grad samle arealinngrep.
- Ein bør planleggje vindkraftverk der konfliktane med verdifulle natur-, kultur-, og friluftsområde er minst mogeleg. Vindmøller må ikkje plasserast i område som er verna.
- Vindmøller må plasserast slik at dei ikkje valdar støyproblem og visuell forstyrring for bustader.
- Vindmøller og tilhøyrande infrastruktur må tilpassast landskapet og terrenget.

Utfordringar

Sikring av sårbare kystlandskap

Kystlandskapet i Hordaland har eit ope og bert preg og er utsett for påverknader og inngrep. Lokalisering av tekniske anlegg i skjergarden har ofte verknader på eit større landskapsbilete. Dette gjer at vurdering av estetikk og landskapspåverknad bør vere eit sentralt element ved val av lokalisering, byggjeskikk og utsjånad på bygg og anlegg. Somme utbyggingstiltak kan ha konsekvensar for kulturminne og kulturmiljø (sjøbruksmiljø) ved til dømes direkte skade, øydelegging, estetisk skjemming, støy, ureining, barriereeffektar og anna. Barriereffekt vil seie at fri ferdsel i området vert hindra, medrekna ferdsel på sjøen, som tradisjonelt har vore viktigaste framkomstvegen. Tiltak og installasjonar kan kome i konflikt med attraksjonsverdiane i kulturmiljøet og samspelet med omgjevnadene, både visuelt og funksjonelt. Skjelsandgrabbing, hamne- og molobygging og fylling er dei største trugsmåla mot marine kulturminne.

Å sikre dei attverande urørte kystlandskapa og område med særskild opplevingsverdi er viktig, utan at kysten skal verte eit museum. Landskapet er avgjerande for opplevingsverdien, som igjen er viktig for einskildmenneske og for reiselivsnæringa. Det vil ikkje vere mogeleg å ta vare på eller verne alle typar landskap og kulturmiljø. Det er difor viktig å gjennomføre ei verdsetjing og klassifisering av verneverdiane basert på systematiske faglege metodar som grunnlag for prioritering av viktige område i plansamanheng.

Vedlikehald og skjøtsel av verneverdige kulturmiljø

Det er eit grunnleggjande problem at presset mot kulturminna, kombinert med manglande kunnskapar, årleg fører til eit tap på om lag 1 prosent av kulturminna. Det er eit overordna nasjonalt mål at dette omfattande tapet må reduserast. Vi har i dag ikkje ei berekraftig utvikling for kulturminne i Hordaland.



Klimatiske tilhøve og forureining fører til at store delar av kystkulturen er prega av forfall. På fleire stader langs kysten er landskap og kulturminne truga av fråflytting og nedlegging av næringsverksemd. Kulturmiljø kan òg tape seg på grunn av dårleg vedlikehald og manglande skjøtsel. Det er viktig å ta omsyn til heilskapen i kulturmiljøa og unngå oppsplitting. Dessutan må vi syte for at verneverdige bygningar vert vedlikehaldne i tråd med opphavleg materialbruk, overflatebehandling og handverksteknikkar. Auka interesse frå reiselivsnæringa opnar for vern gjennom bruk og istandsetjing, men bruk av kulturminne i turistsamanheng stiller strenge krav til verksemda. Riksantikvaren har reist spørsmålet om vi treng ein eigen verneideologi for kysten.

Utfordringar frå fylkesdelplan for kulturminne

- Dei siste generasjonane har hatt eit stort arealforbruk og har teke i bruk urørt natur i større grad enn nokon gong tidlegare i historia.
- Industrisamfunnet har ført til store endringar i ressursutnytting og levemåte, og det har resultert i varige fysiske endringar i landskapet.
- Stort arealforbruk og sterke endringsprosessar fører til store fysiske omveltingar og dermed stort forbruk av kulturminne og kulturmiljø.
- Det er stor mangel på dokumentert kunnskap om kulturminne og kulturmiljø, og det generelle kunnskapsnivået blant folk flest om dei menneskeskapte miljøa våre er for lågt.
- Kulturminneforvaltninga manglar ressursar til å kunne snu den negative trenden.

Med den tradisjonelle fiskarbonden forsvinn ei livsform som strekkjer seg attende til yngre steinalder. Sjøbruksmiljø, båtar og fiskereiskapar går ut av bruk og er truga av forfall. Kunnskapar om fangstmetodar, fiskeplassar og tradisjonell kystkultur i vid forstand vert borte. Kystlandskapet er i rask endring på grunn av stor aktivitet i industri og samferdsel. Særleg har olje- og oppdrettsindustrien sett sitt preg på kystområda dei siste tiåra.

4.5 Friluftsliv

Definisjon og avgrensing



Friluftsliv er ein viktig del av den norske kulturarven. For svært mange er friluftsliv ei kjelde til auka trivsel og helse både i kvardagen og i feriane. Gjennom friluftsliv vert respekten for naturen utvikla saman med ønsket om å ta vare på han. Naturvenleg friluftsliv vert difor eit viktig element i arbeidet for ei berekraftig utvikling.

Sikring av natur- og friluftsområda og tilrettelegging av og stimulering til friluftsliv medverkar til gode bu- og levekår. Fylkesdelplanen for friluftsliv (1994) har dette målet: ”Alle skal i sin kvardag ha gode høve til å drive friluftsliv som ein helse- og trivselsskapande, naturvenleg fritidsaktivitet.”

Kva innhald vi legg i omgrepet friluftsliv, er avhengig av om vi ser på det som ein naturbasert ikkje- motorisert aktivitet, eller om vi tek med sportsprega motorisert friluftsliv med naturen som arena for personleg utfalding. St.meld. nr. 40 (1986-87) ”Om friluftsliv” definerer friluftsliv som ”opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden

med sikte på miljøforandring og naturopplevelse". Av dei kystbaserte aktivitetane er desse særskilt nemnde i meldinga (ikkje uttømmande): bading og soling, roing, padling, seglturar, fritidsfiske og andre former for båtliv der naturopplevinga er viktigast.

Fylkesdelplan for friluftsliv knyter to krav til omgrepet friluftsliv:
- at aktiviteten i hovudsaka må gå føre seg i natur eller naturprega område
- at dette skjer på ein berekraftig måte.

Det er det miljøvenlege, tradisjonelle friluftslivet som lova skal verne om. Omsynet til bevaring av det biologiske mangfaldet, kulturminne og kulturmiljø er viktig også i høve til utøving av friluftsliv, og friluftslivet må drivast i høve til prinsippet om eit økologisk berekraftig samfunn.

Allemannsretten, retten til fri ferdsel og opphald i utmark, utgjer fundamentet i norsk friluftslivstradisjon og er lovfesta i friluftslova. Allemannsretten er tufta på respekt for naturen og omsynsfull åtferd både i høve til miljøverdiar, grunneigarar og andre brukarar.

Lovverk og forvaltning

Friluftslivet er regulert gjennom friluftslova. Føremålet er å verne naturgrunnlaget som basis for friluftsliv og sikre den retten ålmenta har til ferdsel, opphald og anna i naturen, slik at det vert høve til å utøve friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Friluftslova gjev høve til fri ferdsel i utmark og på sjøen, til å dra i land båt på strandstrekning i utmark, til å bade, raste og telte (§§ 2, 6, 7, 8 og 9).

Friluftslova set samstundes krav om ferdselskultur (§ 11): "Enhver som ferdes eller oppholder seg på annen manns grunn eller sjøen utenfor, skal opptre hensynsfullt og varsomt for ikke å volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å se etter at han ikke etterlater seg stedet i en tilstand som kan virke skjemmende eller føre til skade eller ulempe for noen."

Frå og med 1. januar 2001 er det innført eit generelt forbod mot vass-scooterar.

Andre lover som grip inn i forvaltninga av friluftslivet, er plan- og bygningslova, naturvernlova, lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, lov om saltvassfiske, lov om oppdrett og viltlova. Plan- og bygningslova (§ 20-4) gjev høve til å setje av område for friluftsliv på sjø i arealdelen i kommuneplanen. Lova er òg eit sentralt verkemiddel når det gjeld forvaltning og samordning av friluftsinteressene i høve til andre brukarinteresser. Strandsona (100-metersbeltet langs sjøen) er definert som eit område for allmenn bruk, og det er i utgangspunktet generelt forbod mot byggjeverksemd der.

Oppgåvene dei ulike forvaltningsnivåa har i friluftslivsforvaltninga, går fram av § 21 i friluftslova. Fylkesmannen har det statlege ansvaret for friluftsliv på regionalt nivå. Det fylkeskommunale ansvaret for friluftslivet kviler på fylkestinget, som kan delegere avgjerdsrett i samsvar med reglane i kommunelova. Kommunane har ei viktig rolle i å ta vare på areal som er viktige for utøving av friluftslivsaktivitetar, og med omsyn til å fremje ålmenta sine friluftsinteresser. Etter endringane i friluftslova har kommunane fått større ansvar og vidare avgjerdsrett i arbeidet med å ta hand omfriluftsinteressene. Det kommunale ansvaret for friluftslivet ligg til kommunestyret,

som kan delegere avgjerdsrett etter kommunelova til formannskapet eller eit anna kommunalt utval.

Når det gjeld friluftsområde som er sikra ved kjøp eller avtale, ligg forvaltningsansvaret for dei anten hos kommunane eller dei to interkommunale friluftsråda i Hordaland. Det er viktig å peike på at ansvaret for friluftslivsforvaltninga femner om meir enn forvaltning av sikra område. Sikring av gode tilhøve for friluftslivsaktivitetar generelt er viktige oppgåver på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå.

Tiltakspakke for å betre tilkomsten til strandsona
Strandsoneprosjektet ved Direktoratet for naturforvaltning, er ein del av ein nasjonal tiltakspakke for kyst- og strandområda, og har som mål å sikre ålmenta betre tilgjenge til strandsona (DN-handbok nr. 14-2000). Fjerning av ulovlege stengsel er ein del av prosjektet.

Kystbasert friluftsliv

Kysten er ein viktig arena for friluftslivet i Hordaland. Den vekslande naturen med talrike fjordar, sund, vikar, straumar, holmar og skjer er attraktiv for ei rekkje aktivitetar. Eit særtrekk ved kysten er dei mange kulturminna i form av sjøhus, sjømerke, handelsstader osb. Slike kulturminne medverkar til å gjere friluftslivsopplevingane rikare.



Dei kystnære områda er òg viktige for friluftsaktivitetar som ikkje er direkte knytt etil vatn. Turar nær sjøen og med utsyn over sjø er ein viktig del av friluftslivet i den ytre delen av fylket. Sjøkanten er ein populær og lærerik tumleplass for born, der dei kan leike seg til kunnskap om det biologiske mangfaldet.

Størstedelen av dei sikra friluftsområda i Hordaland ligg i strandsona. Til saman om lag 269 område, i all hovudsak knytte til sjø, er sikra i Hordaland i dag. Ein stor del av dei sikra friluftsområda ved sjø er tilgjengelege både over land og sjø. Som døme kan vi nemne at av dei 138 sikra friluftsområda som ligg ved sjø og vert forvalta av Bergen og Omland Friluftsråd, er det berre 45 som ein berre kan nå frå sjøsida. 93 område er landfaste; av desse er 39 tilrettelagde med parkeringsplass.

Fylkestinga i Rogaland og Hordaland gjorde i 1994 vedtak om å skipe Vestkystparken som eit overordna organ for forvaltninga av friluftsområda langs kysten i dei to fylka. Målet med Vestkystparken er å få til ei meir samordna drift av kystfriluftsområda. Organet skal òg vere pådrivar overfor sentrale styresmakter til beste for kystfriluftslivet. Driftsansvaret ligg til dei interkommunale friluftsråda: Bergen og Omland Friluftsråd, Nord-Rogaland og Sunnhordland Friluftsråd, Ryfylke Friluftsråd og Dalane Friluftsråd.

Det regionale prosjektet "Nordsjøløypa" tek sikte på å etablere eit nettverk av vandringsvegar i kulturlandskapet. Prosjektet tek sikte på å tilrettelegge gamle ferdselsvegar og nyare turstigar langs kysten, i fjorddistrikta og mellom bygdelag, bundne saman i eit nettverk av offentlege transportmiddel, sykkelvegar, båtar og overnattingsstader i historiske miljø. Prosjektet er nærare omtala under temaet landskap og kultur.

Prosjektet ”Kystleden” er eit nytt tilbod til folk som ønskjer å kombinere tradisjonelt friluftsliv, naturopplevingar og kystkultur med fysisk aktivitet. Ideen er å skape eit nettverk av overnattingsstader langs kysten for folk som ferdast til fots eller i tradisjonelle båtar, mindre ro- eller seglbåtar eller havkajakk. I Hordaland er ”Kystleden” eit samarbeid mellom Kulturlandsapssenteret , kystlaga og friluftsråda .

Utfordringar

Utvikling av eit berekraftig og miljøvenleg friluftsliv

Trenden går mot meir ressurs- og utstyrskrevjande aktivitetar på kostnad av det enkle, naturbaserte friluftslivet. Dette kan føre til konfliktar, til dømes mellom bading og motorisert ferdsel, og auka press på miljøet i populære friluftsområde. Det er ei utfordring å finne verkemiddel som kan dempe og førebyggje konfliktar mellom ulike typar friluftsliv og fritidsaktivitetar i kystsona (til dømes mellom motorisert ferdsel og bading). Ein mogeleg innfallsvinkel er å differensiere mellom ulike former for motorisert ferdsel og på den måten leggje til rette for naudsynt transport og samtunde sikre eit berekraftig friluftsliv.

Sikring av friluftsområde

Det har sidan 1958 vore løyvt statlege midlar til å sikre område for friluftsliv, anten ved fullfinansiert oppkjøp eller som 50 prosent tilskot til oppkjøp. Dei siste åra har dei statlege løyvingane skrumpa inn, og den nasjonale friluftspolitikken legg no vekt på at område for friluftsliv skal sikrast gjennom plan- og bygningslova. Det kan reisast spørsmål om i kva grad plan- og bygningslova har evna å ta hand om sikringsfunksjonen, og om den statlege oppkjøpsordninga heller burde styrkjast. I denne samanhengen er det viktig å analysere behovet for kjøp av grunn med tanke på å leggje til rette friluftsareal der det ut frå folketal og slitasje er påkravt.

Hindringar for allmenn ferdsel i strandsona

Allmenn tilkomst og opphald i strandsona vert i aukande grad hindra av stengesel og inngrep av ulike slag. Ulike tiltak bandlegg strandområde fysisk og ved å skape ei ”mental buffersone” i form av hytter, hus, naust, bryggjer, industribygg, kaianlegg, oppdrettsanlegg og landbaserte fôringsanlegg.

Eit anna problem er fysiske stengsel som ulovlege skilt og gjerde som er til hinder for allmenn ferdsel, bading og fiske frå land. Det trengst difor ei restriktiv haldning hos kommunane når dei handsamar saker som gjeld dispensasjon frå det generelle byggjeforbodet i 100-metersbeltet. (Sjå elles kapittelet om strandsona.)

Konfliktar med det biologiske mangfaldet

Dei nye trendane i friluftslivet med meir ressurskrevjande aktivitetar og auka trafikk kan føre til uheldig påverknad og slitasje i sårbare naturområde og område som er viktige for det biologiske mangfaldet (sjå under omtalen av biologisk mangfald). Dette gjeld mellom anna strandsona, som er ein viktig biologisk korridor mellom sjø og land, og der hovudtyngda av friluftsaktivitetar går føre seg. I område der presset frå fritidstrafikk kan verte eit trugsmål mot det biologiske mangfaldet, bør ein vurdere verkemiddel for å kanalisere denne trafikken bort frå dei mest sårbare områda. I første rekkje trengst det meir kunnskap om status og mogelege konfliktar når det gjeld tilhøvet mellom friluftsliv og biologisk mangfald.



Konfliktar med næringsinteressene

Tilhøvet mellom akvakulturnæringa og friluftslivet kan vere problemfylt. Den sterke veksten i fiskeoppdretten har ført til inngrep i naturområde som tidlegare var lite påverka. Også skjeldyrking kan vere konfliktfylt, sidan dyrkingsområda ofte legg beslag på store areal.

Fiske som næringsaktivitet kan unntaksvis kome i konflikt med friluftslivet. Dette gjeld hovudsakleg låssetjing av fisk ved badestrender i badesesongen. I dei aller fleste tilfelle kan fiske og friluftsliv gå føre seg side om side utan at det oppstår konfliktar.

Turistnæringa, oljeindustrien med oppankring/fortøying av plattformer og skip, skjelsandopptak og eventuelle vindkraftanlegg i framtida er døme på andre kystnæringar som kan ha konfliktpunkt mot friluftsliv.

Regionale og lokale friluftsinteresser

Det står framleis att viktige utfordringar i arbeidet med å samordne friluftsforvaltninga mellom kommune, fylke og stat med sikte på å balansere dei regionale friluftsinteressene mot dei lokale. St. meld. nr. 29 og nr. 58 (1996-97) seier at kystkommunane i si planlegging bør sjå til at det vert teke omsyn til friluftslivsinteressene, både for folket på staden og for tilreisande. Men erfaringa syner at kommunane legg meir vekt på planlegging og tilrettelegging for sine eigne innbyggjarar enn for tilreisande. I Hordaland kjem dette kjem mest tydeleg til uttrykk i Bergens-regionen. Det er registrert konfliktar mellom lokalbefolkning og tilreisande i nokre av dei største og mest populære friluftsområda som følgje av auka trafikk og konkurranse om dei mest attraktive områda.

Kunnskap om friluftsressursar og område nytta til friluftsliv

Det er stort behov for meir kunnskap om friluftsliv. I samband med rullering av friluftsplanen bør område granskast grundigare med tanke på bruk til friluftsføremål. Det vil seie vurdering av eigedomstilhøve, kor tilgjengelege områda er, om dei er brattlendte, om dei er utsette for ver og vind, kva slag vegetasjon som finst der, infrastruktur, parkering, oppankringstilhøve osb. I tillegg bør område registrerast med omsyn til faktisk bruk.

4.6 Fiskeri

Definisjon og avgrensing

Fiskeria i Hordaland er karakteriserte av stor flåtevariasjon, frå små einmannsbåtar som er lite mobile og driv fiske i nærleiken av heimstaden, til store havfiskefartøy som driv fiske både i norske og internasjonale farvatn. Fiskerinæringa er på same måte som havbruksnæringa avhengig av fleire ledd i produksjonen og av avleidde verksemder. Dei ulike ledda og dei avleidde verksemdene tek ofte hand om både kyst- og havfiskeflåten sine behov.



I denne planen er det lagt vekt på aktivitetar knytte til kystfisket. Eksisterande statistikk definerer kystfiske som fiske innanfor 12 nautiske mil av grunnlina. For Hordaland er dette ei tenleg avgrensing, sidan havfiskeflåten berre unntaksvis driv fiske innanfor 12-milssona.

Fylkesdelplanen for fiskerihamner, som vart vedteken av fylkestinget 11. desember 1997, omhandlar struktur for fiskerihamner og mottak av fisk.

Lovverk og forvaltning

Ressursforvaltninga av fisk og skaldyr er regulert gjennom sektorlovgjeving. Dette gjeld i særleg grad ressursuttak, minstemålsreglar, reiskapsreglar og fredingsområde og -tider. Saltvassfiskelova legg til rette for og styrer ein stor del av verksemda i sjø- og kystområde gjennom forskrifter og handsaming av konsesjonar og løyve. Saltvassfiskelova gjev òg heimel for å regulere anna verksemd enn fiske for mellom anna å verne om naturlege og kultiverte fiskeressursar.

Plan- og bygningslova (§ 20-4) gjev høve til å setje av område for fiske på sjø. Lova er òg eit sentralt verkemiddel når det gjeld forvaltning og samordning av fiskeriinteressene i høve til andre brukarinteresser i kystsona.

Fiskeridirektoratet Region Hordaland er viktigaste forvaltningsorganet på fylkesnivå.

Kystfisket

Fiske baserer seg på ein naturressurs som er fornybar under visse føresetnader. God forvaltning av fiskebestandar og ressursområde er difor avgjerande for stabilt og høgt utbytte over tid. Vern av viktige gyte- og oppvekstområde, kaste- og låssetjingsplassar og fiskeområde er hovudmål for forvaltninga av fiskeria i Hordaland. Det er vidare eit mål å utnytte ressursar som i dag er lite brukte, basert på betre informasjon om ressursen fisk.

Det er vanskeleg å skaffe presis bakgrunnsinformasjon om status for ressursen fisk og fiskerinæringa i fylket. Dette kjem av at statistikkane i hovudsaka vert utarbeidde etter kvar fangstane vert leverte, eller kvar fartøya høyrer heime. Detaljeringsgraden for fangstfelt er ikkje tilstrekkeleg til å fordele fangstane på ulike område/fjordar.

I kystsona i Hordaland vart det i 1997 fiska om lag 11000 tonn til ein førstehandsverdi på om lag 55 mill. kroner. For villaks og sjøaure var førstehandsverdien 1,9 mill. kroner i 1995. Her vart 29,2 tonn fiska i sjøen og 12,4 tonn i elvane (RS Hordaland, SSB).



Mange som driv kystfiske i dag, arbeider på marginale vilkår, og små endringar i rammevilkåra kan føre til store endringar i næringa. Kystfisket er svært viktig for å halde oppe ein levedyktig kystkultur, særleg i grisgrendte strok. I beredskapssamanheng er det også viktig å ha ein operativ kystflåte. Talet på fartøy og sysselsette i kystfiskeria kan oppsummerast slik:

- Det er registrert om lag 650 kystfiskefartøy (dvs. fartøy <25 m) i fylket.
- Om lag 500 personar driv kystfiske som eineyrke.
- I tillegg er det om lag 150 personar som driv både med havfiske og kystfiske.
- Om lag 500 personar driv berre havfiske.
- Totalt er det om lag 1150 yrkesfiskarar i fylket.

Ulike berekningar har synt at kvart årsverk i fiskebåten fører med seg tre-fire årsverk i avleidde verksemder. Fiskeria i Hordaland, med avleidde verksemder, utgjer om lag 4500 årsverk. Ein stor del av desse er resultat av kystfiske.

Ein vesentleg del av fartøya og fiskarane driv fiske i ulike område langs norskekysten. Vi har ikkje statistisk materiale eller andre undersøkingar som syner fordelinga av aktiviteten på heimstadkommune, heimstadfylke og andre regionar. På same måte som hordalandsfiskarane driv kystfiske i andre fylke, er det òg fiskarar frå andre fylke som driv kystfiske i Hordaland. Dette gjeld i særleg grad brislingfiske, der mellom anna Hardangerfjorden har deltaking frå størstedelen av brislingflåten i landet. I 1998 vart det fiska meir enn 1700 tonn brisling. Dette fisket er grunnlaget for dei tre sardinfabrikkane i fylket.

Forutan det viktige brislingfisket er fartøy frå andre fylke òg med i anna fiske, mellom anna reketråling, linefiske, ruse/-teinefiske etter ål, garnfiske etter breiflabb og notfiske etter makrell og sild.

Fiskeridirektoratet Region Hordaland har registrert gytefelt, rekefelt, viktige fiskeområde og kaste-og låssetjingsplassar i fylket. Med unntak av kaste- og låssetjingsplassane er det ikkje gjort vurderingar med sikte på å prioritere slike område ut frå relativ verdi. Det er heller ikkje gjort granskingar for å registrere oppvekstområde for fisk.

Utfordringar

Konkurranse mellom fiskeri og andre bruksinteresser

Kaste- og låssetjingsplassane i Hardangerfjorden har særskild nasjonal interesse i samband med det rike brislingfisket. Kaste- og låssetjingsplassane er utsette for konkurranse frå byggjeaktivitet i strandsona (båthamner/naust) og frå potensielle landfeste for skjelanlegg.

Potensialet for arealkonfliktar med tradisjonelt matfiskoppdrett er generelt lågt, sidan oppdrettsnæringa vanlegvis krev meir eksponerte lokalitetar. Fiske etter sei har likevel vorte problematisk fordi seien samla r seg kring oppdrettsanlegg, som har ei fiskeforbodssone på 100 meter.

Utlegging av sjøkablar og leidningar er problemfylt i viktige fiskeområde. Det same gjeld aktivitetar i samband med oljeverksemd, til dømes oppankring/testing av plattformer og testing av seismisk utstyr.

Kosthaldsråd for konsum av fisk
På bakgrunn av resultata i miljøgiftgranskingane i Byfjorden og områda rundt har Statens næringsmiddeltilsyn fråråd konsum av torskelever og ål frå heile området som er granska (fjordområda ved Bergen avgrensa i nord av linene Ramsøy-Vindenes i Hjeltefjorden, Hjertås-Heggernes i Herdlefjorden og Nordhordlandsbrua i Byfjorden og i sør av lina Klokkarvik-Lerøy-Bjelkarøy-Milde). Nye undersøkingar er under planlegging. Tilhøva i Sørfjorden/ Hardangerfjorden har vorte noko betre dei seinaste åra, og kosthaldsrådet for fisk vart oppheva i 1997. I følgje SFT er belastninga av tungmetall i overflatevatnet framleis uakseptabel i Sørfjorden, og det fråråd å ete skjel derifrå.

Manglande kunnskap om viktige ressursområde for fiskeri og mogeleg påverknad
Datakjeldene til informasjon om viktige ressursområde for fisk er ikkje fullgode, og det trengst revisjon. Det er ikkje gjort ei samla prioritering som eintydig syner kva område som har størst verdi.

Gyte- og oppvekstområda for fisk kan verte påverka av fysiske inngrep og forureining. Slik påverknad kan ha negativ effekt for bestandane både lokalt, regionalt og internasjonalt. Det trengst mellom anna betre innsikt i mogelege verknader av matfiskoppdrett, skjelsandopptak, seismikk og taretråling på gyte- og oppvekstområda for villfisk.



4.7 Havbruk

Definisjon og avgrensing

Med havbruk meiner vi all aktivitet i havbruksnæringa som er knytt til kystsona.

Omgrepet havbruk vert ofte nytta synonymt med akvakultur eller oppdrett. Oppdrettslova inneheld følgjande definisjon: «Med oppdrett menes i loven all virksomhet der en forer eller behandler levende fisk og skalldyr med sikte på konsum, for, reproduksjon, utsetting, forskning eller undervisning. Under lovens virkeområde faller også oppbevaring av levende fisk og skalldyr som ledd i oppdrettsvirksomhet.»



Laksenæringa er førebels heilt dominerande innan havbruksnæringa i fylket og elles i landet. Næringa omfattar mange ledd frå rogn/-yngelproduksjon via matfiskoppdrett til slakting, pakking og vidareforedling, marknadsføring og sal. Ei rekkje avleidde verksemder som sjø- og landtransport, utstyrsproduksjon, reparasjon/vedlikehald, forsking/undervisning, tenesteyting, forvaltning og kontroll trengst for å kunne halde næringa oppe og utvikle ho vidare. Skjeldyrking og oppdrett av marine artar er no i ferd med å utvikle seg. Desse aktivitetane kjem til å krevje tilsvarande avleidde verksemder som laksenæringa.

Lovverk og forvaltning

Oppdrettslova er det viktigaste lovverket for forvaltning av havbruksnæringa. Konsesjon/løyve for å drive oppdrett vert handsama etter denne lova. Handsaming av søknader om løyve til oppdrett er nærare omtala i vedlegg. Oppdrettslova inneheld eit forbod mot ferdsel nærare enn 20 meter frå oppdrettsanlegg og 100 meter når det gjeld fiske.

Fiskesjukdomslova med tilhøyrande forskrifter set rammevilkår for havbruksnæringa og er med på å utforme driftsmønster og struktur i næringa. Regelverket vert forvalta av veterinærstyresmaktene ved Statens dyrehelsetilsyn/distriktsveterinær.

Plan- og bygningslova (§ 20-4) gjev høve til å setje av område for akvakultur på sjø. Lova er òg eit sentralt verkemiddel når det gjeld forvaltning og samordning av havbruksinteressene i høve til andre brukarinteresser.

Laks og aure

Konsesjonsgrenser

Storleiken på matfiskkonsesjonar vert oppgjeven i kubikkmeter avstengt sjøvolum. Storleiken på ein laksekonsesjon kan for tida vere opp til 12 000 m^3. I 1996 vart det innført fôrkvotar, oppgjevne som fôrmengd pr. 1000 m^3 oppdrettsvolum, for tida 62,7 tonn/1000 m^3. Dette set grenser for produsert fiskemengd pr. konsesjon. Vidare er oppdrettsverksemda knytt til førehandsgodkjende lokalitetar. Kvar lokalitet er godkjend for eit avgrensa oppdrettsvolum, mellom anna med utgangspunkt i resipientkapasiteten. Dette volumet kan vere mindre eller større enn 12 000 m^3. I mange tilfelle kan det difor vere aktuelt med samlokalisering av fleire oppdrettskonsesjonar. For å kunne drive rasjonelt og minske smittepresset bør kvar konsesjon ha tilgang på tre

lokalitetar. Ny driftsforskrift av 1. januar 1999 krev brakklegging av lokalitetar annakvart år.

Storleiken på ein setjefiskkonsesjon vert oppgjeven i kor mange sjøferdige setjefiskar det er tillate å produsere pr. år. For tida er maksimumsgrensa 2,5 millionar sjøferdige setjefiskar pr. år. Konsesjonsstorleiken vert fastsett ut frå mellom anna kor mykje ferskvatn eigaren har tilgang til i produksjonen.

Lokalisering og avstand mellom anlegg

Epidemiologiske studiar har vist at risikoen for vassboren overføring av smittestoff frå ei eventuell smittekjelde til fisk i eit anna anlegg eller til villfisk kan reduserast med auka avstand mellom mogelege smittekjelder og mogelege mottakarar av smittestoff. Det er kjend at smittestoffa får mindre overlevingsevne med tida når dei flyt fritt i sjøvatn. Under føresetnaden av at smittestoff vert jamt spreidde i vassmassane i alle retningar frå ei kjelde vil fortynninga av smittestoffa auka med avstanden frå kjelda. Dette er ikkje alltid tilfelle og ein må difor i tillegg vurdere ei rekkje andre faktorar som kan verke innpå spreiing av smittestoff og skadane slik spreiing kan valde. Slike faktorar er t.d. straum, djupne, saltinnhald, botntilhøve (topografi og sediment), geografiske tilhøve og total biomasse i området, plassering av andre anlegg, fiskeslakteri, not-vaskeri, vandringsruter for villfisk, plassering i høve til elvar med viktige bestandar av villfisk og anna.

Veterinærstyresmaktene sett krav til avstand mellom anlegg avhengig av art, type anlegg og tilhøva på staden. Det vanlege er 1 og 5km mellom anlegga.

Munningsfreding og mellombelse sikringssoner

Munningsfreding vart innført i 1997 for om lag 50 av dei viktigaste laksevassdraga i Hordaland. Denne fredinga fører til reguleringar av fisket i saltvatn med fiskeforbod i eit avgrensa areal i sjøområde der elva renn ut.

Mellombelse sikringssoner vart oppretta i 1989. Sikringssonene er eit tiltak for å redusere angrep av lakselus på villaks og hindre genetisk forureining. Verknaden av sikringssonene er omstridd, men det er vedteke å la sonene stå ved lag inntil vidare i påvente av oppfølginga av innstillinga frå Rieber Mohn-utvalet (NOU 1999: 9). I ei sikringssone er det ikkje tillate med nye etableringar av opne merdanlegg for anadrome (vandrande) laksefiskar eller andre ferskvassartar. Anlegg for oppdrett av marine artar og skjel kan tillatast i sikringssoner. NOU 1999: 9 føreslår at Vosso og Etneelva i Hordaland vert verna som "nasjonale laksevassdrag", med oppretting av sikringssoner i fjordane utanfor vassdraga .

Status og utvikling

Hordaland er det leiande produksjonsfylket for oppdrettsfisk i Noreg. Lakseartane er atlantisk laks Salmo salar og regnbogeaure Oncorhynchus mykiss. Noreg ligg innanfor det naturlege utbreiingsområdet for den atlantiske laksen og er i dag det viktigaste reproduksjonsområdet i verda for denne arten. Lakseoppdrett vert frå somme hald sett på som eit trugsmål mot dei ville laksebestandane på grunn av rømming, reproduksjon av oppdrettslaks i konkurranse med villaks og spreiing av fiskesjukdomar og parasittar. Regnbogeauren er innført til landet og har sitt naturlege leveområde i Stillehavet og i vassdrag som drenerer til Stillehavet. Regnbogeauren reproduserer



ikkje naturleg i Noreg, men er elles i hovudsak utsett for dei same sjukdomane og parasittane som laksen.

Begge artane er anadrome, det vil seie at dei gyter og lever den første tida i ferskvatn. Deretter vandrar fisken til havet, der tilveksten vert mangedobla fram til kjønnsmodning. Kjønnsmoden fisk vandrar tilbake til vassdraga for å gyte. Gytefisken finn stort sett attende til same vassdrag som han voks opp i. I naturen gyter laksen om hausten, medan utvandringa frå vassdraga skjer om våren. Ungfisk som vandrar frå elva til sjøen, vert kalla smolt. Regnbogeauren gyter naturleg om våren og har eit mindre markert smoltstadium enn laksen.

I oppdrettet har dei gjennom avl og manipulering med lysperiode endra både gyte- og smoltifiseringstidspunkt, slik at overføring av smolt frå setjefiskanlegg til sjøanlegg i prinsippet kan skje uavhengig av årstida. Fleire smoltuttak i året opnar for betre ut-nytting av tilgjengeleg ferskvatn og skaper grunnlag for ein jamnare og mindre sesong-avhengig matfiskproduksjon. Smolt vert til dels transportert over store avstandar i samband med utsetjing i sjøen. Slike transportar skjer både med tankbilar og med brønnbåtar.

I Hordaland var det pr. 31. desember 1999 74 setjefiskanlegg, 139 matfiskanlegg, 6 stamfiskanlegg og 7 forskings- og utviklingsanlegg. I 1996 vart det produsert om lag 27 millionar setjefisk til ein verdi på om lag 220 millionar kroner i fylket. Matfiskproduksjonen av rund/sløgd laks og aure var om lag 67700 tonn til ein førstehandsverdi på om lag 1,5 milliardar kroner.

Det vart utført om lag 690 årsverk ved setjefiskanlegga og matfiskanlegga. Ulike undersøkingar har synt at eit årsverk i setjefisk- og matfiskproduksjon gjev opphav til tre-fire årsverk i avleidde verksemder.

Laksesektoren og supplerande verksemd i Hordaland utgjer totalt om lag 3100 årsverk.

Utvida fôrkvotar og produksjonsauke i matfiskproduksjonen fører til auka press på setjefiskproduksjonen. Auken i konsesjonsrammene til maksimalt 2,5 millionar sjøferdige setjefiskar pr. konsesjon har igjen auka presset på tilgjengelege ferskvassressursar for setjefiskoppdrett. Ei rekkje setjefiskanlegg i Hordaland slit i dag med knappe vassmengder og dårleg vasskvalitet, særleg på grunn av sur nedbør. Høg kvalitet på setjefisken er mellom anna avhengig av tilstrekkeleg vassmengd og vasskvalitet. Tilgangen på godt vatn er i ferd med å verte ein flaskehals for setjefiskproduksjon og dermed for matfiskproduksjonen av laks og aure.

Det er registrert 143 konsesjonar for matfiskoppdrett av laks og aure i Hordaland. Desse nyttar til saman 299 lokalitetar, 214 einskildlokalitetar og 85 vert nytta av to eller fleire konsesjonar. Brakklegging av lokalitetar som førebygging mot smitte fører til at ikkje alle er i drift samstundes. Gjennomsnittleg er vel halvparten av lokalitetane i bruk til kvar tid.

Medrekna ferdselsforbod på 20 meter legg eit vanleg matfiskanlegg på 12 000 m^3 beslag på om lag 20 dekar sjøareal. Dei 299 lokalitetane legg til saman beslag på om lag 6830 dekar (6,8 km^2). Dette utgjer 0,17 prosent av sjøarealet i fylket, som er på totalt 3923 km^2 (innanfor grunnlina).

Behov for nye areal til eksisterande laksekonsesjonar
For å tilfredstille ein miljø- og helsemessig god produksjon trengst om lag 30 nye lokalitetar til eksisterande konsesjonar i Hordaland. Dersom kvar legg beslag på 20 dekar vil dette utgjere 600 dekar og dermed ein auke på 8,8 prosent i høve til dagens situasjon. Eventuell samlokalisering kan redusere arealbehovet. Ved ein auke som skissert vil dei noverande laksekonsesjonane leggje beslag på totalt 7430 dekar eller 0,19 prosent av sjøarealet i fylket. Det er framleis nokre lokalitetar som ikkje er gode nok etter dagens krav. Det kan ventast at ein del lokalitetar vert frigjevne til andre føremål ved flytting av anlegg.

Utviklinga innan produksjon av laks og aure
Med unntak av Finnmark er det ikkje tildelt konsesjonar for laks og aure sidan 1985. Dei tildelte konsesjonane nærmar seg full utnytting, og det er kome politiske signal om at nye konsesjonsrundar kan ventast i nær framtid.

I tillegg til konsesjonsavgrensinga har produksjonen av laks, grunna EU-avtale, dei siste åra vore regulert med fôrkvotar. Fôrkvotar kjem truleg til å auke med 10 prosent årleg. Dette tilseier at produksjonskvantumet kjem til å auke tilsvarande. Sjølv om talet på konsesjonar har vore uendra sidan 1985, har produsert kvantum auka for kvart år. Dette har si årsak i effektivisering av produksjonen.

Utviklinga går i retning av større einingar både innan setjefisk- og matfiskoppdrett, anten ved at merdvolumet pr. konsesjon vert utvida, til dømes frå 12 000 til 15 000 m^3, eller gjennom samlokalisering av fleire konsesjonar. Det vert behov for meir eksponerte lokalitetar med betre vassutskifting og større resipientkapasitet. Dette vil krevje meir robust teknologi og at lokalitetane vert godkjende for større volum og andre volumgrenser enn i dag. Ei slik lokalisering kan syne seg å redusera det totale arealbehovet i matfiskoppdrettet. Det er viktig at styresmaktene vurderer slike tilhøve ved planlegging av område for havbruk i framtida.

Gode prisar på regnbogeaure på den internasjonale marknaden har ført til auka interesse for oppdrett av denne arten. Fjordar med kraftig ferskvasspåverknad til dømes Osterfjorden, har synt seg vel så eigna for aureoppdrett som for lakseoppdrett. Aure er fleire stader i ferd med å ta over for laks som oppdrettsart. Dette kan mellom anna redusere nokre av dei uønskte effektane av rømming.

Utviklinga vil truleg gå i retning av færre og større slakterieiningar. For å unngå blanding av smolt frå fleire setjefiskprodusentar i same matfiskanlegg vil det òg vere ønskjeleg med større einingar innan setjefiskproduksjonen.

Det bør vere eit mål at setjefiskproduksjon og annan akvakulturproduksjon i større grad enn i dag vert lokalisert i lag med annan vassforbrukande industri, til dømes smelteverk, ilandføringsterminalar, oljeraffineri og gasskraftverk. Forutan å få tilgang til store vassmengder og høve til ombruk av vatn kan ein på slike stader utnytte energiressursar som elles går til spille. Med energi meiner vi her både varme og den potensielle energien som ligg i fallhøgda på vatnet. Nye industrianlegg bør planleggjast med sikte på fleirbruk og med havbruk som eit viktig element.

Ei utvikling av havbruksnæringa som skissert ovanfor vil vere i samsvar med



hovudmåla i fylkesdelplanen, både når det gjeld å utnytte eksisterande infrastruktur, unngå unødig bandlegging av nye areal og redusere transportbehovet.

Marine artar i oppdrett

Skjeldyrking og oppdrett av andre marine artar er førebels lite i omfang. Det er registrert auka interesse for konsesjonar for marin fisk og skjel. Vi har ikkje gode data om produksjon og sysselsetjing. Dei marine anlegga er generelt mindre og har strengare produksjonsavgrensingar enn laksekonsesjonane. I mange høve kan anlegg for marin fisk og skjel nytte lokalitetar og areal som ikkje er optimale for lakseproduksjon.

Marin fisk

Kveita er den arten som det er størst forventningar til med tanke på oppdrett av marine fiskeartar. Auka prisar på torsk kan føre til større interesse for denne arten. Det er no aukande interesse for torsk. Hittil er det yngelproduksjonen som har vore den avgrensande faktoren både i torske- og kveiteoppdrett.

Piggvar er ein annan etterspurd art Piggvaren er varmekrevjande og er difor aktuell i tilknyting til anlegg som produserer spillvarme. Oppdrettsteknologi for piggvar er etablert i løpet av dei siste 15 åra og er tilstrekkeleg både for yngel- og matfiskstadiet.

Flekksteinbit er ein kaldtvassart som det er forventningar til som oppdrettsfisk. Åleoppdrettet i Noreg består vesentleg av småskalaanlegg basert på oppfôring av villfanga ål.

Nokre kystfiskarar fôrar opp villfanga småtorsk, men førebels har ikkje dette vorte særleg omfattande. Fôring av makrell frå hausten til våren for å utnytte marknadspotensialet betre, har eit visst omfang. Vidareutvikling innan oppfôring av villfisk er avhengig av marknadsutviklinga. Eit allment synspunkt for tida er at det kan ventast auka prisar på fisk frametter. Dette skulle indikere at oppdrettsaktivitet på marine artar kjem til å auke.

Skjeldyrking

Skjeldyrking er ei stor næring internasjonalt med ein årleg produksjon på over 9 millionar tonn i 1998 (FAO). Langs norskekysten er det gode naturlege føresetnader for dyrking av skjel. Det er ingen kjende sjukdomar på ville skjel i Noreg. Potensialet for dyrking er stort. I Europa vert det konsumert meir skjel enn det vert produsert slik at Noreg vil kunne produsere for ein marknad som er kjend frå laksenæringa.

I dei seinare åra har det vore arbeidd aktivt for å utvikle skjeldyrking som ny næring i Noreg. "Skjellprosjektet" er eit frivillig samarbeid mellom næringsutøvarar, FoU-miljø og forvaltninga. (SNP). Prosjektet starta med kamskjel, men femner no om alle typar skjel. "Skjellprosjektet" er det einaste næringsutviklingsprosjektet i full skala for nye marine artar i oppdrett i Noreg. Fiskeridirektoratet er sekretariat for "Skjellprosjektet".

"North Atlantic Shellfish Management" (NAM) er namnet på eit internasjonalt prosjekt under EU sitt Interreg IIC program for Nordsjøregionen. Programmet har som føremål å framme det det inter-regionale samarbeidet kring Nordsjøbassenget. NAM-prosjektet skal gjennom å nytte planleggjing som reidskap gje bidrag til positiv utvikling av skaldyrnæringa i Norsjøregionen.

Skjelnæringa er framleis i ein oppbyggings- og utviklingsfase men er kome mange steg på vegen mot kommersialisering. Bildet er noe ulikt for dei ulike artane. Blåskjel er den arten som får først størs volum for sal. Utviklinga av skjelnæringa vil vere avhenging ressursar for å løyse utfordingar biologisk, teknologisk og marknadsmessig. "Skjellprosjektet" har presentert utfordringane for skjelnæringa i rapporten "Forskning- og utviklingsstrategi for skjelnæringen, november 2000."

Kamskjel, flatøsters og blåskjel er aktuelle artar for dyrking i Hordaland. Artane har ulike krav til miljø, botntopografi og areal. Generelt indikerer dagens kunnskapar at kamskjeldyrking er mest aktuelt i ytre strok, medan blåskjel truleg kan vere mest aktuelt i fjordar og indre kyst. Flatøsters er den mest varmekjære av artane og har størst krav til planteplanktonproduksjon. Dette gjer at "varme pollar" og fjordar er ideelle.

Det einaste yngelproduksjonsanlegget for kamskjel i landet ligg i Øygarden. Yngelproduksjon av østers går føre seg i spesielle pollar i Sunnhordland. Forskingsmiljøet i Bergen er leiande i landet når det gjeld kunnskapar om skjel.

I dag er det Trøndelag, Rogaland og Sogn og Fjordane som er dei fremste skjelfylka i landet. Dei mange føremonene tilseier at også Hordaland kan verte eit føregangsfylke innan skjeldyrking dersom det vert stilt areal til rådvelde for slik produksjon. Flaskehalsar for næringa er m.a. stabil tilgang på yngel, algegiftar og eigna areal.

Fiskeridirektoratet har i samarbeid med Skjellprosjektet utarbeidd prognosar for hausting av skjel dei neste 20 åra. Under føresetnader om satsing frå næringa og det offentlege syner prognosane at det er mogleg å auke produksjonen frå 10800 tonn i 1999 til 120 000- 160 000 tonn i 2030.

Potensialet for skjeldyrking i Hordaland treng ei eiga utgreiing.

Utfordringar

Havbruk er den kystnæringa som veks raskast. Vi står difor overfor særleg store utfordringar når det gjeld berekraftig forvaltning av denne næringa.

Tilgang til eigna areal/reserveareal for havbruk

Havbruksmeldinga (St. meld. nr. 48 (1994-95) Om havbruk) slår fast at ein føresetnad for å nå vekstmåla i oppdrettsnæringa rekna i lokalitetar og berekraftig utvikling er god tilgang på høvelege areal langs kysten. Førebyggjande helsearbeid i oppdrettsnæringa gjer næringa plasskrevjande i den forstand at det trengst stor avstand (1-5 km) mellom anlegga. Kravet gjer at kvart anlegg for oppdrett av laks i sjøen må disponere tre til fire lokalitetar.

Sjølv om landet samla sett har eit stort potensial for ekspansjon i næringa, er det stor mangel på lokalitetar i ei rekkje kommunar. I havbruksmeldinga vert Hordaland trekt fram som døme på eit fylke der det knyter seg mange vanskar til ei vidare utvikling av havbruksnæringa på grunn av manglande disponibelt areal. Denne påstanden må likevel nyanserast sidan nytt utstyr og betre kontroll med fôrspill/ureining gjer at vi framleis har eit stort unytta potensial i fylket.



Like viktig som krava til planlagd drift i oppdrettsnæringa er behovet for fleksibilitet og høve til å ta i bruk andre løysingar for å oppretthalde drifta i anlegg i spesielle situasjonar. Dette inneber at ein ikkje må vere for snar til å sjå bort frå andre areal til akvakulturføremål i plansamanheng, dersom ikkje andre interesser må prioriterast

Arealbruken og lokaliseringa av oppdrettsanlegg i Hordaland har ikkje vore bestemt ut frå dei miljømessig rasjonelle kriteria som gjeld i dag. Synet på "gode" lokalitetar har endra seg i takt med erfaring, teknologi, sjukdomsutbrot og eigarstruktur. Samtidig har lovverket i form av flytteforskrifter bremsa på flytting av anlegg. Dette har ført til at vi i dag ikkje har optimal utnytting av areal og kapasitet.

Rømming av oppdrettsfisk
Rømming av fisk er framleis eit alvorleg problem for næringa og vert rekna som eit trugsmål mot det biologiske mangfaldet. Nasjonal tiltaksplan mot rømming av oppdrettsfisk føreslår betre driftsrutinar, typegodkjenning av anlegg og krav om internkontroll som tiltak for å avgrense rømming av oppdrettsfisk.

Forureining frå havbruk
Havbruksanlegg er ei ikkje uvesentleg kjelde til utslepp av næringssalt og organisk stoff. Sjølv om betre fôrkvalitet og effektivisering av driftsrutinar har redusert utslepp per tonn produsert fisk, har den store veksten i produksjonen likevel ført til ein total auke. Medan utsleppa frå kommunalt avløp og industri har gått ned sidan 1985, er tendensen den motsette for oppdrettsnæringa.

Det har vore auke i den totale tilførsla av næringssalt på kyststrekninga Stavanger-Finnmark sidan 1985, med fiskeoppdrett som den største kjelda. Medan dei lokale ureiningsproblema er reduserte, først og fremst at ein i dag nyttar meir eksponerte lokalitetar, er den regionale eutrofieringa med auka planteplanktonproduksjon av kystvatnet, vesentleg. Det er grunn til å overvake forholda. Forbruket av antibiotika i oppdrettsnæringa er sterkt redusert dei seinare åra.

Konfliktar mellom havbruk og andre bruksinteresser
Oppdrett kan kome i eit konfliktfylt tilhøve til verneinteresser som biologisk mangfald, landskapsverdiar, kulturmiljø og andre bruksinteresser som friluftsliv og fiske. Etablering av oppdrettsanlegg kan i visse høve føre til inngrep i strandsona og etablering av annan infrastruktur på land (til dømes el-forsyning og veg). Det er i dag mogeleg og vanleg at anlegga vert konstruerte som sjølvforsynte einingar. Dette gjer oppdrettaren meir fleksibel i høve til flytting og er eit godt tiltak for å avgrense ikkje-reversible naturinngrep på land. Ein uheldig verknad av sjølvforsynte anlegg kan vere meir støy frå aggregat og liknande. Retningsliner for matfiskoppdrett/ skjelkultur i høve til område som er bandlagde etter naturvernlova, er ikkje avklarte.

Styrkje planlegging for havbruk
Mål og strategiar for utvikling av havbruksnæringa bør følgjast opp i Strategisk næringsplan for Hordaland. Kva mål vi ønskjer for utviklinga av næringa i fylket, er viktig for prioriteringa med tanke på lokaliseringskonfliktar mellom anlegg for forskjellige artar. Det er òg viktig i høve til det målet som er sett for totalt ønskjeleg produksjonsvolum og for talet på anlegg.

Planlegginga på kommunenivå bør ta omsyn til resipienttilhøva og at nabokommunar ofte har felles resipientar. Det er difor viktig med samordning av planarbeid i nabokommunar slik at ein i ettertid unngår interessekonfliktar.

For å sikre at planane vert eigna verktøy for forvaltning av ei næring i utvikling, må dei reviderast/rullerast hyppig.

Kartlegging av ferskvassressursar for setjefiskproduksjon
Ferskvatn av god kvalitet for setjefiskproduksjon kan verte ein knapp ressurs. Det bør gjerast berekningar av det framtidige behovet for godt ferskvatn og kartlegging av vassmengdene og vasskvaliteten i eksisterande og potensielle vassdrag for setjefiskproduksjon. Utviklinga krev nytenking om lokaliseringa og bruken av vassressursar og spillvarmeressursar. I denne samanhengen kan det vere aktuelt med samlokalisering av havbruksanlegg og annan vasskrevjande industri.

Manglande kunnskap
Sjølv om forskingsmiljøa har samla inn data om det marine miljøet i ei årrekkje er det framleis manglande innsikt i t.d. straumsystema i kyst- og fjordvatn i Hordaland. Det trengst meir kunnskap om havstraumar og straumtilhøve for å kunne vurdere lokalisering av oppdrettsanlegg på ein god måte. Straumsystema har avgjerande verknad for spreiing av til dømes smittestoff, lakselus og algar. Identifisering av område med oppstuing av algar kan vere nyttig når ein skal lokalisere anlegg for skjeldyrking, som krev god næringstilgang. Ny forsking og samanstilling av eksisterande informasjon kan såleis verte lønsamt både for å redusere sjukdomsrisikoen hos fisk og for å finne område med gode vekstvilkår for skjel.

Havforskingsinstituttet sit inne med kunnskap om straumsystema, hovudsakleg i form av storskaladata. I tillegg er det dei siste åra utført lokale straummålingar på mange potensielle lokalitetar langs kysten. Systematisering av eksisterande data kan vere oppstarten på ei slik kartlegging. Det er ønskjeleg med kartfesta informasjon om havstraumar i ein felles database til bruk for aktuelle forvaltningsorgan.

4.8 Samferdsel

Definisjon og avgrensing

Vi tek her opp sjøtransport av gods og passasjerar og tilhøyrande infrastruktur som farleier, trafikk- og godshamner, fiskerihamner, opplags- og ankringsplassar. Annan infrastruktur relatert til samferdsel, til dømes kablar, røyr og leidningar i sjø, vert òg omhandla.

Farleiene er transportårene for sjøtransporten langs kysten og for innsegling frå og utsegling til havområda utafor kysten. Leia er som oftast bestemt av naturgjevne tilhøve som øyar, holmar, skjer, grunnar osb. Desse tilhøva avgrensar leia både i djupne og breidd og med omsyn til retningsendringar. Konstruksjonar som bruer og luftspenn kan vere avgrensande for kva trafikk som kan segle i leia. Det er difor viktig at det på alle plannivå er ei medviten haldning til dei rammevilkåra som må vere til stades for å oppnå ei effektiv sjøverts samferdsel.



Farleinettet er det nettverket av farleier som dekkjer norske farvatn, og som dannar det fysiske grunnlaget for dei sjøgåande transportrutene på norsk område. Farleisystemet omfattar nettverket av sjøverts transportårer og er eit nasjonalt geografisk referansesystem for tiltak innan forvaltning, planlegging, utbygging og operativ verksemd i kystsona. Farleiene er inndelte i fire kategoriar:

- Hovudleier: leier som vert nytta til trafikk til og frå viktige hamner og gjennomfart (transitt) langs kysten. Hamner tyder i denne samanheng hamner som i nasjonal eller regional samanheng er viktige for samferdsel, transport eller infrastruktur, medrekna trafikknutepunkt som bind saman landverts og sjøverts ferdsel.
- Bileier: leier som ikkje er hovudleier, men som vert nytta til trafikk til og frå industristader eller andre utskipings- eller importstader, trafikk til andre hyppig brukte anløpsstader, ankringsplassar osb. medrekna ferjetrafikk i riks- eller fylkesvegnettet.
- Fiskerileier: leier som i hovudsak vert nytta av fiskefartøy, til dømes trafikk mellom fiskerihamner og fiskefelt og trafikk mellom fiskerihamner og hovudleier eller bileier.
- Lokalleier: leier som berre vert nytta til lokaltrafikk og av småbåtar innanfor ein kommune eller kommunar med felles hamnedistrikt.

Lovverk og forvaltning

Det viktigaste sektorlovverket er hamne- og farvatnlova som har til føremål å leggje tilhøva til rette for planlegging, utbygging og drift av hamner og å tryggje ferdsla. Etter reglane i hamne- og farvatnlova krevst det løyve for alle fysiske tiltak i sjø og for ei rekkje ulike former for bruk og utnytting av kystfarvatna. Typiske tiltak som krev løyve er utfylling i sjø, dumping av massar og ting i sjø, kaiar, flytebryggjer, offshore-innretningar, oppdrettsanlegg, røyrleidningar, kablar, bruer/luftspenn, oppankring/opplag/fortøyingar og anna.

Spesielle seglingsreglar gjeld for enkelte farvatn. I Hjeltefjorden og Fensfjorden er til dømes innført spesielle seglingsrestriksjonar i innseglingsleia til Sture og Mongstad,

og det avgrensa området er avmerkt på sjøkarta. I Bergen hamn og enkelte andre avgrensa farvatn i Hordaland gjeld spesielle fartsgrenser på sjøen.

Det er fastsett normer for frie seglingshøgder. I hovudleia til viktige hamner skal seglingshøgda vere 62 meter, i hovudlei generelt 41 meter, i bilei 30 meter og i lokallei 22 meter. Seglingshøgdene vert likevel vurderte ut frå behovet for sjøverts ferdsel i kvart enkelt høve. I Hordaland er krava til fri seglingshøgd for dei fleste fjordkryssingane over hovudleia auka frå 41 til 50 meter. For bileier og lokalleier finst det avvik frå norma begge vegar: somme frihøgder er oppjusterte og andre nedjusterte i høve til normene.

Vidare regulerer lova ulike tilhøve som pålegg om fjerning av innretningar, seglingsføresegner, hamnedistrikt/-grenser, føresegner om fartsgrense, skilt for ferdselsregulering osb. Byggje- og anleggstiltak i sjø treng løyve frå hamnestyresmaktene. Om den formelle avgjerdsretten ligg under Fiskeridepartementet, Kystverket, distriktskontora til Kystverket eller kommunale hamnestyresmakter, er avhengig av kor stort tiltaket er, og kva følgjer det kan få for ferdsla.

Plan- og bygningslova (§ 20-4) gjev høve til å merkje av ferdselsområde på sjø i arealdelen i kommuneplanen. Lova er òg eit sentralt verkemiddel når det gjeld forvaltning og samordning av samferdselsinteressene i høve til andre brukarinteresser.

Kystrelatert samferdsel

Sjøtransport har i alltid vore den viktigaste kommunikasjonsmåten på Vestlandet. Dei naturgjevne tilhøva for sjøtransport er gode, og det meste av godstransporten går over sjø. Sjøtransport er spesielt eigna for store godsmengder med høg eigenvekt som skal fraktast langt. Sjøtransport har ei dominerande rolle i utanrikstransporten og står for 95 prosent av både mengdene og transportarbeidet på norsk område når vi ikkje reknar med olje frå Nordsjøen. I Noreg utgjer sjøtransporten 56 prosent av transportarbeidet for gods når vi held røyrtransport utanom. Trafikkproblema på landjorda aukar stadig både i Noreg og i resten av Europa. Sjøverts ferdsel vert i denne samanhengen trekt fram som eit økonomisk og ressurs- og miljømessig godt alternativ.


EU har sett seg som mål for den transportpolitiske utviklinga å overføre meir av veksten i godstransporten frå veg til mellom anna nærsjøfart. I tillegg til at det har vorte stadig dårlegare, er det grunn til å tru at landtransporten kjem til å verte pålagd stadig fleire miljø- og økonomirelaterte restriksjonar. Hordaland har eit særleg godt grunnlag for å satse meir på sjøbaserte transportløysingar til resten av Europa. Hamnene på Vestlandet bør kunne nytte dei føremonene som ligg i nærleik til eksportindustrien (50 prosent av norsk eksporttonnasje) og dermed til gods som skal fraktast. Situasjonen i dag er at ein del gods vert transportert frå Vestlandet på veg, for så å verte lasta om til skip i Søraust-Noreg eller Sør-Sverige.

Trafikk- og godshamner

Hamnene på Vestlandet er viktige knutepunkt i nasjonale og internasjonale transportkorridorar. Vestlandet har som nemnt 50 prosent av den norske eksporttonnasjen, eksklusive olje og gass. Vestlands-hamnene er difor viktige for norsk næringsliv.



Bergens-området er eit særleg viktig knutepunkt for sjøtransport. Bergen og Omland havnedistrikt vert rekna som den tredje største hamna i Europa, målt i transportert volum. Om lag 90 prosent av transporten gjeld oljeråstoff og produkt frå Mongstad- og Sture-området. Distriktet har gode hamnefasilitetar, og regionen har potensial til å vidareutvikle ei god internasjonal hamn. Hamnestellet har informasjon om anløpsfrekvens, liggjetid ved kai, gods og passasjertal. (Meir detaljert informasjon er å finne i Hamneplan for Bergen.)



Figur 4.1
Trafikk, gods (i tonn) og passasjerar i 1993 og 1994

Kjelde: Kystverkets 2. distrikt, Fylkesstatistikk Hordaland 1996

Det var sterk auke i godstrafikken i Hordaland frå 1993 til 1994. Hordaland er nettoeksportør av varer. Mykje av det vi eksporterer, går landverts via Oslo, Gøteborg og København. Ein auke av sjøverts transport er difor eit viktig element i satsinga framover og i planar for kystsona. Det er utforma eit notat "Bergen - et knutepunkt i nasjonale og internasjonale transportkorridorer" (1996) i samarbeid mellom Hordaland fylkes-kommune og Bergen kommune. Notatet gjev viktige innspel til den regionale tenkinga om sjøverts ferdsel.

For at sjøtransporten skal fungere godt i høve til det landbaserte transportsystemet, er han avhengig av eit effektivt hamne- og terminalsystem og god tilknyting mellom hamnene og veg- og jernbanenettet. I tillegg til dei offentlege hamnene er det mange større og mindre private hamner. Manglane ved infrastrukturen for sjøtransport heng saman med arealbehov, tilkomstløysingar og tilrettelegging for containerar i hamnene. På grunn av den generelle auken i containertrafikken bør Hordaland fylke vurdere eigna område for potensielle nye hamneutbyggingar.

Det er vanskeleg å planleggje utviklinga i hamnestrukturen. Kystverket peikar på at Stavanger hamn ligg nesten brakk på grunn av store private utbyggingar i Sola-området. Private hamner kan ofte konkurrere både på pris og tilgjenge og vert dermed eit trugsmål mot den nasjonale hamnestrukturen.

Hordaland har to offentlege hamner med eigen administrasjon: Bergen og Omland hamnevesen (BOH) og Stord hamnestell. BOH omfattar 11 kommunar frå Os i sør til Austrheim i nord. Interkommunalt hamnesamarbeid har synt seg å gje meir rasjonelle totalløysingar for godstransporten enn det mindre kommunale hamner kan tilby. Trekantsambandet kjem til å knyte Stord-Bømlo nærare ei større trafikkhamn i Nord-Rogaland. Bømlo og Sveio er med i Karmsund hamn. Karmsund hamn har inne søknad om status som regional hamn og har ambisjonar om å oppnå status som nasjonalhamn. Interkommunalt hamnesamarbeid i Sunnhordlands- og Hardangerregionen vert òg drøfta, men for tida er framtidig hamnestruktur i den delen av fylket noko uklar.

Utviklinga framover innan sjøtransport vil truleg gå i retning av stadig større og meir spesialiserte skip. Dette peikar igjen mot prioritering av få og større hamner som har gode kommunikasjonar på landsida og moderne og godt dimensjonert mottaksutstyr. Dei hamnene som er tiltenkte denne rolla, er nasjonalhamnene.

Fiskerihamner

Hordaland fylke har ein vedteken fylkesdelplan for fiskerihamner frå 1997. Hovudkonklusjonen er å byggje vidare på eksisterande hamnestruktur ved å styrkje felles organisering og marknadsføring. Dette skil seg frå til dømes organiseringa i Sogn og Fjordane, der dei satsar på éi hamn (Måløy) med alle funksjonar. I Hordaland er målet at fleire hamner i felles nettverket "Bergen og omland fiskerihamn" til saman skal dekkje desse funksjonane.

Når det gjeld dei mindre statlege fiskerihamnene i fylket, er det for tida i gang eit prosjekt "Dei gamle fiskerihamnene - er dei framleis av verdi for kystfiskarane si næringsverksemd?» i regi av Fiskeridirektoratet region Hordaland. Fiskerihamnene er klassifiserte i fire grupper: stor, noko, avgrensa eller ingen verdi for fiskeri-interessene. Klassifiseringa bør leggjast til grunn for avklaring av kva hamner som kan gå ut som fiskerihamner og nyttast til andre føremål.

Fylkesdelplan for fiskerihamner omhandlar ikkje dei statlege fiskerihamnene som er gjennomgått her. Det er behov for revisjon av fiskerihamneplanen. Det er klassifisert 107 prosjekt der staten har nytta fiskerihamnemidlar.

Opplagsplassar og ankring

Opplagsplassar for skip kan verte mangelvare i framtida på grunn av behovet for lagring av demobiliserte offshore-installasjonar og opplag av tankskip når oljeprisane er låge. I det siste tilfellet kan det verte aktuelt med langvarig opplag, fordi dei båtane som først går ut av trafikk, er dei eldste med manglande klassing. Opplagsplassane som vart nytta sist på 70- og 80- talet, har i mange høve framleis infrastruktur (fortøying, vatn og straum), men er ofte ikkje arealmessig sikra og kan vere delvis utbygde til andre føremål. I dag vert opplag forvalta gjennom forskrift til hamne- og farvatnlova. Det er ønskjeleg at dette arealføremålet vert meir nytta i kommunale arealplanar.

Opplysningar om lokalisering av beredskapshamner i forsvarssamanheng er klassifisert informasjon. Det finst i tillegg område som er avsette til strandsetjing av havaristar.

Behovet for ankringsplassar har endra seg i takt med endringar i flåtestrukturen. Større havgåande båtar som lett tek seg fram i mørke og dårleg ver, har gjort behovet for mange lokale ankringsplassar mindre. Det er likevel naudsynt å verne om dei sentrale, viktige ankringsplassane.

Kablar, røyr og leidningar i sjø

Kablar, røyr og leidningar i sjø er ein viktig del av infrastrukturen. Kablar og røyr ligg ofte på kryss og tvers i fjordane. I Rogaland har dei kartlagt hovudtraseane for kablar i samarbeid med sentrale kommunar, Fiskeridirektoratet og interesse-organisasjonar som Fiskarlaget Vest. Kystverket skal gjennomføre ei liknande kart-legging av kabeltrasear i Hordaland.

Det vert lagt press på kabelselskapa for at dei skal samlokalisere kablar og røyr i felles trasear. Hovudforsynings- og reserveforsyningskablar for straum vert ofte lagde kvar for seg for å unngå at begge vert skadde samstundes. Oppheving av telemonopolet har ført til ei rekkje nye søknader om å få leggje kommunikasjonskablar.



Naturgass Vest, Hordaland Olje- og Gassenter (HOG) og andre, planlegg ein gassleidning i Hordaland. Det kan leggje føringar for eventuell samlokalisering av andre røyr og kablar i den same frigjevne traseen.

Tiltak og beredskap mot ulukker

I hovudleia i ytre Nordhordland vert det årleg registrert om lag 40 000 seglingar med kryssande kurs, til dels gjennom tronge sund. Om lag 15 prosent av dette er trafikk med store tankskip - det vil seie éi tankskipkryssing annankvar time heile året. 96 millionar tonn oljeprodukt vart frakta på kjøl i dette området i 1999.

Eit større uhell med tankskip i dette farvatnet med mange holmar og skjer og vanskelege straumtilhøve kan lett få katastrofale følgjer for naturmiljøet, også utanfor Hordaland. Konsekvensane kan verta forureining av sjø- og kystområde som kan m.a. føre til tilgrising av strender, skadar på natur, villfisks, sjøfugl og fiskeri- og havbruksnæringa.

Førebyggjande tiltak kan redusere risikoen for slike uhell. Mykje er gjort, til dømes opprusting av fyrlys og sjømerke, fartsrestriksjonar (maksimumsfart 10 knop), tankbåteskorte, losplikt på tankskip, radarfyr og trafikksentral på Fedje frå 1992. Men endå fleire tiltak må prøvast ut og setjast i verk. Døme på slike tiltak kan vere å innføre fartsreguleringar og særskilde korridorar for inn- og uttransport, utvide territorialgrensa (12 nautiske mil), byggje ventekaiar, sikre skikkeleg standard og vedlikehald på utstyr og skip og syte for skikkeleg kvalifikasjonar og kompetanse hos mannskapet.

Når oljesøl skjer, er det viktig å ha eit godt og trena beredskapsapparat med tilstrekkelege ressursar, som kan avgrense skadane i størst mogeleg grad. Samarbeid mellom statleg, interkommunal og privat oljevernberedskap er her avgjerande. Oppdatert informasjon om naturressursgrunnlaget langs kysten er viktig for å prioritere innsatsen riktig.

Utfordringar

Sikre at farleiene er framkomelege

Tekniske installasjonar i sjø som kan kome i konflikt med sjøtransport, er ikkje ønskjeleg. All etablering må leggje til grunn at trafikken vil auke og føre til større fart, meir støy og bølgjer.

Kystverket krev at farleier vert markert i plankart som stipla (midt)liner. Avgrensa korridorar kan gje feil signal om at all trafikk går føre seg innanfor desse areala. Farleiene må ikkje på nokon måte oppfattast som tilrådingar om seglingskursar. Navigasjonsmessige tilhøve og tryggleiksvurderingar bestemmer kursen. Publikasjonen "Den norske los» er ei god kjelde for tilleggsinformasjon.

Tilstrekkelege seglingshøgder under bruer og luftspenn er eit tiltak for å sikre samanhengande transportkorridorar med kapasitet for større fartøy. Seglingshøgder har meir omfattande konsekvensar enn berre det faktum at skip ikkje kjem under. Til dømes viser det seg at 62 meter under Askøybrua kan verte eit problem for framtidig cruisetrafikk til Bergen. For låg seglingshøgd i Hardangerfjorden eller Langenuen kan også gje store konsekvensar for turistnæringa i regionen.

Manglande informasjon
Kommunane har per i dag ikkje tilgang på farleisinformasjon i elektronisk form. Restriksjonar som skal gjelde for andre interesser i og ved farleier, er lite kjend. Det manglar òg informasjon om andre viktige farleier som lokalleier, fiskerileier, småbåtleier osv. Til dømes er småbåtleier ofte ikkje avmerkte på dei kommunale plankarta, men kan likevel vere viktige i kommunale plansaker (til dømes Bjelkarøy-Lerøy-saka). Elles finst det andre spesielle navigasjonsrestriksjonar som er gjevne av Kystverket. Delar av Fensfjorden, Fedjeosen og Hjeltfjorden er avmerkte på sjøkartet og er regulerte av trafikkovervakingssentralen på Fedje i samband med Sture-Mongstad-terminalane.

Vurdering av eigna hamneområde
Auka skipstrafikk i norsk farvatn stiller store krav til farleisnett, infrastruktur og tenester. For at sjøtransporten skal fungere godt i høve til det landbaserte transportsystemet, er han avhengig av eit effektivt hamne- og terminalsystem og god tilknyting mellom hamnene og veg- og jernbanenettet. I tillegg til dei offentlege hamnene er det mange større og mindre private hamner. Manglar ved infrastrukturen for sjøtransport heng saman med arealbehov, tilkomstløysingar og tilrettelegging for containerar i hamnene. Med ei utvikling mot stadig større internasjonal samhandling og internasjonalt behov for gode hamnelokalitetar for omlagring av containerlast, bør Noreg vere føre var og ta debatten om internasjonale containerhamner på eit tidleg tidspunkt. På grunn av den generelle auken i containertrafikken bør Hordaland fylke vurdere eigna område for potensielle nye hamneutbyggingar. Hamneplanen for Bergen tek omsyn til planlegging av hamneområde. I denne planen er området Dokken-Nøstet viktigaste alternativet. Bergen og Omland Havnedistrikt er sentralinstans for avklaring av planar og innspel om framtidig bruk av hamneområde i distriktet. Avklaring av alternativ innseglingslei til Bergen er viktig for utviklinga av hamneområde.

Når det gjeld hamner for fiskefartøy, trengst det meir informasjon til kystfiskarar, kommunar og andre om kva område som har status som fiskerihamner. Det er difor planlagt å gje ut ein enkel brosjyre over statlege fiskerihamner i Hordaland. Dette arbeidet er viktig med tanke på to hovudmål: a) å gripe tak i og prioritere hamner av stor verdi og b) å vurdere ny bruk av hamner med låg eller ingen verdi for fiskeriføremål.

Tryggleik, forureining og etterbruk av hamner
Sjøtransport krev mindre investeringar frå samfunnet enn transport på land, bruker mindre areal og er lite ramma av ulukker. Likevel slit hamner og båttrafikk på miljøet. Hamnene bandlegg areal både på land, i strandsona og i sjøen. Fleire av dei større hamnene er forureina på grunn av tidlegare utslepp frå båttrafikken. Støy og lys kan òg vere eit problem. Sjøtransport inneber risiko for akutt forureining i samband med ulukker. Hamner kan vere i konflikt med busetnad og verneinteresser som natur- og kulturvern og friluftsliv. Det er behov for å greie ut berekraftig etterbruk av hamner/ fiskerihamner som vert omdisponerte.

Kablar, røyrleidningar og andre tekniske innretningar på sjøbotnen kan òg kome i konflikt med andre brukarinteresser, særleg innan fiskerisektoren. Kjende og ukjende kablar som ikkje er tilstrekkeleg nedgravne, kan skape problem i samband med oppankring og tråling.



Behov for opplagsplassar og vern av større ankringsplassar
Behovet for opplagsplassar for skip og plattformer kjem til å auke, og det er naudsynt å finne område som er eigna til slik bruk. Plattformer (til reparasjon) som vert oppankra i lengre tid, kan skape problem på sjø- og landareal. Det er ei utfordring for kommunane å sikre denne aktiviteten som ei viktig næring og sysselsetjing, samstundes som arealbruken må vere avklart med andre interesser. Dei store og viktige ankringsplassane må vernast og avmerkjast. Situasjonen i Fensfjorden med moringar og lastebøyer er eit døme på dette. Kystverket er i gang med kartfesting og prioritering av ankringsplassane.

4.9 Forsvaret

Definisjon og avgrensing

Styresmaktene har førebudd korleis dei ressursane samfunnet rår over, skal utnyttast til å verne landet i tilfelle beredskap og krig. Det systemet som er utvikla, vert kalla Totalforsvaret og omfattar det militære forsvaret og den sivile beredskapen.

Det militære forsvaret
Landforsvaret, med tildelte hær- og landheimevernsavdelingar skal overvake landområdet og sikre viktige objekt, Sjøforsvaret, med marinefartøy, kystartilleri, sjøheimevernsavdelingar og basar skal overvake sjøterritoriet og hindre fiendtlege angrep over sjø. Luftforsvaret, med kamp-, transport- og overvakingsfly, luftvern, Luftheimevern og basar overvakar luftrommet og hindre fiendtlege angrep gjennom lufta.

Hovudoppgåva til Forsvaret er å førebu seg best mogeleg til dei oppgåvene som må løysast ved beredskap og krig. Grensa mellom Landforsvaret og Sjøforsvaret går ved høgvasslina. Landmilitær sjef har koordineringsansvaret for Forsvaret.

I fredstid har Forsvaret redningsteneste og kystvakt som reint sivile oppgåver. Desse oppgåvene er det eigne redningshelikopter, kystvaktfartøy og maritime overvakingsfly som løyser. Dei står til dagleg under leiing av Forsvarskommandoen. I kritiske tilfelle kan andre einingar i Forsvaret få i oppdrag å vere med på å løyse desse oppgåvene. NOU 1996:8 omhandlar skytefelta Forsvaret har på land og i sjø og er ei viktig informasjonskjelde for arealplanlegginga.

Den sivile beredskapen
Fylkesmannen har ansvar for å koordinere all sivil offentleg og privat verksemd som er vesentleg for forsvaret av landet. I ein beredskapssituasjon har Fylkesmannen dessutan fullmakt til å leie utpeika etatar og verksemder.

Lovverk og forvaltning

Verksemda i Forsvaret er regulert av ei rekkje lover. I den daglege tenesta høyrer Forsvaret inn under det same lovverket som all anna verksemd i Noreg. I tillegg har sjefane for Forsvaret gjennom lov om forsvarshemmelighter rett og plikt til å verne visse verksemder, dokument, sambandssystem og anlegg mot spionasje.

Ved beredskap og krig får sjefane for Forsvaret utvida fullmakter som grip vesentleg inn i den normale verksemda i samfunnet. Eit godt samarbeid mellom militære og

sivile styresmakter i fredstid er ein føresetnad for ein smidig og effektiv overgang frå fredstid til krigstid.

Forsvaret sine interesser i planlegginga
Forsvarets bygningsteneste Region Sør- og Vestlandet (FBTSV) i Stavanger er kontaktorgan mellom sivile og militære forvaltningsetatar/brukande avdelingar. FBTSV forvaltar Forsvaret sine eigedomar, bygg og anlegg og er kontaktledd overfor kommunane og fylket i saker som høyer inn under plan- og bygningslova. FBTSV har informasjon om eigedomane, leigetilhøva og interesseområda til Forsvaret. Desse er lagra i databasen FIS/EBA.

Forsvaret som grunneigar og utbyggjar i bygg- anleggssektoren har omfattande interesser knytte til sivil oversiktsplanlegging/arealplanlegging og har etter lova både rett og plikt til å kome med innspel til sivilt planverk på alle nivå. Forsvaret sine interesser kryssar kommunegrensene og omfattar fleire departement. Det er difor naturleg å behandle interessene til Forsvaret på fylkesnivå.

PBL (§ 20-4, nr. 4) gjev høve til å setje av område for Forsvaret i arealadelen i kommuneplanen. Lova er eit sentralt verkemiddel for å ta hand om Forsvaret sine interesser i høve til andre brukarinteresser.

Beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen skal mellom anna sjå til at dei såkalla nøkkelpunkta/distriktsobjekta ikkje vert skadelidande ved utbygging og andre former for tiltak. Desse objekta er viktige i totalforsvarssamanhang, og opplysningane om dei er difor gradert materiale. I framtida kan det verte aktuelt å forsyne kommunane med ugradert geografisk informasjon. Informasjonen kan leggjast inn i AREALIS, slik at kommunane kan dra nytte av han i planarbeidet sitt.

Forsvaret kan reise motsegn mot kommunale planar dersom dei planlagde tiltaka kan kome i konflikt med totalforsvarsinteressene.

I Hordaland er det i dag to landmilitære regiment med operativt koordineringsansvar: Bergenhus regiment, som dekkjer dei ytre kommunane, og Fjordane regiment, som dekkjer dei indre. I framtida kjem dei til å verte erstatta av Vestlandet forsvarsdistrikt. Den sjømilitære verksemda vert kontrollert av Vestlandet sjøforsvarsdistrikt på Haakonsvern. Forsvarskommando Sør- Noreg i Stavanger har den overordna operative leiinga i sjøområda i Sør-Noreg.

Planfaglege spørsmål som gjeld Forsvaret sine interesser, skal rettast til Forsvarets bygningsteneste. Spørsmål som vedkjem sivile beredskapsinteresser, skal rettast til Beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen.

Forsvaret sine interesser
Topografien i kystsona gjer militære operasjonar kompliserte og krev nøye koordinering mellom forsvarsgreinene. Ei effektiv overvaking av kystsona må til dømes utførast ved koordinert innsats av einingar frå alle forsvarsgreinene.

Forsvaret er ein storbrukar av kystsona i Hordaland. Det er behov for areal til skyte- og øvingsfelt, seglingsleier, vente- og kamuflasjeposisjonar, prøvefelt for ulike



våpentypar, festningsanlegg, fort, kaiområde og faste område for landgangsfartøy. Kystvakta har òg ei viktig oppgåve i samband med forvaltninga av norske ressursar i havet.

Av omsyn til tryggleik og beredskap legg totalforsvarsinteressene visse avgrensingar på annan arealbruk i delar av kystsona. Dei viktigaste interesseområda til Forsvaret og graden av konflikt med sivile interesser er viste i tabellen under.

AREALBRUK	LOKALISERING	BRUKSFREKVENS	KONFLIKTGRAD
Forbodsområde i sjø	Bømlafjorden, Bjoafjorden, YtreHardangerfjorden, Selbjørnsfjorden, Hjeltefjorden 2)	Varierande	Varierande
Skytefelt/Sprengningsfelt	Felt END 202, 203, 204, 259 og Felt V11 og Felt V12, Stolmen		

Skytefelt og øvingsområde

Dei varierande aktivitetane i Forsvaret krev eit breitt spekter av skytefelt. Det er oppretta sju faste skytefelt på sjøen i Hordaland med ulik storleik, form og bruk. Informasjon om lokalisering og anna finst i NOU 1996:8 om Forsvarets skyte- og øvingsfelt og i Den norske los, Bergen-Stadt. I tillegg til dei faste skytefelta kan Forsvaret operere med mellombelse skytefelt. Forsvaret avtalar bruken av alle skytefelt med luftfartsstyresmaktene. Skarpskyting vert kunngjort etter faste prosedyrar og skal så langt som mogeleg ta omsyn til andre interesser i området. Ved skarpskyting vil det vere vaktbåt operativ på maritim VHF-kanal 16.

Sjøforvaret har til saman 34 faste øvingsområde som er registrerte med kartreferanse i Hordaland i LENKA-prosjektet. Det må av og til opprettast nye, mellombelse felt. Bruken av øvingsfelt er skiftande. Øving tyder ikkje alltid det same som skyting. Der det ikkje er snakk om skyteøvingar, er konfliktpotensialet mindre enn andre stader. Det er naudsynt for Sjøforsvaret å kjenne alle farvatn rundt heile kysten. Sjøforsvaret nyttar i tillegg heile kystfarvatnet til taktiske øvingar/manøvrering utan bruk av skarpe våpen. Ytre og nordlege delar av Sunnhordland er mest nytta som øvingsområde i den daglege treninga. Dei freistar å halde øvingar slik at det vert minst mogeleg konflikt med fiskeriinteresser, naturverninteresser, akvakultur og annan sivil aktivitet. Ubåtfelt er avmerkte på kart, men det er vert å leggje merke til at desse felta ikkje legg restriksjonar på annan bruk.

Frigjeving av militære område

Frigjeving av militære område går føre seg kontinuerleg. I Hordaland er det ikkje mange aktuelle område att å avhende, så dette arbeidet er meir eller mindre ein avslutta fase. Eit spesielt område som neppe vert frigjeve, er Skarvøy (Herdla-flaket), som ligg for nær militært område. Enkelte område kan også omdisponerast til annan bruk innan gjevne tidsperiodar.

Utfordringar

Sikringssoner kring militære område

Sikringssona rundt militære installasjonar/kystfort er på 200 meter. Det er ferdselsforbod i sona. Det er forbod mot å opphalde seg nær Forsvarets skytefelt i sjøen når

dei er i bruk. Skarpskyting og øvingar går føre seg i avgrensa tidsperiodar, og når skytefelta ikkje er i bruk av Forsvaret, kan dei nyttast til andre føremål.

Uklare grenser og mangelfull merking av sikringssonar rundt militære installasjonar og kystfort kan verte problem for lokale fiskarar. Skilt er plassert på land på staden men opplysninane er ikkje å finna på sjøkart. Mangelfull merking av buffersoner rundt militære område er eit problem for fiskarar og andre som ferdast i desse områda. Buffersona er ikkje avmerkt på sjøkartet.

Forsvaret har i fleire høve beslaglagt fiskereiskapar. Likevel meiner Forsvaret at det er eit godt tilhøve mellom Forsvaret og fiskarane. Ved å inngå lokale avtalar med den sjømilitære sjefen på staden kan ein unngå konfliktar. Eit døme er Herdlaflaket.

Nasjonal transportplan tek opp problemstillinga med ny farlei inn til Bergen gjennom Skjelangersundet. Skjelangersundet må i så fall sprengjast ut for å verte djupt nok. Sprengingsarbeid har ikkje noko å seie for verksemda i Forsvaret. Ny farlei i dette området kan gje nærliggjande fort ei viktigare rolle .

Sjømilitære interesser og oppdrettsnæringa

Næringsverksemd i øvingsområda til Forsvaret må vurderast i kvart einskilt høve. Sjøbasert militær aktivitet i område med oppdrettsnæring kan skape problem. Det er viktig å skilje mellom retten til ferdsel i farvatn og ansvaret oppdrettsnæringa har for at ustyret dei nyttar er solid nok. Forsvaret tek omsyn til område med kjende lokalitetar, men har ikkje erstatningsplikt for skadar på anlegg. I konsesjonsvilkåra er det eit krav at installasjonane skal tole vanleg ferdsel i leiene. Dette er ikkje noko stort problem, og samarbeidet mellom Forsvaret og oppdrettsnæringa går stort sett greitt.

Samarbeid mellom Forsvaret og sivile styresmakter

Forsvaret har rett og plikt til samarbeid med sivile planstyresmakter. Forsvarets bygningsteneste har eit godt samarbeid med kulturminneforvaltninga, mellom anna om kartlegging av verneverdige bygningar og anlegg i Forsvaret sitt kulturminneprosjekt. Høyringsfristen i plansaker er ofte for kort til at det kan gjennomførast ei fullgod sakshandsaming. Forsvaret ønskjer lengre fristar og betre grunnlagsmateriale for å handsame saker frå kommunane.

Forsvaret vernar i praksis område som er referansepunkt for naturmiljø. Mange område er inngjerda og berre i bruk eit par gonger i året og difor i praksis verna. Det finst ikkje oversikt over naturverdiar eller registreringar av biologisk mangfald på eigedomane til Forsvaret. Frigjevne område kan verte opna for ferdsel og dermed for aukande slitasje.



4.10 Skjelsandressursar

Definisjon og avgrensing

Skjelsand er eit viktig råstoff som i dag hovudsakleg vert nytta til landbruksføremål, men det kan også nyttast til hønsefôr, kalking av vassdrag, som strøsand, til badestrender, som fyllmiddel i asfalt og i betongindustrien. I tillegg kan skjelsand nyttast til å betre kvaliteten på drikkevatn og til brannhemmande bygningsplater.

Skjelsandførekomstane ligg for det meste langt ute på kysten der det er lite tilførsel av mineralsand og leire og samstundes nok bølgjeenergi til å knuse kalkskala frå daude marine organismar effektivt. Skjelsand finst på fleire vassdjup - i Bømlo frå 4 til 60 meter. Tjukkleiken på førekomstane varierer, men er sjeldan over 10-12 meter, med eit gjennomsnitt på 3-4 meter.

Data frå undersøkingar utført av "Norges geologiske undersøkelse" (NGU) i Sund kommune i 1999, syner at sjelsandførekomstane hadde vakse 1 cm på 20 år. Skjelsand vert difor å rekna som ein ikkje-fornybar ressurs.

Skjelsand er definert slik av NGU:

- Skjelsand/sikker skjelsand: Inneheld meir enn 85 % kalsiumkarbonat
- Urein skjelsand/mogeleg skjelsand: Inneheld 50-85 % kalsiumkarbonat

Lovverk og forvaltning

Skjelsanduttak er regulert av "Lov om vitenskapelig utforskning og undersøking av andre undersjøiske naturførekomstar enn petroleumsforekomster". Mynde til å gje konsesjon vart gitt fylkeskommunen i 1993. Forvaltninga har ikkje vore tilfredstillande og det er behov for forvaltningsreglar og utforming av politikk innan feltet.

Som grunnlag for dette arbeidet og som innspel til planarbeidet vart det difor skipa eit eige delprosjekt for skjelsand finansiert av Miljøverndepartementet. Det ligg føre rapport frå prosjektet. I rapporten er det føreslått viktige moment til utarbeiding av retningsliner for opptak av skjelsand i Hordaland.

M.a. vart det føreslått at det bør gjevast konsesjon på fleire område slik at opptakaren kan ha ein sikker tilgang på skjelsand og for å sikre eit meir balansert uttak. Felta bør ikkje reinskast for sand, men om lag 60 prosent av det totale volumet bør kunne takast opp. Opptaket skal ikkje skje på mindre enn fem meters djupne ved normalt lågvatn. Opptaksmengda bør vere fastsett i konsesjonsvilkåra. Har konsesjonssøkjaren hatt konsesjon tidlegare, vert rapportert opptaksmengd lagd til grunn for fastsetjinga av ny opptaksmengd.

I Danmark er det forbod mot opptak av sand og grus nærare enn 300 meter frå strandbeltet. I Noreg vert grensa ofte sett til 50-100 meter.

Plan- og bygningslova (§ 20-4, nr. 5) gjev høve til å setje av område for skjelsanduttak i arealdelen i kommuneplanen (opplistinga av brukarinteresse i lova er ikkje uttømmande). Lova er òg eit sentralt verkemiddel når det gjeld forvaltning og samordning av skjelsandinteressene i høve til andre brukarinteresser. I tillegg til konsesjon skal




skjelsandopptakk meldast etter reglane i plan- og bygningslova. (Sjå elles vedlegg 4 om handsaming av søknader)


Dersom uttaket omfattar 200 daa eller 2 mill m3 skal tiltaket konsekvensutgreiast etter KU-reglane i plan og bygningslova. I desse tilfella skal tiltaket meldast til Næringsdepartementet. Det er i følgje forskriftene omfattande høyringsplikt for slike tiltak. Mellom anna skal fiskeri- og oppdrettsinteresser, hamnemynde, miljøvern- og kulturminneinteressene, forsvaret takast med.

Skjelsandressursar

Av dei europeiske landa er det berre Noreg som har førekomstar av skjelsand med økonomisk verdi. Hordaland er det fylket som har flest konsesjonar for opptak av skjelsand. Per mai 1998 var det sju konsesjonar for opptak av skjelsand i Hordaland. Årlege skjelsandopptak per konsesjon i Hordaland har variert mellom 1 000 m3 og 25 000 m3.



NGU har kartlagt skjelsandførekomstane i Sveio, Sund, Austevoll, Bømlo, Fedje, Fjell, Radøy, Tysnes og Øygarden kommunar. Totalt er det berekna overlaget på 101,8 millionar tonn "sikker" skjelsand i Hordaland. Øygarden kommune har aleine nesten halvparten av dei "sikre" skjelsandførekomstane i fylket, med 20,5 millionar m3 "sikker" skjelsand. Hordaland fylkeskommune har digitalisert kartet frå NGU og formidla informasjonsgrunnlaget inn i AREALIS-prosjektet. Datasettet er etablert for bruk i GIS-verktøy og det er kopla eigenskapar i form av ei database til kartet. Resultat frå kartlegginga er vist i figuren under.





Utfordringar

Tilrettelegging for berekraftig og økonomisk forsvarleg uttak av skjelsand

Det må gjennom planlegging og forvaltning leggjast til rette for at skjelsandnæringa kan drive økonomisk forsvarleg. Det er behov for klarare strategiar for opptaksmengda av skjelsand, som er ein avgrensa lagerressurs. Det er i hovudsak to mogelege politiske val: å ta ut «alt på ein gong» og satse på eksport i stor skala eller å ta ut "litt etter litt", hovudsakleg til lokal/regional bruk (til dømes i landbruket).

Skjelsandopptakaren har behov for kontinuerleg opptak for leveranse til mellom anna landbruket. Fleire forsøksringar har rapportert at det ofte er mangel på skjelsand like før våronna. På den andre sida bør skjelsandopptakaren vere flinkare med å planleggje uttak. Opptak til visse tider kan vere ein føremålstenleg måte å unngå konfliktar på men det bør i utgangspunktet ikkje setjast forbod mot skjelsandopptak i alle områda samstundes. Det bør også nemnast i konsesjonsvilkåra om det er tillate med opptak etter at det har vorte mørkt og kva type opptaksmetode som skal nyttast (grabb/pumpe).

Konfliktar mellom skjelsanduttak og andre interesser

Uttak av skjelsand kjem på opptaksstaden i konflikt med andre interesser som gyteområde for fisk, fiske, fiskeoppdrett, naturvern, kulturvern, miljøvern og friluftsinteresser og dessutan med forsvarsinteresser. Særleg har reaksjonane frå fiskerihald vore sterke, og i dei seinare åra har det også vore kritsk haldning frå friluftsog miljøvernhald.

I utgangspunktet bør det vere lett å styre unna brukskonfliktar i høve til oppdrettsanlegg, låssetjingsområde, fiskeområde, båttrafikkområde, undersjøiske kablar, forsvarsinteresser, område som er verna til ulike føremål og friluftsområde. Dei meir skjulte arealkonfliktane, til dømes i høve til område for gyting og oppvekst for fisk, er dei vanskelegaste å ta stilling til. Det er stor semje om at skjelsanduttak har ein viss effekt på gyte- og oppvekstområde for fisk, men det er vanskeleg å skaffe dokumentasjon over omfanget. Dei langsiktige økologiske effektane av store uttak er ikkje godt nok undersøkt.

Behov for forvaltningsreglar og utforming av politikk og effektivisering av sakshandsaminga.

Det har i lang tid vore behov for å revurdere konsesjonsgjevinga for skjelsand. Søknadene om uttak av skjelsand har vore gjennom ein tidkrevjande og omfattande sakshandsamingsprosess. Dei ulike instansane har hatt problem med å gje konsesjonane ei heilskapleg og forsvarleg handsaming.

Vidare er det behov for å systematisere eksisterande konsesjonar og data om uttaksmengder i eit GIS-system for å effektivisere og kvalitetssikre sakshandsaminga.

Ulovleg grabbing, oppsyn og kontroll

Det har i periodar vore rapportert om ulovleg opptak av skjelsand i Hordaland. Vi har ikkje kjennskap til omfanget eller om det er noko stort problem. Hordaland fylkeskommune som konsesjonsstyresmakt har til no ikkje hatt rutinar for oppfølging og kontroll. Indre kystvakt kan vere ein aktuell samarbeidspart i den samanheng.

5 PLANPROSESSEN I KOMMUNANE

5.1 Krav til planprosess i plan- og bygningslova

Ein kystsoneplan er underlagd reglane i plan- og bygningslova om planprosess og planhandsaming. Desse reglane er grundig omtala i Miljøverndepartementet si rettleiing for arealdelen av kommuneplanen (T-1225).

Det følgjande kapitla set fokus på viktige punkt når det gjeld oppfølging av krava i lova, spesielt organiseringa av planprosessen. Ei god organisering basert på ope samarbeid og lokal deltaking er sjølve fundamentet i planen og heilt avgjerande for gjennomføring og oppfølging.

5.2 Føremål og arbeidsprogram

Når ein set i gang ein kystsoneplanprosess, må føremålet med planen vere klart definert og konkretisert. Ein kystsoneplan kan omfatte ulike tema avhengig av føresetnader og prioriteringar i kommunen. Ein kystsoneplan vil difor vere ulik frå kommune til kommune avhengig av til dømes topografi, natur, næringsstruktur og busetnad. Det er der ein ser arealkonfliktar og konkurrerande bruksinteresser at behovet for planlegging er størst.

Ein bør sikre at planarbeidet er realistisk i høve til dei ressursane som kommunen rår over. Ein bør og sikre felles forståing av og forventningar til resultatet av planprosessen. Det vil ofte vere praktisk å definere arbeidet som eit prosjekt med ein arbeidsplan og milestolpar for gjennomføringa.

Eit viktig spørsmål er om kommunen bør samarbeide med ein eller fleire av nabokommunane gjennom regionråda. Interkommunalt samarbeid kan gje betre utnytting av ressursane i kvar einskild kommune og styrkje samordninga av planlegginga over kommunegrensene.

5.3 Organisering av planprosessen

Styringsgruppe

Ved organiseringa vil det vere praktisk å skilje styringsansvaret frå sjølve gjennomføringa av prosessen. Styringsgruppe vil som regel vere det politiske utvalet i kommunen som har planansvar, eller eit underutval med mandat frå dette utvalet. Styringsgruppa skal leggje dei naudsynte strategiske føringane på prosessen.

Prosjektleiing - arbeidsgruppe

For gjennomføring av planprosessen vil det vere tenleg å peike ut ein prosjektleiar og ei arbeidsgruppe som er ansvarleg for oppfølging av dei vedtaka som styringsgruppa gjer. Aktuelle deltakarar kan vere teknisk sjef, kommuneplanleggjar, miljøvernleiar,



fiskerirettleiar og kulturkonsulent. Andre kan delta avhengig av kva for interesser og område kystsoneplanen skal dekkje.

Referansegruppe

Prosjektleiinga vil ha behov for å involvere fleire deltakarar, både lokalt og regionalt. Dette kan gjerast gjennom å opprette referansegruppe(r). Referansegruppa/-gruppene kan greie ut enkelte problemstillingar og sørgje for tilstrekkeleg breidd i prosessen ved at aktuelle interesser som skal handsamast i planen, kjem fram med sitt syn. Referansegrupper kan også nyttast for å avklare konfliktar som oppstår i prosessen. Aktuelle deltakarar vil til dømes vere lokale lag og foreiningar, fiskarlag, oppdrettarlag, distriktsveterinær, næringsorganisasjonar, miljøvernorganisasjonar. For handsaming av enkelte tema vil det også vere aktuelt å få med regionale aktørar som Forsvaret, Kystverket, Fylkesmannen, fylkeskommunen og eventuelt nabokommunar.

Aktuelle interesser må kome til orde i løpet av prosessen. I tillegg til dei vi alt har nemnt, kan det til dømes vere landbruk, hyttebygging, vegbygging og kraftutbygging. Dersom slike interesser er med i planen, må dei handsamast på lik line gjennom deltaking og medverknad. Born og unge kan også utgjere ein viktig ressurs i lokale planprosessar og kan med fordel takast med i kystsoneplanlegging, til dømes i innsamling av opplysningar frå nærmiljøet og i kartlegging av lokale badeplassar, leikeområde og fritidsfiskeplassar.

Andre deltakarar

Enkelte regionale statsetatar, Forsvaret og andre regionale interesser kan også involverast gjennom skriftlege høyringar undervegs der problemstillingar og aktuelle spørsmål vert presenterte. Etablerte organ for regionalt samarbeid kan på same måte inviterast til å kome med innspel til problemstillingar i planen. Døme på slike er ordførargrupper, regionråd, planforum og liknande.

Medverknad frå publikum

Det må leggjast vekt på aktiv medverknad frå publikum. Vanlege metodar er bruk av lokalpressa, folkemøte og såkalla ope-kontor-dagar, der ein inviterer publikum for å utveksle informasjon og kome med innspel til planarbeidet. Det krev god førebuing og at ein set fokus på problemstillingar som fangar interessa og gjev grunnlag for debatt. Det finst også andre teknikkar for å involvere lokalbefolkninga i planlegginga, til dømes den såkalla arbeidsbokmetoden, der publikum vert trekt direkte med i utforminga av planen. Dette vil krevje ein kompetent prosessleiar som har naudsynt kunnskap og røynsle. Aktiv medverknad er ein viktig premiss i arbeidet med Lokal Agenda 21.



Del 2

PLANDEL

Mål, retningsliner og tiltak



6 INNLEIING

Plandelen inneheld mål, retningsliner og tiltak for utvikling av kystsona i Hordaland.

Som ein del av tiltakspakken for å hindre nedbygging av strandområde med utbyggingspress har Miljøverndepartementet bestemt at tilhøva i Hordaland skal handterast gjennom ein fylkesdelplan for kystsona. I planen er det difor utarbeidd eit eige kapittel for strandsoneforvaltninga i Hordaland.

Retningslinene er utarbeidde med heimel i plan- og bygningslova § 19-1. Retningslinene skal leggjast til grunn for kommunal og fylkeskommunal planlegging og sakshandsaming og skal vere retningsgjevande for statleg planlegging.

Handlingsplanen definerer tiltak og oppfølging av planen. Tiltaka gjeld særleg oppfølging frå det regionale nivået i samarbeid med kommunane, organisasjonar, forskingsmiljø og næringslivet.

7 OVERORDNA MÅL, RETNINGSLINER OG TILTAK

Overordna mål

Kystsona i Hordaland skal nyttast i balanse mellom bruk og vern av areal- og naturressursar og medverke til ei berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Utviklinga skal skje ved langsiktig planlegging, basert på kunnskap og samarbeid.

Overordna retningsliner

7.1 Areal- og ressursforvaltninga skal vere differensiert og ta omsyn til at situasjonen er ulik for område med arealpress og område med store areal og lite press.

7.2 Viktige og eigna areal for næringsaktivitet skal kunne takast i bruk for å auke verdiskapinga i kystsona.

7.3 Det skal leggjast til rette for utvikling av havbruksnæringa med vekt på å få til ei positiv utvikling i distrikta, konkurransedyktig næring og variert produksjon.

7.4 I kyst- og sjøområda skal ureining som kan ha negativ verknad på helse, miljø, fiskeri- og havbruksnæringa hindrast.

7.5 Økonomisering med areal, fortetting og best mogeleg utnytting av eksisterande infrastruktur skal vere grunnleggjande prinsipp når det gjeld byggjetiltak i kystsona.

7.6 Det skal leggjast til rette for auka sjøtransport.

7.7 For å sikre allemannsretten og hindre nedbygging i kystområda skal det setjast skjerpa plankrav og handhevast ein streng dispensasjonspraksis i strandsona.

7.8 Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld ressursar, brukstilhøve og verknader i kystsona skal styrkjast.

7.9 Det skal utviklast betre og meir effektive rutinar for informasjonsutveksling, samarbeid og sakshandsaming mellom ulike forvaltningsnivå og sektorstyresmakter på fylkesnivå.

7.10 Kystsona skal forvaltast gjennom kommuneplanlegging for sjøområda.

8 MÅL, RETNINGSLINER OG TILTAK FOR SENTRALE INTERESSER I KYSTSONA

8.1 Havbruk

Mål

Hordaland skal halde oppe posisjonen som det leiande havbruksfylket i Noreg. Det skal satsast på berekraftig vekst der det vert lagt vekt på miljøvenleg produksjon, overvaking, kontroll og kunnskap.

Retningsliner

8.1.1 Dei best eigna områda til produksjon av ulike oppdrettsartar skal registrerast og sikrast i planar for sjøareal i kommunen.

8.1.2 Det skal leggjast vekt på å redusere konfliktar med andre interesser ved å satse på samlokalisering, optimal plassering og god utforming/estetikk og dessutan på redusert utslepp og kontroll med kjemikal og lækjemiddel.

8.1.3 Det må satsast på å halde nede lakselus og hindre rømming av oppdrettslaks for å redusere trugsmål mot villaksstammene.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Havbruk	Ansvar
8.1.1	Utvikle kriterium for optimal lokalisering av havbruksanlegg for ulike oppdrettsartar og gjennomføre ein "kystsoneanalyse" på grunnlag av dette. Kartlegging av vassressursar og overskotsvarme frå industrianlegg som kan nyttast til havbruk.	Fylkeskommunen Fiskeridirektoratet Fylkesmannen
8.1.2	Hindre rømming av oppdrettslaks. Auke kunnskapen om spreiing av lakselus og utvikle betre metodar for å hindre skadeverknader av lakselus på villlaks.	Fiskeridirektoratet Fylkesmannen
8.1.3	Overvake miljøkvaliteten i fjordsystema (miljøgifter, næringssalt, giftalgar).	Fylkesmannen
8.1.4	Vurdere konfliktpotensialet mellom ulike driftstypar innan havbruk i høve til friluftsliv i sjøområda og differensiert bruk av brukskategorien "akvakultur" i arealplanar til sjøs.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Fiskeridirektoratet



8.2 Fiskeri

Mål

Produktiviteten i kystområda skal haldast ved lag og forvaltast i eit langsiktig perspektiv som grunnlag for ei lønsam og konkurransedyktig fiskerinæring. Viktige fiske- og ressursområde for fiskarar frå fylket og frå andre distrikt skal sikrast.

Retningsliner

8.2.1 Viktige gyte- og oppvekstområde, fiskefelt og kaste- og låssetjingsplassar skal sikrast mot skadelege inngrep og forureining.

8.2.2 Registrerte kaste- og låssetjingsplassar for brislingfiske i Hardangerfjorden skal ha prioritet framfor anna konkurrerande verksemd.

8.2.3 Fiske skal sidestillast med annan aktivitet i fleirbruksområde om det ikkje er påvist konfliktpotensial, eller når konfliktpotensialet ikkje er konkret vurdert.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Fiske	Ansvar
8.2.1	Utarbeide ressursoverslag over dei viktigaste artane for kystfiskeria.	Fiskeridirektoratet
8.2.2	Ta initiativ til eit eige registrerings- og revisjonsprosjekt for fiskerirelaterte tema knytt opp mot geodatabasen "AREALIS".	Fiskeridirektoratet

8.3 Skjelsandressursar

Mål

Det skal leggjast til rette for berekraftig opptak av skjelsand gjennom planlegging, konsesjonshandsaming og kontroll.

Retningsliner

8.3.1 Det skal gjerast ei konkret planmessig vurdering av areal for skjelsandopptak i samband med kommuneplanarbeidet i kvar einskild kommune.

8.3.2. Skjelsandopptak skal prioriterast i område med tilstrekkelege skjelsandressursar og små konfliktar med andre interesser. Uttaket skal ikkje skade eller øydeleggje marine kulturminne som ikkje er frigjevne.

8.3.3 Skjelsandopptak skal ikkje skje i nærleiken av fiskeoppdrettsanlegg eller der det vert dyrka skjel på sjøbotnen. Det skal vere minimum 100 meter frå område for skjelsandopptak til sikra natur- og friluftsområde.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Skjelsand	Ansvar
8.3.1	Utarbeide retningsliner for korleis fylkeskommunen skal handsame skjelsandkonsesjonar.	Fylkeskommunen
8.3.2	Etablere samarbeid med til dømes Kystvakt om oppsyn med og kontroll av skjelsandkonsesjonane.	Fylkeskommunen
8.3.3	Ta initiativ til eit prosjekt for å skaffe fram kunnskap om langsiktige økologiske konsekvensar av skjelsanduttak og konsekvensar for ulike typar havbruk og fiske.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Fiskeridirektoratet

8.4 Samferdsel

Mål

Det skal leggjast til rette for auka sjøtransport der det er teke omsyn til sjøtrafikktryggleik og miljøtryggleik. Det skal arbeidast for gode miljøtilhøve i hamnene. Kabel- og røyrtrasear skal planleggjast slik at ein førebyggjer konfliktar med andre brukarinteresser.

Retningsliner

8.4.1 Dei viktigaste farleiene og Kystverket sine retningsliner om restriksjonar for annan aktivitet i desse områda skal gå fram av kommunale arealplanar. Det skal takast omsyn til ferdsel på sjø ved utbygging i sjø og i samband med infrastrukturtiltak, til dømes seglingshøgd ved bygging av bruer.

8.4.2 Tilstrekkeleg areal til næringshamner, viktige fiskerihamner, nasjonale og regionale hamner, viktige ankringsplassar og opplagsplassar skal sikrast. Knutepunkt for overgangar land-sjø skal sikrast for integrering av sjøtransport i det totale transportmønsteret.

8.4.3 Eigna trasear for røyr og kablar i sjø skal vurderast i arealplanar. Røyr- og kabeltrasear skal ikkje planleggjast i nasjonalt eller regionalt viktige fiskeområde, i ankringsområde eller i prioriterte område for kulturminne, havbruk eller skjelsandopptak.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Samferdsel	Ansvar
8.4.1	Utarbeide oversyn over farleier, hamneanlegg og mogeleg hamneutbygging og sjøverts ferdsel i framtida.	Kystverket Fylkeskommunen
8.4.2	Kartleggje eigna område for kabeltrasear i Hordaland.	Fylkeskommunen Kystverket Fiskeridirektoratet Nabofylka



8.5 Forsvaret

Mål

Sivil og militær arealforvaltning skal samordnast. Totalforsvaret skal sikrast naudsynt areal i kystsona. Det skal leggjast til rette for sambruk/fleirbruk av areal og ressursar som høyrer til Forsvaret.

Retningsliner

8.5.1 Eigedomane og interesseområda til Forsvaret skal i størst mogeleg grad integrerast i kommunale arealplanar.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Forsvaret	Ansvar
8.5.1	Auke bruken av Kystvakten i overvakinga av aktivitet i sjøområde.	Forsvaret Fylkesmannen
8.5.2	Kartfeste eigedomane og interesseområda til Forsvaret så langt råd er, og leggje resultata til rette for kartdatabasen AREALIS. Samordne og gjere tilgjengeleg viktig informasjon om restriksjonar på ferdsel og avgrensing av buffersoner rundt sjømilitære installasjonar.	Forsvaret
8.5.3	Vurdere frigjevne militære område med omsyn til annan bruk	Forsvaret Fylkesmannen Fiskeridirektoratet
8.5.4	Kartleggje forsvarsområde som kan vere eigna til skjeldyrking. Kartleggje biologisk mangfald i forsvaret sine område	Forsvaret Fiskeridirektoratet Fylkeskommunen Fylkesmannen

8.6 Biologisk mangfald

Mål

Det biologiske mangfaldet i kystsona, produktiviteten i økosystema og større samanhengande urørte område skal sikrast.

Retningsliner

8.6.1 Ved irreversible inngrep i naturen skal ein vurdere effektar på miljø og biologisk mangfald. Ein bør unngå skadelege inngrep, oppsplitting og forureining i viktige naturtypar og biotopar[1] på sjø og land.

8.6.2 Regionalt viktige biotopar i kystsona som ikkje er verna etter naturvernlova, bør sikrast i kommunale arealplanar. I dei prioriterte verneverdige marine områda, til dømes Lurefjorden i Nordhordland og Lindåsosane i Lindås, skal det ikkje setjast i verk irreversible tiltak før vernestatusen er avklart.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Biologisk mangfald	Ansvar
8.6.1	Oppfølging av kommunale prosjekt for å kartleggje biologisk mangfald, med særleg vekt på kyst- og strandområde. Kartlegging av nøkkelbiotopar[1] i sjø, sjøfuglbestandar til ulike årstider, viktige reproduksjons- og næringsområde for skaldyr og identifisere eventuelle trugsmål.	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet Fylkeskommunen
8.6.2	Ta initiativ til dokumentasjon av miljøeffektar av utslepp av ballastvatn.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Fiskeridirektoratet
8.6.3	Samordne rollene og ansvaret Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet har for biologisk mangfald i sjøområde ved innspel til og handsaming av kommunale kystsoneplanar.	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet Fylkeskommunen

8.7 Landskap og kulturminne

Mål

Kystlandskapet med kulturmiljø og kulturminne skal sikrast og nyttast som kjelde til kunnskap og oppleving.

Retningsliner

8.7.1 Verdfulle kulturlandskap med tilknyting til kystrelaterte kulturminne og kulturmiljø skal registrerast og sikrast i kommunale planar.

8.7.2 Verneverdige kulturmiljø og automatisk freda[2] kulturminne skal ikkje omdisponerast utan planvurdering. (I føresegner til kommuneplanen kan kommunen fastsetje at tiltak nærare enn til dømes 100 meter frå automatisk freda kulturminne skal ha godkjenning frå fylkeskommunen.)

8.7.3 Verdfulle kulturmiljø skal som hovudregel prioriterast føre friluftsliv og båtferdsel med tilhøyrande anlegg.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Kulturlandskap og kulturminne	Ansvar
8.7.1	Gjennomføre registrering og verdsetjing av lokalt viktige og representative landskap og kulturmiljø, medrekna kulturminnemiljø med tilknyting til båtbyggjartradisjonar.	Fylkeskommunen
8.7.2	Utarbeide ei rettleiing om byggjeskikk og landskapsskjøtsel i kystsona.	Fylkeskommunen Fylkesmannen
8.7.3	Etablere betre rutinar for rapportering av marine kulturminne mellom Kystdirektoratet, hamnestyra, fylkeskommunen og sjøfartsmuseet.	Kystdirektoratet Fylkeskommunen



8.8 Friluftsliv

Mål

Allemannsretten og tilgjenget til eigna friluftsområde langs kysten skal sikrast både for lokalt busette og for tilreisande. Det skal leggjast vekt på å førebyggje konfliktar mellom friluftsliv og næringsinteresser. Miljøvenleg friluftsliv skal prioriterast.

Retningsliner

8.8.1 Viktige areal for friluftsliv i kystsona skal sikrast. Det tilhøyrande sjøarealet utanfor sikra friluftsområde på land skal avsetjast til friluftsføremål.

8.8.2 Privatisering av 100-metersbeltet langs sjøen skal reduserast for å sikre ålmenta tilgang til strandsona og sjøområda. Utvikling av allment friluftsliv skal prioriterast føre utvikling av private fritidseigedomar. Ulovlege tiltak og stengsel i strandsona skal fjernast.

8.8.3 Område som kan nyttast til friluftsliv ved sjø i bustadområde, bør sikrast gjennom regulering, kjøp eller varig bruksavtale.

8.8.4 Naturbasert friluftsliv utan sterk tilrettelegging, kostbart utstyr eller bruk av motoriserte framkomstmiddel skal prioriterast i arealforvaltninga. På sjøen bør friluftslivet likevel inkludere fritidsbåttrafikk der naturopplevinga er viktig.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Friluftsliv	Ansvar
8.8.1	Finne løysingar på prinsipielle problem som gjeld forvaltning av område for friluftsliv i høve til område for havbruk i sjøområda.	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet
8.8.2	Kartleggje og prioritere sjønære område av verdi for friluftslivet.	Fylkeskommunen Fylkesmannen
8.8.3	Arbeide for at viktige areal for friluftsliv i kystsona vert sikra.	Fylkeskommunen Fylkesmannen (i samarbeid med kommunane og friluftsråda)

1 **nøkkelbiotopar:** Til dømes naturtypar som er sjeldne, spesielt sårbare eller truga; område med viktig biologisk funksjon; spesielt artsrike område; leveområde for raudlisteartar; viktige næringsområde for sjøfugl og samanhengande areal på land og i grunne sjøområde som er tilnærma urørte av tekniske inngrep, til dømes fuglekoloniar utanfor dei etablerte verneområda, havstrandslokalitetar, større lyngheiområde, hasselskog og verdfulle marine gyte-, oppvekst- og leveområde

2 **automatisk freda:** Kulturminne frå oldtid og mellomalder inntil år 1537 (§ 4) og skipsfunn som er meir enn 100 år gamle

9 MÅL, RETNINGSLINER OG TILTAK FOR STRANDSONEFORVALTINGA

Kyst- og strandstrekningar, skjergarden med holmar og skjer og sjønære landområde har økologisk viktige funksjonar, er attraktive for friluftsliv og har landskapskvalitetar og kulturminneinteresser. Desse kvalitetane gjer at strandsona må definerast som ein regional verdi. Dei same områda er viktige for busetjing og kystbasert næring og er utsette for byggjepress.

Mål og retningsliner for standsoneforvaltninga uttrykkjer den regionale politikken for forvaltning av strandsona i Hordaland. Retningslinene skal medverke til å hindre at dei ubygde og verdfulle partia av kysten vert nedbygde og avstengde for ålmenta for all framtid. Samstundes skal regionen kunne utvikle seg vidare med omsyn til busetjing, næringsverksemd og økonomi. Retningslinene tek utgangspunkt i eksisterande heimlar i plan- og bygningslova og gjev føringar på kva slags arealbruks-kategoriar og føresegner som bør nyttast i strandsona.

Mål

- Verdiane i strandsona skal forvaltast i eit langsiktig perspektiv til beste for innbyggjarane og miljøet.
- Kommunane skal handheve ein streng plan- og dispensasjonspraksis i strandsona.
- Kommuneplanane skal utformast på ein presis måte med særleg fokus på ei differensiert og lokalt tilpassa strandsoneforvaltning.
- Utbygging i strandsona skal i hovudsak skje i byggjeområde, slik at strandsona elles vert skjerma.
- Byggjeområde nær sjø skal i hovudsaka planleggjast med omsyn til natur og landskap. Det skal leggjast vekt på tilgjenge til sjø og høve til ferdsel langs sjøen.
- Det skal vere eit klart skilje mellom byggjeområde og areal som ikkje skal byggjast ut i strandsona.

Retningsliner

1 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i strandsona

9.1 I kommuneplanen skal strandsona som hovudregel avmerkjast som LNF-område på plankartet eller som bandlagde område.

9.2 I LNF-områda i strandsona skal bygging ikkje tillatast utanom i samband med tradisjonelt landbruk og fiske og havbruk knytt til gardsdrifta.

9.3 Areal innanfor LNF-områda som er avsett til spreidd utbygging, skal som hovudregel ikkje lokaliserast i 100-metersbeltet eller i areal definert som " funksjonell strandsone"[3] .

3 Område som står i direkte samspel med sjø med omsyn til økologi, landskapog/eller bruk.

2 Byggjeområde i strandsona

9.4 Kommunane skal som hovudregel merkje av område med eksisterande og planlagd utbygging i strandsona som byggjeområde i kommuneplanen.

9.5 Det skal stillast plankrav til nye byggjeområde.

9.6 I byggjeområda skal den funksjonelle strandsona, område for friluftsliv og leik, naturelement og samanhengande grøntstrukturar takast vare på og



synleggjerast gjennom føresegner i kommuneplan eller detaljplan.

9.7 Korridorar mellom strandområde og friluftsområde innanfor bør oppretthaldast og vidareutviklast i byggjeområda.

9.8 Byggjeområda skal som hovudregel planleggjast slik at det vert mogeleg med ferdsel langs stranda, og det bør setjast ei byggjegrense mot sjø.

9.9 I byggjeområda bør bryggjeanlegg, kaiar, båthamner og naust innanfor bustad- og hytteområdet planleggjast som fellesområde slik at minst mogeleg av strandarealet vert bandlagt, og slik at strandarealet ikkje vert privatisert.

9.10 Strandområde eigna til rekreasjonsbruk innanfor byggjeområda (til dømes badeplassar og plassar for fritidsfiske og leik) og kulturminne skal ikkje rørast.

Oppfølging og tiltak

Tiltak	Strandsoneforvaltning	Ansvar
9.1	Det skal utarbeidast rettleiingsmateriell til hjelp i det kommunale arbeidet med differensiert strandsoneforvaltning i kommuneplanane.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
9.2	Det skal leggjast vekt på informasjon om strandsoneproblematikken (til dømes tilhøva mellom dei ulike særlovene, PBL og friluftslova) når det vert halde kurs/seminar.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
9.3	Det skal gjennomførast arealkartlegging med fokus på verdiar i strandsona i samsvar med tiltak i fylkesplanen "Arealplan for Hordaland" og elles i samsvar med denne planen. Utviklinga skal rapporterast årleg.	Fylkeskommunen

10 SAMLA OVERSIKT OVER TILTAK

Tiltak	Havbruk	Ansvar
3.1.1	Utvikle kriterium for optimal lokalisering av havbruksanlegg for ulike oppdrettsartar og gjennomføre ein "kystsoneanalyse" på grunnlag av dette. Kartlegging av vassressursar og overskotsvarme frå industrianlegg som kan nyttast til havbruk.	Fylkeskommunen Fiskeridirektoratet Fylkesmannen
3.1.2	Hindre rømming av oppdrettslaks. Auke kunnskapen om spreiing av lakselus og utvikle betre metodar for å hindre skadeverknader av lakselus på villaks.	Fiskeridirektoratet Fylkesmannen
3.1.3	Overvake miljøkvaliteten i fjordsystema (miljøgifter, næringssalt, giftalgar).	Fylkesmannen
3.1.4	Vurdere konfliktpotensialet mellom ulike driftstypar innan havbruk i høve til friluftsliv i sjøområda og differensiert bruk av brukskategorien "Akvakultur" i arealplanar på sjø.	Fylkeskommunen Fylkesmannen Fiskeridirektoratet
Tiltak	**Fiske**	**Ansvar**
3.2.1	Utarbeide ressursoverslag over dei viktigaste artane for kystfiskeria.	Fiskeridirektoratet
3.2.2	Ta initiativ til eit eige registrerings- og revisjonsprosjekt for fiskerirelaterte tema knytt opp mot geodatabasen "AREALIS".	Fiskeridirektoratet
Tiltak	**Skjelsand**	**Ansvar**
3.3.1	Utarbeide retningsliner for korleis fylkeskommunen skal handsame skjelsandkonsesjonar.	Fylkeskommunen
3.3.2	Etablere samarbeid med til dømes Kystvakten om oppsyn med og kontroll av skjelsandkonsesjonane.	Fylkeskommunen
3.3.3	Ta initiativ til eit prosjekt for å skaffe fram kunnskap om langsiktige økologiske konsekvensar av skjelsanduttak og konsekvensar for ulike typar havbruk og fiske.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Fiskeridirektoratet
Tiltak	**Samferdsel**	**Ansvar**
3.4.1	Utarbeide oversyn over farleier, hamneanlegg og framtidige behov og vilkår for hamneutbygging og sjøverts ferdsel.	Kystverket Fylkeskommunen
3.4.2	Kartleggje eigna område for kabeltrasear i Hordaland.	Fylkeskommunen Kystverket Fiskeridirektoratet Nabofylka



Tiltak	Forsvaret	Ansvar
3.5.1	Auke bruken av Kystvakten i overvaking av aktivitet i sjøområde.	Forsvaret Fylkesmannen
3.5.2	Kartfeste eigedomane og interesseområda til Forsvaret så langt råd er og leggje resultata til rette for geodatabasen AREALIS. Samordne og gjere tilgjengeleg viktig informasjon om restriksjonar på ferdsel og avgrensing av buffersoner rundt sjømilitære installasjonar.	Forsvaret
Tiltak	**Biologisk mangfald**	**Ansvar**
3.6.1	Oppfølging av kommunale prosjekt for å kartleggje biologisk mangfald med særleg vekt på kyst- og strandområde. Kartlegging av nøkkelbiotopar i sjø, sjøfuglbestandar til ulike årstider, viktige reproduksjons- og næringsområde for skaldyr og identifisere eventuelle trugsmål.	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet Fylkeskommunen
3.6.2	Ta initiativ til dokumentasjon av miljøeffektar av utslepp av ballastvatn.	Fylkesmannen Fylkeskommunen Fiskeridirektoratet
3.6.3	Samordne rollene og ansvaret Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet har for biologisk mangfald i sjø ved innspel til og handsaming av kommunale kystsoneplanar.	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet Fylkeskommunen
Tiltak	**Kulturlandskap og kulturminne**	**Ansvar**
3.7.1	Gjennomføre registrering og verdsetjing av lokalt viktige og representa tive landskap og kulturmiljø, medrekna kulturminnemiljø med tilknyting til båtbyggjartradisjonar.	Fylkeskommunen
3.7.2	Utarbeide ei rettleiing om byggjeskikk og landskapsskjøtsel i kystsona.	Fylkeskommunen Fylkesmannen
3.7.3	Etablere betre rutinar for rapportering av marine kulturminne mellom Kystdirektoratet, hamnestyra, fylkeskommunen og sjøfartsmuseet.	Kystdirektoratet Fylkeskommunen
Tiltak	**Friluftsliv**	**Ansvar**
3.8.1	Finne løysingar på prinsipielle problem som gjeld forvaltning av område for friluftsliv i høve til område for havbruk i sjøområda.	Fylkesmannen Fiskeridirektoratet
3.8.2	Kartleggje og prioritere sjønære område av verdi for friluftslivet.	Fylkeskommunen Fylkesmannen
3.8.3	Arbeide for at viktige areal for friluftsliv i kystsona vert sikra.	Fylkeskommunen Fylkesmannen (i samarbeid med kommunane og friluftsråda)

Tiltak	Strandsoneforvaltning	Ansvar
4.1	Det skal utarbeidast rettleiingsmateriell som grunnlag for det kommunale arbeidet med differensiert strandsoneforvaltning i kommuneplanane.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
4.2	Det skal leggjast vekt på informasjon om strandsoneproblematikken (til dømes tilhøvet mellom dei ulike særlovene, PBL og friluftslova) når det vert halde kurs/seminar.	Fylkesmannen Fylkeskommunen
4.3	Arealkartlegging med fokus på verdiar i strandsona skal gjennomførast i samsvar med tiltak i fylkesplanen "Arealplan for Hordaland" og elles i samsvar med denne planen. Utviklinga skal rapporterast årleg.	Fylkeskommunen



Del 3

VEDLEGG

Vedlegg 1. Kartdata

Tilgang til temakart er særs nyttig som støtte i kommunal planlegging. Geografiske kartdata er etablerte gjennom "Arealis"-samarbeidet. Informasjonen er digital og er difor eigna for bruk i geografiske informasjonssystem (GIS). I praksis tyder dette at kommunane kan gjere analysar for til dømes å vurdere temakart over inngrepsfrie område, bygg, fiske, havbruksområde, friluftsområde, skjelsand-område og anna opp mot kvarandre. I mange høve er det òg knytt databasar opp mot karta, slik at brukaren kan klassifisere interessa (til dømes sikre eller mogelege skjelsandressursar). Korkje teknisk eller økonomisk er det mogeleg å trykkje eller distribuere denne geografiske informasjonen som ein del av planen. Tabellen under gjev oversyn over datasett som er etablerte, og kvar informasjonen kan hentast. Fylkeskommunen legg opp til å vere ein aktiv støttespelar for kommunane i arbeidet med å formidle datasetta og ta dei i bruk.


DATASETT	TEMA	INNHALD
Kyst / vatn		Ankrings- og opplagsområde for petroleumsinstallasjonar Hordaland
		Ankringsområde for fartøy Hordaland
		Farleier Hordaland
		Gyteplassar Hordaland
		Kaste- og låssetjingsplassar Hordaland
		Marine kvartærgeologiske ressursar Hordaland
		Opplagsområde for fartøy Hordaland
		Potensielle oppdrettslokalitetar Hordaland
		Resipientundersøkingar i ferskvatn og sjø Hordaland
		Eigenskapstabell resipientundersøkingar ferskvatn og sjø Hordaland
		Tareførekomstar Hordaland
		Verna vassdrag Hordaland
		Viktige fiskeområde Hordaland
		Skjelsandførekomstar
		Vindenergi
Miljø		Forureina grunn Hordaland
		Kommunale utslepp til sjø Hordaland
		Område med kosthaldsråd Hordaland
Beredskap	Drikkevasskjelder	Drikkevasskjelder Stord
		Vatn tunneler drikkevant Stord
		Drikkevasskjelder Kvinnherad
		Drikkevasskjelder Lindås
		Eigenskapstabell drikkevasskjelder Lindås
Friluftsliv	Friluftsområde	Friluftsområde Hordaland
	Friluftsområde	Friluftsområde (punkt) Hordaland
	Idrettsanlegg	Idrettsanlegg (Kriss-register) Hordaland
	Idrettsanlegg	Eigenskapstabell idrettsanlegg Hordaland
	Stigar og løyper	Stigar og løyper Stord
	Friluftsliv	Eigenskapstabell friluftstema Lindås
	Stigar og løyper	Stigar og løyper Lindås
	Turområde	Turområde Lindås
	Parkeringsplassar	Parkeringsplassar Lindås
	Turmål	Turmål Lindås
	Turområde vassdrag	Turområde langs vassdrag Lindås

DATASETT	TEMA	INNHALD
Kultur	Automatisk freda kulturminne Fornminne	Bergen, Ølen, Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad, Ulvik, Granvin, Voss, Fusa, Os, Austevoll, Sund, Fjell, Vaksdal, Osterøy, Meland, Øygarden, Radøy, Lindås og Austrheim
	Nasjonalt verneverdige kulturlandskap	Nasjonalt verneverdige kulturlandskap Hordaland
	Andre kulturmiljø	Utmarksutnytting Kvinnherad
	Andre kulturmiljø	Eigenskapar utmarksutnytting Kvinnherad
	Andre lokale kulturminne	Tekniske og industrielle kulturminne Kvinnherad
		Eigenskapar for tekniske og industrielle kulturminne Kvinnherad
	Verneverdige bygningar og kulturmiljø	Bygningar sikra etter plan- og bygningslova Kvinnherad
		Andre kulturminne bygningar Lindås
	Andre kulturmiljø	Andre kulturmiljø – ikkje bygningar Lindås
		Eigenskapstabell kultur Lindås
Landbruk		Verneskoggrenser Hordaland
		Tiltaksplan landbruk Tysnes
		Tiltaksplan landbruk Os
		Tiltaksplan landbruk Meland
	Markslag	Bonitet 1:10 000 Lindås
Landskap	Landskapsområde	Landskapsregionar Hordaland
Natur		Andre verneområde Hordaland
		Andre viktige naturområde Hordaland
		Fredingsområde Hordaland
		Inngrepsfri natur Hordaland
		Landskapsvernområde Hordaland
		Nasjonalpark Hordaland
		Naturreservat Hordaland
		Naturreservat/landskapsvernområde Hordaland
		Punktdata frå naturbase verna områder Hordaland
		Hjort 1241
		Småvilt 1241
		Vilt 1241
		Vilt Sund
		Vilt Fjell
		Hjorte- og reinbeite Vaksdal, Modalen og Osterøy
		Hjortetrekk Vaksdal, Modalen og Osterøy
		Reinkalving Vaksdal, Modalen og Osterøy
		Reintrekk Vaksdal, Modalen og Osterøy
		Småvilt Vaksdal, Modalen og Osterøy
		Truga og sårbart vilt Vaksdal, Modalen og Osterøy
		Vilt Øygarden
Plandata	Reguleringsplanar	Reguleringsplanar Kvinnherad
	Arealdelen i kommuneplanen	Kommuneplan Vaksdal, Øygarden, Lindås, Bergen, Fusa, Samnanger, Os, Austevoll, Sund, Fjell, Askøy, Vaksdal og Osterøy

Meir informasjon om og tilgang til datasetta får du hos · Statens kartverk · Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga · Fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga · Fylkesmannen i Hordaland, beredskapsavdelinga · Fiskeridirektoratet, Region Hordaland · Hordaland fylkeskommune


Illustrasjon, Arealisdata kyst

Målestokk: 1: 150.000




Illustrasjon, Arealisdata kyst

Målestokk: 1: 150.000



Illustrasjon, Arealisdata
kultur, friluftsliv, verna vassdrag mm.

Målestokk: 1: 150.000



Illustrasjon, Arealisdata
kultur, friluftsliv, mm.

Målestokk: 1: 150.000



Vedlegg 2. Relevant litteratur

Bakgrunnsinformasjon for kystsoneplanlegging: lovverk, rundskriv og andre offentlege dokument opplista og sorterte etter tema. Lista er ikkje uttømmande.

Planlegging

- Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77
- Karnov kommenterte lover: Plan- og bygningslova, Karnovs forlag AS, Storgata 32, 0184 Oslo, Tlf.: 22 17 69 34, Faks: 22 17 69 33
- Forskrift om konsekvensutredninger av 13. desember 1996 (Miljøverndepartementet)
- Konsekvensutredninger etter plan- og bygningslova T-1173 og T-1/97 (Miljøverndepartementet)
- Rundskriv T-2/98 B frå MD, Nasjonale mål og interesser i fylkes- og kommuneplanleggjingen
- Rundskriv T-4/96 frå MD: Lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystsona
- Rundskriv T-5/95 frå MD: Retningslinjer for bruk av innsigelse etter plan- og bygningslova
- Veileder – Kommuneplanens arealdel, T-1225 frå MD
- Veileder – Reguleringsplan og bebyggelsesplan, T-1226 frå MD

Biologisk mangfald

- Lov om naturvern av 19.juni 1970 nr. 63
- Lov om viltet av 29. mai 1981 nr. 38
- Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992 nr. 47
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6
- Lov av om vassdragene 15. mars 1940 nr. 3
- Lov om vassdragsreguleringer (med endringslov av 19.juni 1992 nr.62) av 14.desember 1917 nr.17

Landskap og kultur

- Lov om kulturminner av 9. juni 1978
- Fylkeskart og detaljkart over område verna etter naturvernlova. (FMVA og kommunen)
- Naturbase (database) vil med tida vise oversikt over verna og verneverdige område m.m. (FMVA)
- Kart over inngrepsfrie naturområde i Norge (FMVA, DN)
- Landskapsregioner i Norge (FMVA)
- Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap i Hordaland (FMVA)

Friluftsliv

- Lov om friluftslivet av 28. juni 1957 nr. 16
- St. meld. nr. 40 (1986-87) Om friluftsliv
- St. meld. nr. 29 (1996-97) Regional planlegging og arealpolitikk
- St. meld. nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling
- Friluftsliv i nærmiljøet (1990). DN
- Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv. Håndbok. 1993-3-H. DN
- Fylkesdelplan for friluftsliv i Hordaland (HFK 1994)
- Handlingsplan for idrett og friluftsliv (HFK 1997)
- Oversyn over friluftsområde, vedlegg til handlingsprogram for friluftslivet i Hordaland (med båtutfartsområde) (HFK 1988)
- Vestkystparken
- Bergen og omland friluftsråd: Registreringar/driftsplanar
- Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd: Registreringar/driftsplanar
- Handlingsprogram for friluftslivet i Hordaland
- Statistikk frå småbåtregisteret.

Fiske og havbruk
- Lov om saltvannsfiske, med tilhørende forskrifter av 3. juni 1983 nr. 40
- Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15. mai 1992
- Lov om oppdrett av fisk og skalldyr m.v. av 14. juni 1985 med tilhørende forskrifter
- Lov om tiltak mot sykdom hos fisk og andre akvatiske dyr av 13. juni 1997 med tilhørende forskrifter
- Forskrift om munningsfredninger (Fylkesmannen i Hordaland)
- Forskrift om midlertidige sikringssoner

Samferdsel
- Lov av 8. juni 1984 nr. 51 om havner og farvann m.v. med tilhørende forskrifter.
- Lov 16. juni 1989 nr. 59 om lostjenesten m.v. med tilhørende forskrifter
- St. meld. nr. 46 om havner og infrastruktur for sjøtransport
- Fylkesdelplan fiskerihamn (1997)
- Havneplan for Bergen (1995)
- Statistikk for Bergen og omland havnedistrikt
- Fylkesdelplan for transport og utbyggingsmønster i Bergens-regionen (1993)
- Bergen - et knutepunkt i nasjonale og internasjonale transportkorridorer (1996)
- Kystverkets database over farleder
- Kommunale fiskerihamneplanar (til dømes Bømlo, Sund, Austevoll)
- Lokale planar for Sture, Mongstad og Sløvåg
- Elektroniske farleder (FARGIS)

Totalforsvaret
- Lov om forsvarshemmeligheter av 18. august 1914 nr. 3
- Myndighet til å fastsette forbudte områder, kgl. res. av 6. november 1914
- Lov om adgang til visse områder av 7. mars 1940 nr. 1
- Lov om bygging og sikring av drivstoffanlegg av 31. mars 1949 nr. 3
- Bestemmelser om grenser for krigshavnsområder, kgl.res. av 17. februar 1950
- Beredskapsloven av 15. desember 1950 nr. 7
- Rekvisisjonsloven av 29. juni 1951 nr. 19
- Forsynings- og beredskapstiltaksloven av 14. desember 1956 nr. 7
- Instruks for de offentlige tjenestemenn som plikter å hjelpe sjømilitære myndighet i oppsynet langs kysten, kgl.res. av 2. september 1983
- Energiloven av 29. juni 1990 nr. 50
- Sikkerhetsbestemmelser for kraftforsyningen, kronprinsreg.res. av 11. januar 1991
- Regler for fremmede krigsskips og militære luftfartøyers adgang til norsk territorium under fredsforhold, kgl.res. av 2. mai 1997
- Instruks for Forsvarets støtte til Politiet, kgl.res. av 13. februar 1998
- Kystfartsloven av 13. juni 1997 nr. 42
- Sikkerhersloven av 20. mars 1998 nr. 10

Skjelsandressursar
- Lov av 3. juli 1914 nr. 5 om erverv av kalksteinsforekomster
- Lov av 21. juni 1963 nr. 12 om andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster

Anna
- Miljøstatus i Norge (www.mistin.dep.no)
- Kartfesta informasjon gjennom AREALIS ved Statens kartverk
- Lov om konsesjon og om forkjøpsrett for det offentlige

Rettleiingsdokument og rundskriv kan tingast frå Statens forureiningstilsyn (SFT), Strømsveien 96, Postboks 8100 Dep, 0032 Oslo, Tlf.: 22 57 34 00, Faks: 22 67 67 06.

Vedlegg 3. Handsaming av søknad om oppdrettsløyve

Oppdrett av fisk og skaldyr må ha løyve/konsesjon etter oppdrettslova. Kommunen er med som høringsinstans og skal vurdere søknaden i høve til dei planane som gjeld for kyst/sjø-områda.

Forenkla saksgang for ordinære søknader om oppdrett

Søkjaren
– sender søknaden til Fiskeridirektoratet Region Hordaland
– får løyve/avslag etter fullført handsaming

Fiskeridirektoratet Region Hordaland
– registrerer søknaden
– får fråsegner etter høyring
– prioriterer søknadene i samsvar med oppdrettslova
– sender søknaden til
– kommunen
– fylkesmannen
– fylkesveterinæren
– Kystverket/Bergen og omland havnevesen
– avgjer søknaden etter oppdrettslova

Klageinstansar
– For vedtak etter foureiningslova: Statens forureiningstilsyn
– For vedtak etter fiskesjukdomslova: Statens dyrehelsetilsyn
– For vedtak etter fiskeoppdrettslova: Fiskeridirektoratet
– For vedtak etter hamnelova: Kystverket

Kommunen
– registrerer og offentleggjer søknaden med fire vekers frist
– handsamar søknaden i samsvar med gjeldande arealplanar etter plan- og bygningslova
– sender tilråding saman med innkomne høyringsfråsegner Fiskeridirektoratet Region Hordaland.

Fylkesmannen
– avgjer søknaden etter forureiningslova
– gjev fråsegn i høve til naturvern, friluftsliv, fiske og viltinteresser

Kystverket/Bergen og Omland Hamnevesen (BOH)*:
– avgjer søknaden etter hamnelova

Fylkesveterinæren
– avgjer søknaden etter fiskesjukdomslova

Vedlegg 4. Handsaming av søknader om konsesjon for opptak av skjelsand

Opptak av skjelsand må ha løyve/konsesjon etter lov av 21. juni 1963 nr. 12 om vitenskapleg utforsking og undersøking av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleum § 2, jf. kongeleg resolusjon av 19. mars 1982. Fylkeskommunen er konsesjonsstyresmakt.

Kommunen er med som høringsinstans og handsamar saka etter plan- og bygningslova og i høve til planar for kyst/sjø-områda

Forenkla saksgang for ordinære søknader om skjelsandopptak

Søkjaren
– sender søknaden til Hordaland fylkeskommune
– får løyve/avslag etter fullført handsaming

Hordaland fylkeskommune
– registrerer søknaden
– sender søknaden til
– kommunen der førekomsten ligg
– Fylkesmannen i Hordaland
– Kystverket/Bergen og omland havnevesen
– Fiskeridirektoratet
– Fylkesveterinæren i Hordaland og Sogn og Fjordane
– Bjørgvin teledistrikt
– Forsvartets bygningsteneste
– Bergen Sjøfartsmuseum, med kopi til kulturseksjonen
– får fråsegner etter høyring
– avgjer søknaden

Klageinstansar
– Næringsdepartementet
– Kystdirektoratet

Kommunen
– handsamar saka etter plan- og bygningslova og i høve til gjeldande arealplanar

Fylkesmannen
– gjev fråsegn i høve til naturvern, friluftsliv, fiske og viltinteresser

Kystverket/Bergen og Omland Hamnevesen (BOH)*:
– avgjer søknaden etter hamnelova

Fylkesveterinæren
– avgjer søknaden etter fiskesjukdomslova

Forsvaret
– handsamar søknaden i høve til gjeldande lovverk og Forsvaret sine interesser


GULEN
HØYANGER
SOGN OG FJORDANE
VIK
Stølsheimen
AUSTRHEIM
MASFJORDEN
MODALEN
Fedje
FEDJE
Austrheim
Masfjorden
Mo
Lindås
RADØY
VAKSDAL
AURLAND
Manger
LINDÅS
VOSS
Tjeldstø
MELAND
OSTERØY
Dale
Voss
ØYGARDEN
Alversund
Knarvik
Frekhaug
Steinstø
GRANVIN
ULVIK
Salhus
Lonevåg
ASKØY
Valestrandsfossen
Ulvik
Breistein
Vaksdal
HOL
FJELL
Yt Arna
Hausvik
Granvin
Kleppestø
Knarrevik
SAMNANGER
KVAM
Hardanger-
jøkulen
BERGEN
Espeland
Tysse
Ålvik
Eidfjord
BERGEN
Øystese
EIDFJORD
Nesttun
Norheimsund
Store Sotra
Skogsvåg
Hjellestad
Kinsarvik
Fana
Lofthus
Syfteland
Eikelandsosen
SUND
OS
Os
Jondal
ULLENSVANG
FUSA
Hardangerfjorden
JONDAL
Hardangervidda
nasjonalpark
NORE
OG
UVDAL
Storebø
AUSTEVOLL
BUSKE
RUD
KVINNHERAD
TYSNES
Tyssedal
Uggdalseidet
Odda
FITJAR
Rosendal
Hardanger-
vidda
Fitjar
Folgefonni
Stord
ODDA
Husnes
STORD
Rubbestadneset
Valen
Bremnes
Sunde
Sagvåg
Leirvik
Haukelifjell
Røldals-
fjellet
VINJE
BØMLO
ETNE
TELEMARK
Skånevik
Bømlo
SAUDA
Etne
SVEIO
ØLEN
Førde
Ølen
Sunnhordland
SULDAL
Langevåg
Sveio
VINDAFJORD
HAUGESUND
TYSVÆR
ROGALAND
Hordaland
0
50 km
STATENS KARTVERK
© Statens kartverk 1998



Billedinnovator: Stefan Christiansen

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gt. 5,
Postboks 7900,
5020 Bergen
Telefon 55 23 90 00

JUNI 2001

ISBN 82 - 91679 - 35 - 5